
RAPPORT NR. 80 | Marte Fanneløb Giskeødegård, Tobba Therkildsen Sudmann,
Lars Julius Halvorsen, Ingebjørg Træland Børsheim, Rita Agdal og Finn Ove
Båtevik

SAMARBEID OM INN PÅ TUNET

Utvikling av relasjonar for å legge til rette for alternative
velferdstenester

TITTEL	Samarbeid om Inn på tunet
FORFATTARAR	Marte Fanneløb Giskeødegård, Tobba Therkildsen Sudmann, Lars Julius Halvorsen, Ingebjørg Træland Børsheim, Rita Agdal og Finn Ove Båtevik
PROSJEKTLEIAR	Finn Ove Båtevik
RAPPORT NR.	80
SIDER	72
PROSJEKTNUMMER	17293
PROSJEKTTITTEL	Korleis jobbe betre saman om Inn på tunet-tilbod?
OPPDRAKSGIVAR	Regionalt forskingsfond Vestlandet
ANSVARLEG UTGIVAR	Møreforskning
ISSN	
ISBN	ISBN 978-82-7692-355-1
DISTRIBUSJON	Open
NØKKEWORD	Kommunal tenesteproduksjon Kjøp av velferdstenester Utviklingsarbeid Næringsutvikling Deltakarerfaringar

SAMMENDRAG

Inn på tunet blir sett på som ei ordning som eignar seg som eit supplement til meir standardiserte kommunale velferdstenester. Ordninga gir rom for skreddarsaum, og eignar seg for situasjonar og for personar som treng eit anna velferdstilbod enn det kommunane vanlegvis er i stand til å gi sjølve. Vurdert ut frå det behovet som er for personleg tilpassa velferdstenester, er marknaden for tenestene til stades.

Ordninga er prega av mange entusiastar og eldsjeler som både talar varmt om potensiale i Inn på tunet og som arbeider for å utvikle slike tilbod. Samstundes er det krevjande å etablere ordningar for å kunne ta i bruk og vedlikehalde Inn på tunet-ordninga. Mykje av desse utfordringane ligg i kommunal sektor, i samarbeidsrelasjonane internt i kommuneorganisasjonen og i samarbeidsrelasjonane mellom kommuneorganisasjonen og andre involverte aktørar, ikkje minst tilbydarane. Rapporten «Samarbeid om Inn på tunet – om utvikling av relasjonar for å legge til rette for alternative velferdstenester» viser erfaringar med arbeidet med ordninga i tre kommunar i Hordaland. Den peikar vidare på sentrale spørsmål som er viktige i arbeidet med å utvikle ordninga.

© FORFATTAR/MØREFORSKING VOLDA

Føresegnene i åndsverklova gjeld for materialet i denne publikasjonen. Materialet er publisert for at du skal kunne lese det på skjermen eller framstille eksemplar til privat bruk. Utan særskild avtale med forfattar/Møreforskning Volda er all anna eksemplarframstilling og tilgjengeleggjering berre tillate så langt det har heimel i lov eller avtale med Kopinor, interesseorgan for rettshavarar til åndsverk.

FORORD

Rapporten «Samarbeid om Inn på tunet – om utvikling av relasjonar for å legge til rette for alternative velferdstenester» er resultat av eit samarbeidsprosjekt mellom kommunane Kvinnherad, Voss og Bergen, samt forskingsinstitusjonane Møreforskning og Høgskulen i Bergen. Kvinnherad kommune har hatt prosjektansvaret, medan prosjektleiinga har vore lagt til Møreforskning. Prosjektet er finansiert av Regionalt forskingsfond Vestlandet.

Det har vore oppretta ei eiga referansegruppe for prosjektet med representasjon frå fleire kommunar, forskingsinstitusjonar, Fylkesmannen i Hordaland og NAV. Referansegruppa har gitt tilbakemelding til prosjektgruppa på strategiske punkt i utviklinga av arbeidet. Vidare har forskarane gjennom prosjektet vore tett på arbeidet med Inn på tunet i kommunane Kvinnherad, Voss og Bergen. Her har representantar for kommuneorganisasjonen, tilbydarane og deltakarane i ordninga stilt velvillig opp for å bidra til arbeidet med prosjektet.

Ei stor takk til alle som har medverka til gjennomføring av prosjektet!

Forskarane ved Møreforskning og Høgskulen i Bergen som står ansvarleg for utforminga rapporten.

Volda, 22.12.2016

Finn Ove Båtevik

Prosjektleder

INNHALD

Innleiing.....	10
Inn på tunet som innovasjon i offentleg sektor	11
Bakgrunn for prosjektet	13
Behov for kunnskap.....	14
FoU-utfordringar.....	15
Metodiske vurderingar	17
Kommunane som kjøparar av Inn på tunet-tenester.....	19
Busetnad og territoriale tilhøve	19
Status og grunngeving for bruk av tenestene – sett frå kommunane.....	20
Organisering av relasjon til tilbydar – forventing om fleksibilitet	22
Arbeidet med å legge til rette for Inn på tunet-ordninga i dei tre kommunane.....	24
Organisering i kommunane	26
Innkjøpsutfordringar og løysingar	29
Mellom næring og velferd	32
Informasjon og evaluering.....	33
Ulik vurdering og organisering av Inn på tunet-tilboda i dei tre kommunane.....	34
Utfordringar i dei tre kommunane	37
Avsluttande kommentar	38
Tilbydarsida – tilbydarar og deltakarane sine erfaringar med velferdstenester på gard	39
IPT tilboda på gardane i dei tre kommunane	39
Tilbydarerfaringar med velferdstenester på gard	41
Erfaringane til deltakarar på Inn på tunet-tilbod	50
Deltakarar med kognitive vanskar	55
Generell refleksjon: Deltakarane er meir like enn ulike på nokre viktige område.....	57
Spørsmål for vidare drøfting	59
Prosjektorganisasjonar med uviss framtid?	59
Inn på tunet – mål eller verkemiddel?	60
Ein kjøpars marknad	60
Kan kommunen leggje betre til rette for å styrke dei lokale Inn på tunet- verksemdene?	60
Å kombinere fleire roller	61
Relasjonen mellom kommune og tilbydar – ein kritisk faktor?.....	61
Manglande nettverk mellom kommunane?.....	62
Rom for vidareutvikling med utgangspunkt i tilbydar- og deltakarsida	62
Konkluderande vurderingar	65
Litteratur	67

INNLEIING

I dette prosjektet er fokus på offentlig – privat samarbeid om velferdsordningar gjennom ordninga Inn på tunet (IPT). Inn på tunet skal vere tilrettelagde og kvalitetssikra velferdstenester på gardbruk som skal gje mestring, utvikling og trivsel. Dei siste 15 åra er det etablert til ei rekkje tilbod om tenester knytt til oppvekst, helse, omsorg, rehabilitering, habilitering, arbeid, kriminalomsorg og integrering i tilknytning til Inn på tunet. Det særleg med aktive Inn på tunet-gardar er eit mangfald av både aktivitetar og deltakarar i ulike aldersspenn, der garden sine ressursar vert brukt.

Grøne» tenester som dette har ei lang historie med tilbod etablert allereie på 80-talet, men som eit ledd i arbeidet med kvalitetssikring av slike tenester vart sjølv merkevara IPT introdusert som omgrep og logo i 2001 (Berget and Braastad 2008). Saman med merkevaren følgjer ei ordning for godkjenning av tilbydarar. Godkjenningsordninga er administrert av Matmerk. For å få godkjenning må tilbydar som eit minimum oppfylle kvalitetsstandard i landbruket (KSL) 1, 2 og 11. Standardane konsentrerer seg i all hovudsak om at gardane oppfyller HMS krav (sjå matmerk.no for meir informasjon).¹

Tidlegare forskning og tilbakemeldingar frå deltakarar, pårørande og kjøparar viser at Inn på tunet-tenester ofte er kvalitativt gode tilbod til dei som deltar. Erfaringane tyder på at aktivitetar på ein gard i nær kontakt med dyr og natur bidrar til auka livskvalitet hos brukarane (Berget and Braastad 2008). Likevel er bruken av Inn på tunet-tilbod framleis forholdsvis beskjeden. Forskinga på Inn på tunet har fram til nå hatt klart størst fokus på kva tilbod som finns, innhaldet i tenestene og korleis brukarane opplever tilbodet. Betydinga av organiseringa av tilboda og utfordringar i relasjonen mellom kjøparar og seljarar av Inn på tunet-tilbod har derimot fått lite merksemd. Her er det klart behov for meir kunnskap ettersom tilbodet den enkelte får er mellom anna resultat av samarbeidsrelasjonane mellom desse aktørane.

Føreliggande prosjekt tar difor utgangspunkt i problemstillinga «korleis jobbe betre saman om Inn på tunet-tenester», og ser på korleis samhandlinga mellom kjøpar og tilbydarsida påverkar innhaldet i og bruken av Inn på tunet-tilbod i kommunane.

Kommunar har ei sentral rolle som kjøpar av Inn på tunet-tenester, samstundes som kommunane også har ansvaret for velferdstenester for sine innbyggjarar. Mange kommunar i Noreg har brukt Inn på tunet-ordninga i fleire år. Dette gjeld mellom anna kommunane som har delteke på det såkalla Inn på tunet-løftet. Dette var eit treårig tiltak sett i gang av regjeringa i 2010, med mål om å styrke arbeidet med tenesteutvikling i kommunane, der ein skulle gi kommunane større medvit om bruk av tenester innanfor grøn omsorg, grønt arbeid om grøn læring.² Tre av dei kommunane som har vore med på Inn på tunet-løftet i Hordaland, har saman

¹Det er i alt 350 bruk som har godkjenning frå Matmerk, medan 198 er under godkjenning (Knutsen og Milford 2015).

² Regjeringen.no <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/inn-pa-tunet-et-loft-for-kommunene-/id593416/>. Lesedato 11.12.2015.

med Møreforskning Volda og Høgskolen i Bergen utvikla dette prosjektet. Dei tre kommunane er Voss, Kvinnherad og Bergen.

Sjølv om det er lite forskning på rolla som kommunane har som kjøpar av slike tenester, så peikar dei erfaringane ein har i retning av at det kan vere utfordrande å handtere ei slik rolle for kommunane. Det trengs difor meir kunnskap om kvifor og korleis denne rolla er utfordrande for kommunen. Ikkje minst trengs det meir kunnskap om kva som påverkar bruk av IPT, og kva som kjenneteiknar relasjonen mellom kjøpar og tilbydar, og korleis denne samarbeidsrelasjonen påverkar utforminga av tilbodet. Arbeidet tek difor sikte på å drøfte følgjande spørsmål: *Kva faktorar er viktige for samarbeidsrelasjonane i Inn på tunet-ordninga for å sikre deltakarane eit godt tilbod?*

Gjennom å sjå på kva som er viktig for å utvikle slik relasjonar, ønskjer vi å avdekke det innovative potensiale i ordninga. Prosjektet gir grunnlag for å vurdere og drøfte erfaringane kommunane har gjort gjennom tidlegare kjøp av Inn på tunet-arbeid, vurdere flaskehalsar og vidare utviklingspotensiale for å utvikle kommunen si rolle som kjøpar, for å kunne sikre eit godt samarbeid med tilbydarane av Inn på tunet-tenester og tenlege tilbod for aktuelle deltakarar. Å legge til rette for dialog mellom kommunane, tilbydarane og andre involverte på den eine sida og forskingsmiljøa på den andre sida, har vore viktig i gjennomføringa av prosjektet. Eit viktig innovativt element kjem også som eit resultat av organiseringa av prosjektet, ettersom kommunane er meint å prøve ut konkrete endringar i prosjektperioden.

Innovasjonsperspektivet i prosjektet dreiar seg difor i første rekkje om å identifisere og legge grunnlag for å utvikle samhandlingsformer rundt ordninga, både internt i kommunane og mellom tilbydar og kjøper av Inn på tunet-tenester. Ein viktig del av dette arbeidet er å avklare for kvarandre kva for kunnskap dei ulike aktørane har om Inn på tunet-tenester, og kva for typar praksis som fører til at desse tenestene vert brukt eller ikkje brukt. Prosjektet har også et visst fokus på deltakarerfaringar, med då i lys av prosjektets hovudfokus. Relasjonen mellom kjøpar og tilbydar handlar jo til slutt om å gje desse deltakarane best mogeleg velferdstilbod. Inn på tunet representerer ei form for offentleg-privat samarbeid, og problemstillinga løfta opp her vil ha relevans utover dette spesifikke samarbeidet. Lærdommen frå dette prosjektet kan difor ha overføringsverdi for andre typar offentleg/privat samarbeid, men særleg til andre kommunar som utviklar Inn på tunet-tilbod.

INN PÅ TUNET SOM INNOVASJON I OFFENTLEG SEKTOR

Frå sentrale styresmakter er Inn på tunet omtalt spesifikt som innovasjon i velferdstenester (NOU 2011:11 , Meld. st. nr. 34 (2012 -2013) 2012). I kva grad ordninga blir brukt ser i stor grad ut til å avhenge av sentralt plasserte eldsjeler som medverkar til at tilbodet blir teke i bruk (Kogstad, Hummelvoll et al. 2012). Ei utfordring for kommunane som kjøparar av ordninga, er å utvikle samarbeidsformer og organisatoriske løysingar som kan bidra til at Inn på tunet-tenester blir noko meir enn ei ordning der ein primært er avhengig av det personlege engasjementet til einskildpersonar.

Ein viktig måte å få til innovasjon på, er nettopp gjennom å få til nye kombinasjonar av eksisterande løysningar og ressursar (Schumpeter 1934). Det gjeld kanskje særleg i forhold til

statleg og kommunal styring, som tradisjonelt har vore regulert av hierarkiske relasjonar prega av tydelege avgjerdsliner og klare standardar for varer og tenester (Amdam 2005). Dei sterke rammene rundt innovasjonsprosessane tilseier at innovasjon i offentleg regi helst vil dreie seg om inkrementalisme, som vil seie stegvise endringar i eksisterande produkt, tenester og prosessar (Gustavsen and Kobro 2012). Det ligg eit stort endringspotensiale og monaleg innovasjonsgrad i slike små steg. Små justeringar kan gi stor innovasjonsgevinst med tanke på korleis tenestene fungerer. Stegvis justeringar er særleg relevant i tilbod som er så samansette og fleirfaglege som Inn på tunet. Slike utfordringa krev tverrfagleg tilnærming og samhandling mellom kunnskapsmiljø og ulike nivå innanfor kommunane.

BAKGRUNN FOR PROSJEKTET

Velferdsstaten står ovanfor viktige utfordringar i åra som kjem; med fleire hjelpetrengande og auka fokus på brukarrettar som skaper kostnads- og kapasitetsutfordringar. Parallelt med dette blir det etterlyst individuelt tilpassa tilbod (Meld St. nr. 29 2012-2013). Ein del av løysinga er at staten i større grad kjøper tenester frå private aktørar. Inn på tunet, som ei ordning som skal gi kvalitetssikra og tilrettelagte velferdstenester på gard, er ei løysing som går inn i ein slik tankegang. At det ligg godt til rette for skreddarsaum, vert ofte framheva som ein stor styrke ved Inn på tunet-tilbod (Dvergsdal, Båtevik et al. 2012).

Det er likevel store utfordringar knytt til bruk av slike ordningar. Inn på tunet er eit godt bilete på at sjølv om velferdstenestene er individuelt tilpassa, så blir dei utforma og gitt i ein sosial kontekst med fleire ulike aktørar. Tilbodet er i siste ende eit resultat av samarbeidet mellom desse aktørane og det er viktige faktorar som kompliserer denne relasjonen. Offentleg forvaltningssystem, tenesteproduksjon og tenestekjøp krev ein viss grad av standardisering (Kogstad, Hopfenbeck et al. 2011, Hopfenbeck, Kogstad et al. 2016). Dette skuldast både at kommunane som ansvarleg for desse tenestene, er pålagde å sikre at alle tilbodet dei gir stetter lovfaste standardar og at dei har mest erfaring med å tilby standardiserte velferdstenester. Mange av utfordringane når det gjeld bruk av ordningar som IPT, er relatert til å ivareta spenninga mellom fleksibilitet og stabilitet på ulike nivå. Ei slik utfordring gjeld spenninga mellom lovfesta standardar ved offentlege tenester og deltakarane sine behov for individuelt tilpassa tilbod. Ei annan slik utfordring har opphav i at offentlege forvaltningssystem er avhengig av kontinuitet og å vere føreseielege, noko som involverer etablering av standardar. Slike standardar kan gjere det vanskeleg å famne fleksibiliteten Inn på tunet representerer. Ei ulempe med individuelt tilpassa tilbod, anten det gjeld Inn på tunet eller andre ordningar, er altså at innkjøpa og forvaltning av slike tenester vert meir krevjande for kommunen.

Det er fleire kjelder til usikkerheit ved kjøp av Inn på tunet-tenester. Ei av desse er usemje sjølv blant kjøparane om kva som gir eit godt Inn på tunet-tilbod (Gjerstad 2010). Dette kan påverke at kommunane tenkje ulikt om i kva situasjonar, og for kven, Inn på tunet er eit aktuelt tilbod. Stene (2013: 24) forklarar denne typen usikkerheit med at Inn på tunet er ganske nytt som tilbod, samstundes som kjøp av eksterne omsorgstenester i seg sjølv er eit forholdsvis nytt fenomen for mange kommunar. Det gjer handtering av sjølv innkjøpsprosessen til ei annan viktig utfordring. Ein tommelfingerregel i kontraktsteori er at utfordringane ved å utforme avtalar både vil auke viss graden av standardisering går ned, slik som tilfellet er ved individuelt tilpassa tenester, og viss det er usikkerheit om det konkrete innhaldet i tenesta (Williamson 1996). Offentleg/privat samarbeid må kontraktfestast, og innkjøpsordningar er eit godt døme på kritiske situasjonar der manglande kunnskap og rutinar har konsekvensar for det kommunale tenestetilbodet. Det er behov for auka bestillerkompetanse, som vil seie «kunnskap om, og evne til, å kople det tekniske rundt innkjøpsprosessen, utvikling av tenestene og styre tenesteproduksjonsrelasjonen» (Stene 2013:1).

Gjennom å samanlikne praksis rundt Inn på tunet-tenester i tre kommunar i Hordaland, tek prosjektet sikte på legge grunnlag for at kommunane kan utvikle ordningane for å kjøpe inn, organisere og brukartilpasse Inn på tunet-tenester. Desse erfaringane skal brukast for å stimulere utvikling av nye organisasjons- og samhandlingsmodellar og vidareutvikling av lokalt tilpassa tilbod i prosjektkommunane. Hovudmålet med prosjektet er å synleggjere dei erfaringane aktørane har med Inn på tunet, med særleg fokus på erfaringar med samarbeidsrelasjonen. Denne kunnskap vil danne grunnlag for at ein kan utvikle samarbeidsrelasjonane, både internt i kommunen og mellom kommunen og Inn på tunet-tilbydarar, og slik finne fram til måtar å utvikle ordninga til beste både for dei som kan ha nytte av tilbodet, for tilbydarane og for kommunane sjølve.

BEHOV FOR KUNNSKAP

Frå politisk hald er det signalisert at Inn på tunet blir vurdert som ei ordning som kan inngå som ei av mange løysingar på dei nasjonale utfordringane velferdsstaten står overfor (Meld. st. nr. 34 (2012 -2013) 2012, Meld.st.nr. 29 (2012- 2013) 2012), NOU 2011:11; (Handlingsplan Inn på tunet 2013-2017 2013). Det er også fleire kommunar som viser interesse for ordninga, men denne interessa er ikkje utan atterhald (Dvergstad, Båtevik et al. 2012) Kommunane ønskjer ikkje minst eit betre kunnskapsgrunnlag om bruk av Inn på tunet. Mange spørsmål er aktuelle, sett frå kommunane si side. Det kan gjelde alt frå spørsmål om Inn på tunet-tenester er aktuelt for den enkelte eller for bestemte grupper deltakarar, t.d. personar med demens, til korleis skal ein avgjere pris på tenestene, inngå kontraktar med tilbydar, kor lenge ein kontraktperiode skal vare, korleis ein skal takle vesentlege endringar i kontraktperioden og så bortetter. Ein nyleg studie av tilbydar sin situasjon trekker fram at mangel på kontinuitet og kompliserte samarbeid med kjøparar er viktige utfordringar. Det blir trekt fram at tilbydarane ofte står i skvis mellom dei ulike forventingane frå deltakarar og samfunnet – at dei er mellom to ulike sosiale verder (Lund, Granerud et al. 2015). Forfattarane vektlegg difor at det eit behov for auka forståing av tilbydars situasjon. Samstundes ser ikkje forfattarane denne situasjonen i lys av kjøparane sin situasjon. Vårt prosjekt legg til grunn at ein må forstå denne relasjonen i lys av krav og forventingar frå begge partar. Ei forstudie som tok for seg suksessfaktorar og flaskehalsar for eit dagaktivitetstilbod for personar med demens, med fokus på både kjøpar og tilbydar (Egset, Straume et al. 2015). Prosjektet fann at nær dialog mellom partane, med sterkt fokus på samarbeid, ei felles forståing av kva tilbodet skal vere og klare krav til kvarandre har vore viktig for å utvikle tillit og gode relasjonar. Samstundes viser også prosjektet betydninga av at tilbydar si vektlegging av marknadsføring og synleggjering på sentrale arenaer som gjer det lettare å bli prioritert i budsjett. Dei største flaskehalsane for etablering av tilbodet er knytt til kommuneøkonomi og rekruttering av brukarar. Dette kan virke noko paradoksalt med tanke på både dei positive signala frå kommunale aktørar og deltakarar/pårørande. Rapporten nemner årsaker til utfordringar med rekruttering, men identifiser samstundes at dette er eit tema framtidige forskingsprosjekt bør ta vidare tak i. Denne forstudien illustrera viktigheita av å få ein betre forståing av tydinga av samarbeidsrelasjonen mellom kjøpar og tilbydar for både bruk og kvalitet på IPT tilbodet som vert tilbydd.

Ny kunnskap om Inn på tunet og utvikling av innkjøpsordninga er etter alt å døme ein føresetnad for at kommunane skal kunne vurdere kor tenleg bruk av slike løysingar kan vere og for å

vidareutvikle Inn på tunet-tilbod som er i gang. I ein kunnskapsoversikt om forretningsmodellar og næringsutvikling knytt til IPT finn ein ingen bidrag som diskuterer dette direkte. Områda rapporten identifiserer som viktig å få meir kunnskap om kan i stor grad knytast til relasjonen mellom kjøpar og tilbydar som: Korleis profesjonalisering av fagetatane slår ut for IPT ordninga, korleis næringa kan bli ein innovasjonspartner, kunnskap om verdibasert prissetting og økonomistyring og, ikkje minst, meir kunnskap om samarbeidsformer til tilbydar (Stene 2016).

Parallelt med manglande kunnskap om viktige sider ved Inn på tunet-ordninga, blir det argumentert med forhold som talar for å bruke ei slik ordning. For det første gir det, som vi alt har understreka, grunnlag for å legge til rette for det som blir omtala som skreddarsydde velferdstenester. Inn på tunet kan også bidra til auka verdiskaping og sysselsetting i distrikta. For kommunane kan bruk av ordninga vere utgangspunkt for meir kreativitet og nytenking i utvikling og produksjon av tenester. Deltakarane i tilrettelagde og kvalitetssikra Inn på tunet-tilbod skal sikrast eit opplegg der det kan leggest til rette for å oppleve meistring, utvikling og trivsel, samstundes som det kan høve til å vedlikehalde eigen fysisk funksjon og evne til eigenomsorg. Inn på tunet-tenester er difor bidrag til systematisk folkehelsearbeid og helsefremjing. Inn på tunet-tenester kan også være del av tidsavgrensa fleirfagleg kvardagsrehabilitering. Bruk av Inn på tunet-tilbod inngår i diskusjonen om kva som er god økonomi i forhold til helse- og velferdstilbod, med tanke på førebygging versus behandling, kort og godt kva som er økonomisk best for samfunnet og den enkelte kommune, på kort og lengre sikt.

FOU-UTFORDRINGAR

Sjølv om mange kommunar på Vestlandet har, eller har hatt, erfaringar med å bruke Inn på tunet, er bruken av ordninga liten målt i tal brukarar og tal leverandørar. Bruken av ordninga er ikkje stabil over tid. Årsakene til dette kan vere fleire; manglande behov (spesielt for mindre kommunar kan behovet variere over tid), tilgang på tilbydarar, kommunale prioriteringar, økonomi med meir, er vanlege årsaker. Både frå politisk og administrativt hald er ofte den viktigaste grunngevinga for å bruke ordninga at den gir grunnlag for å utvikle individuelt tilpassa og kvalitativt gode tenestetilbod (Dvergsdal, Båtevik et al. 2012).

Det vil ofte vere utfordringar knytt til løysingar som krev fleirfagleg handling. Dette kjem tydeleg fram i dei erfaringane Helsedirektoratet sit igjen med etter satsingane *Helse i plan* og *Partnerskap for folkehelse*, der evalueringane peikar på at det er sentralt å sjå folkehelse i ein heilskapleg samanheng. Ein føresetnad for å lukkast, er at oppgåver vert løyst på tvers av forvaltningsnivå, fag og sektorar (Bergem, Ouff et al. 2010). I Inn på tunet er ei viktig utfordring at mange faggrupper har lite erfaring med å samarbeide med aktørar frå landbruket, noko som krev ein innsats for å skape gode relasjonar, god forankring og tryggleik på at ein leverer gode tenester (Kogstad, Hopfenbeck et al. 2011).

Forskning på Inn på tunet har i hovudsak handla om helse og livskvalitet, om landbruket si rolle som arena for rehabilitering, omsorg og pedagogisk arena for barn, unge, vaksne og eldre. Gjennomgang av kunnskapsstatusen på feltet viser manglande systematisk kunnskapsutvikling og forskning på kjøparsida si rolle i utvikling og bruk av Inn på tunet-tenester. Det er i det heile få samfunnsvitenskaplege studium av dei organisatoriske sidene av Inn på tunet (Farstad and Vik

2009). Ein har i liten grad kunnskap om kva som skal til for at fleire kommunar skal ta del i ordninga, og kva som er grunn til at nokre kommunar er særst nøgde med ordninga. I 2011 vart det gjennomført ei kartlegging av omfang og suksessfaktorar for implementering av Inn på tunet i kommunane i dei tre Vestlandsfylka Hordaland, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal. Eit av funna her er at det i liten grad går føre seg fleirfagleg samhandling i samband med kjøp av Inn på tunet-tenester (Dvergsdal, Båtevik et al. 2012). Ei kartlegging av svenske kommunar sitt behov for ulike omsorgstenester med relevans for «Grøn Omsorg», viste at det er størst interesse for å kjøpe tenester hos private aktørar i store kommunar med over 20 000 innbyggjarar (CMA 2009).

IPT-løftet var som nemnd eit initiativ som skulle auke bruken og kunnskapen om IPT i kommunane. Ei evaluering av IPT-løftet - satsinga viser at svært mange Inn på tunet-tilbod slutta etter at prosjektperioden tok slutt. Som følgje av dette, vert også måla til løftet vurdert som at satsinga berre er delvis nådd – ettersom ein ikkje har oppnådd kvalitativt betre velferdstenestetilbod over tid når desse tilboda forsvinn etter prosjektslutt. Der det har skjedd mest positivt i løpet av løftet perioden knytt til forankring i kommunale planer og i nettverk/informasjonsbygging, særleg vektlegg rapporten betydinga av den auka forankringa av Inn på Tunet i kommunale helseplanar. Samstundes tyder funna deira på at kommunane i all hovudsak ser på IPT som eit supplement og ikkje som ein integrert del av det kommunale velferdstilbodet – noko som i rapporten blir knytt til at ordninga blir vurdert som sårbar. Rapporten framhevar at viktige suksessfaktorar for IPT er: forankring i den kommunale organisasjonen (særleg på toppnivå), støtteapparat for eldsjelene, auka felles forståing av tenestene og bestillerkompetanse, gode organisatoriske modellar og dokumentasjon av effekt (Agenda Kaupang 2015).³

Det er behov for betre kunnskap om dei *strukturelle* suksesskriteria (inklusive organisering) for å få gode Inn på tunet-tilbod over tid (Berget 2013). Dette gjeld særleg spørsmålet om korleis Inn på tunet-tilbod bør koordinerast for å få best mogelege tenester og god samhandling mellom aktørane (Kogstad, Hopfenbeck et al. 2011).

Gjerstad (2010) har identifisert ein kritisk faktor for Inn på tunet-tenester, nemlig at det ser ut til at dei involverte aktørane manglar ei felles forståing av kva Inn på tunet er eller kan vera. Det ser ut til å vera mange, og ulike syn på kva ein gard er, til dømes om det er ein terapeutisk arena eller ein kvardagsarena, om det er aktivitetane eller staden som har størst påverknad, eller om det er organisering av dagane, måltida eller bøndene og dei frivillige som har størst effekt på deltakarane. Andre meiner det er summen av alle desse faktorane som gjev deltakarane utbytte av velferdstenester på gard. Om ein ikkje har ei minste felles forståing av kva Inn på tunet-tenester er eller kan vera, kan det påverka samhandling og koordinering i negativ retning.

Når partane som skal samarbeide om desse tenestene ikkje har same forståing av kva Inn på tunet-tenester kan vera, og korleis dei kan bidra til auka mestring og deltaking, vert diskusjonar

³ Eit problem med funna i rapporten, som Agenda Kaupang sjølv problematiserer, er knytt til utvalet av informantar og interne sluttrapportar som viktige kjelder. Dette betyr at informantane i stor grad er har eigeninteresse i å framheve det positive med prosjekta, som naturleg også vil påverke kva utfordringar som blir framheva. Mellom anna peikar rapporten på at fylkesmennene er meir delt i si vurdering av korleis tenestene har fungert, enn resten av informantane.

om innhald, føremål og økonomi ofte vanskelege. Til dømes kompliserer det innkjøp, sidan fullt utbytte av tenesta fordrar at ein veit kva ein skal krevja. Bestillerkompetanse blir derfor et viktig fokusområde for forskinga (Stene 2013).

Ei relatert utfordring knytt til det å etablere gode organiseringsmodellar, er at offentlege forvaltningssystem er avhengig av kontinuitet, som involverer etablering av standardar. Systema for å handtere dei enkelte offentlege tenesteområde, som for eksempel arbeid, skal kunne kommunisere med andre offentlege system. For at kommunikasjon skal finne stad, er ein avhengig av at informasjonen gir attkjønning, og i datasystem oppnår ein dette gjennom kodifisering av informasjon (Aneesh 2009). Det skapar ein viss rigiditet som gjer at systema kan ha problem med å ivareta kvalitetane i Inn på tunet-tilbodet som nettopp dreiar seg om individuelt tilpassa tilbod og fleksibilitet. Dette er ei særleg utfordring i tilbod som er så fleirfaglege av natur som Inn på tunet (Kogstad, Hopfenbeck et al. 2011, Hopfenbeck, Kogstad et al. 2016). Ein utarbeidd standard vil alltid vera fleksibel i den forstand at den nødvendigvis må justerast ettersom den blir praktisert (Ellingsen, Monteiro et al. 2007). Utfordringa i å utvikle standarden er særleg knytt til at den som skal setje den i verk og kommunisere tilbake sine erfaringar, er avhengig av at designaren anerkjenner tilbakemeldinga som relevant (Giskeødegård 2012). Gitt at aktørane ikkje er samde om kva det er som skapar et godt Inn på tunet-tilbod, er det klare utfordringar knytt til ei slik tilpassing av forvaltningssystema. Manglande felles forståing av kva Inn på tunet gjer også saksbehandling for den enkelte potensielle deltakar meir uføreseieleg, og den einskilde saksbehandlar sitt rom for skjønnsutøving er allereie en vanskeleg balansegang i offentleg tenesteutøving (Helgøy, Kildal et al. 2010, Helgøy, Kildal et al. 2011, Lundberg 2012).

METODISKE VURDERINGAR

Tematikken rundt Inn på tunet-ordninga er, som drøftingane over viser, stor og samansett. Vi har ikkje ambisjonar om å dekke heile dette området. I dette prosjektet er hovudfokus på korleis relasjonen mellom tilbydar og kjøpar av IPT tenester påverkar innretning, omfang og kvalitet på dei IPT tilbodet kommunen tilbyr deltakarane. Det er stort behov for meir kunnskap om desse elementa. Kommunane melder at denne relasjonen er krevjande for kommunane å handtere. Eit viktig moment er at den fleksibiliteten som tenester som Inn på tunet tilbyr, er avgjerande for kvaliteten på tenesta, men utfordrande for det offentlege forvaltningssystemet å handtere. Det gjeld både dokumentasjon og det å inngå avtalar. Ei viktig årsak til dette kan vere uvisse knytt til innhald og rammevilkår.

Praksisnær forskning der ein har fokus på kva val kommunane tek i konkrete situasjonar, er heilt essensielt for å skape eit kunnskapsgrunnlag om fundamentet i tenestene. Kombinasjonen av djupneintervju med sentrale aktørar på både tilbydar og kjøparsida vil gi eit godt bilete av korleis dei ulike aktørane vurderer Inn på tunet som fenomen. Det er behov for å systematisere erfaringane for å identifisere kritiske utfordringar, samstundes som ein må samanlikne ulike løysingar i liknande situasjonar på tvers og innanfor kommunane. Denne komparative kunnskapen må ein nødvendigvis få gjennom omfattande forskning. Informasjonen er heilt nødvendig for at kommunane skal kunne utvikle samhandlinga, internt i eigen organisasjon og

mellom kjøpar og tilbyder. Ein viktig faktor her er også at forskingsmiljø er ein tredjepart utan økonomiske interesser knytt til avtalen mellom kommunen og Inn på tunet-tilbyder.

Forskingsinstitusjonane har heller ikkje faglege interesser i ein av dei ulike etatane involverte i å koordinere aktivitetane frå kommunen si side. I så måte har forskarmiljøa eit meir uavhengig perspektiv på problematikken og dermed ein fordel for å kunne sjå utfordringar.

Framgangsmåten i prosjektet er inspirert av aksjonslæring der det er stort fokus på medverknad (Levin and Klev 2002). Ved å aktivt skape arenaer for læring og refleksjon, kan forskingsfunna bidra til faktisk utvikling i kommunane, samstundes som ein er med på å skape ny kunnskap (Sudmann and Henriksbø 2011). Dei tre kritiske elementa i aksjonsforskning er aksjon, forskning og medverknad. Som ein del av prosjektet, er det gjennomført eit interkommunalt erfaringsseminar mellom kjøparane av Inn på tunet-tenestene, kor dei også vart introduserte for forskingserfaringane frå tilbydarsida, samt møtepunkt i kommunane der ulike interesser lokalt har møttest for diskutere førebelse funn frå forskingsprosjektet.

Forskarane ved Møreforskning har tatt hovudansvar for intervju med dei involverte kommunale aktørane. Prosjektgruppa for Inn på tunet løftet har vore utgangspunkt for å rekruttere til intervju. Dette dekte difor både representantar frå kommunane og tilbydarar. Samstundes har vi arbeidd vidare i kvar kommune for å få snakka med andre aktørar som vart identifisert i desse intervju som sentrale for IPT arbeidet i kommunane.

Forskarane ved Høgskolen i Bergen har intervju tilbydarar av IPT-tenester/velferdstenester, og deltakarar på desse tilboda i Bergen, Kvinnherad og Voss. Det er gjort intervju og deltakande observasjon ved gardar i alle dei tre kommunane. Omfanget av relevante gardar i dei tre kommunane varierer veldig. I Bergen er 15 gardar som leverer tenester til kommunen besøk, med meir djuptgåande studiar av 9 gardar. I Voss er det to relevante gardar. Prosjektgruppa har gjort feltarbeid ved den eine og hatt telefonkontakt med den andre. I Kvinnherad har ein besøkt ein gard. Gardane har tilbod til personar med psykiske helsevanskar, rusproblematikk, kognitiv svikt, arbeidskvalifisering, varig tilrettelagt arbeid, skuletilbod/opplæring og barnevern. Nokre gardar har vi besøkt fleire gonger fordi dei har tilbod til ulike grupper fordelt på ulike vekedagar. Høgskulen i Bergen har også kjennskap til fleire av desse gardane frå tidlegare prosjekt og studiebesøk med studentar frå Høgskulen i Bergen. Vi har hatt samtalar med deltakarane på alle gardar, men har ikkje intervju personar under 18 år.

KOMMUNANE SOM KJØPARAR AV INN PÅ TUNET-TENESTER

Analysen i prosjektet er basert på innsamling av erfaringar med Inn på tunet-ordninga i kommunane Bergen, Kvinnherad og Voss. Erfaringane er baserte på informasjon frå tilsette i kommunane, frå tilbydarane og gjennom besøk på gardsbruka som tilbyr tenestene. Oppsummeringa av desse erfaringane er organisert slik at erfaringane frå intervjuja blant personar knytt til kommuneorganisasjonen er presenterte i dette kapitelet, og erfaringane frå møte med tilbydarane og dei personane som deltek i ordninga, blir deretter presentert som eit eige kapittel. I siste del av rapporten løftar me fram nokre av dei problemstillingane som har vist seg særleg relevante i vårt arbeid. Intensjonen med dei er at dei både skal fungere som eit utgangspunkt for det interne forbetningsarbeidet i kommunane, og vere eit grunnlag for vidareutvikling innan Inn på tunet feltet generelt.

BUSETNAD OG TERRITORIALE TILHØVE

Dei tre kommunane har til dels svært ulik geografi og busetjingsstruktur. Voss har tradisjonelt vore ein stor landbrukskommune, og er framleis den største landbrukskommunen i Hordaland. Det ligg såleis godt til rette for etablering av Inn på tunet-verksemnd her. I areal er Voss Hordalands største kommune, noko som fører til forholdsvis store reiseavstandar innanfor kommunen. Ser man på øst-vestaksen, er det 56 km mellom kommunegrensene mot Aurland og mot Vaksdal. Køyreavstanden mellom Vik kommune i nord og Granvin kommune i sør er 63 km. Samstundes er kommunen sterkt monosentrisk, rundt landsbyen Voss som hovudsete. Dei einaste to andre tettstadene⁴ i kommunen, Skulestadmoen og Mønshaugen/Bjørgum ligg innanfor ein radius på 6 km frå Voss sentrum. Desse tre tettstadane rommar 58 % av Voss sin befolkning på om lag 14.500 innbyggjarar (www.ssb/statistikkbanken.no). Dette inneber at det ligg forholdsvis godt til rette for å etablere Inn på tunet-tilbod til deltakarar busett i omlandet til landsbyen Voss, medan det kan vere meir krevjande til aktuelle deltakarar busett i andre deler av kommunen.

Bergen er Noregs nest største bykommune med 277.000 innbyggjarar, og der mindre enn 3 % av innbyggjarane bur utanfor tettstaden Bergen. Bergen har også eit godt utbygd kollektivtilbod. Reisetid til tilboda kan likevel vere utfordrande. Dei fleste gardsbruka ligg i ytterkanten av tettstaden, og reiseavstandane innanfor kommunen er forholdsvis store. Det er til dømes fire mil å køyre frå grensa mot Os i sør og grensa mot Meland kommune i nord. Det er omtrent same avstand mellom Flesland Vest i kommunen og grensa mot Vaksdal kommune i øst. Eit forhold som gjer logistikken krevjande, er ofte kødanningar på dei sentrale inn- og utfartsårene i rush-tida. Det ligg såleis best til rette for å reise til dei Inn på tunet-tilboda som ligg på den same sida av byen som deltakaren bur.

⁴ SSB definerer eit tettsted som ein samanhengande busetnad med minst 200 innbyggjarar.

Kvinnherad har om lag 13.000 innbyggjarar, og er til liks med Voss ein stor kommune i areal. Sjølv om Kvinnherad femnar eit mindre areal enn Voss, er dei territoriale tilhøva her meir krevjande. Arbeidslivet i den sørvestlege delen av kommunen er kjenneteikna av industriverksemd, medan jordbruk tradisjonelt har vore ein viktig næringsveg lenger nord og aust i omlandet til tettstaden Rosendal. Kommunen er langstrakt, og det er omtrent ti mil køyring frå kommunegrensa mot Jondal i nordaust og øyane lengst sørvest i kommunen. Kommunen ligg på begge sider av Hardangerfjorden, og det er nesten seks mil og ei ferje mellom bygda Gjermundshamn i nordvest og Åkra sør i kommunen. I motsetnad til Bergen og Voss, er Kvinnherad ein polysentrisk kommune. Størstedelen av befolkninga bur langs den 38 km lange vegen mellom Rosendal og Sæbøvik, men er spreidd på heile åtte tettstader. Dei fleste innbyggjarane bur i Husnes og Sunde/Valen, som er typiske industriområder, medan dei fleste gardsbruka i kommunen ligg langt unna tettstadane der folk flest bur, noko som byr på utfordringar i høve til å komme seg fram og tilbake til Inn på tunet-tilbod.

STATUS OG GRUNNGIVING FOR BRUK AV TENESTENE – SETT FRÅ KOMMUNANE

Inn på tunet-tilboda i kvar kommune har fellestrekk og er samstundes ulike. Kva som er felles og kva som ulikt, kan mellom anna sjå ulikt ut anten det blir sett frå kjøparsida, tilbydarsida eller deltakarsida. Dette kapitelet speglar først og fremst tilboda, slik dei ser ut frå dei som er involverte i Inn på tunet-ordninga i frå kjøparsida kommuneorganisasjonane i Bergen, Voss og Kvinnherad.

Frå kommunane handlar det om å gi bestemte grupper eit tilbod i samsvar med dei krava til slike tilbod som kommunen må rette seg etter. Inn på tunet i kommunane Voss, Bergen og Kvinnherad inkluderer i større eller mindre grad tilbod både til elevar i grunnskulen, ulike aktivitetsordningar som til dømes fritidstilbod for barn, personar med rusrelaterte problem, tilbod på dagtid for personar med kognitiv svikt, og tilbod til personar med psykiske helseproblem. Tabellen nedanfor visar i grove trekk kva type tilbod kommunane har erfaring med.

Tabell 1. Oversikt over registrerte Inn på tunet-aktivitetar i kommunane. Voss, Bergen og Kvinnherad. 2015.

Aktivitet	Voss	Bergen	Kvinnherad ⁵
Opplæring (barn)	Tilpassa opplæring	Tilpassa opplæring Gardsbesøk Allmenn pedagogisk	Tilpassa opplæring
Dagtilbud og arbeidsrelatert aktivitet, psykisk helse, rus, (barn og vaksne)	Fritidskontakt barn Aktivitetstilbod Støttekontakt Rus og psykisk helse (oppstart)	Arbeid/VTA for personar med uførepensjon, psykiske utfordringar Barn med psykiske helseproblemer	Fritidsaktivitet/ Støttekontakt (Lite omfang) Psykisk helse
Kognitiv svikt, aldersomsorg (vaksne og eldre)	Heimebuande personar med kognitiv svikt (oppstart, deltilbod)	Heimebuande personar med kognitiv svikt	Heimebuande personar med kognitiv svikt (ikkje aktivt tilbod under prosjektperioden, men nyleg starta opp igjen)

Dei tre kommunane har såleis erfaring med ganske mange ulike former for Inn på tunet-tilbod, sjølv om det er av ulikt omfang. Bergen og Kvinnherad har til dømes i større grad organisert tilpassa opplæring gjennom Inn på tunet enn i Voss, der kommunen har nytta eit anna tilbod.

Samtalane med kommunalt tilsette viser at grunngevingane for å tilby Inn på tunet til bestemte personar og grupper har fleire fellestrekk på tvers av kommunane og etatane. Dei kommunalt tilsette er opptekne av at deltakarane på slike tilbod kan få ein alternativ arena som gjer dei kan oppleve meistring. Det er ein arena som tillèt at deltakarane kjem i kontakt med naturen og dyr. Det blir framheva at dyra kan fungere som ein buffer i relasjonen mellom menneske. Det er gjerne eit poeng i seg sjølv at deltakarane får følgje korleis gardsaktivitetane endrar seg med årstidene. Fleire av informantane i kommunane er opptekne av at aktivitetane i kommunane bidreg til å skape variasjon i det som elles er ein monoton kvardag for deltakarane. Denne typen tilbod gir deltakarane moglegheit til å få brukt kroppen til fysisk aktivitet. Mange av dei

⁵ Eit prosjekt som har starta opp i ettertid av vår datainnsamling er «Ung Meistring». Det er eit tiltak basert på samarbeid mellom ulike tenester i kommunen. Tiltaket rettar seg mot unge vaksne mellom 18 og 30 år som mottok sosial stønad frå NAV. Tiltaket er fokusert på friluftsliv i skog og natur. Oppstarten var midlar frå fylkesmannen til prosjektet Fritid med bistand. Prosjektet har ved slutten av 2016 vart vel eit år, og mellom 8 og 10 personar har delteke på tilbodet 1 dag i veka. Det er eit prosjekt, men fleire krefter jobbar for å skaffe midlar til vidareføring.

kommunalt tilsette er opptekne av at deltakarar på Inn på tunet-gardar får brukt kroppen sin på fleire og nye måtar, og at dette er helsefremmande og bidreg til læring. Eit anna argument som er viktig i omtalen av kvifor dei har valt å ta i bruk Inn på tunet-tenester, er at det er eit tilbod som er gruppebasert sjølv om det er individuelt tilpassa, noko som gir deltakarane sosial trening. Ei siste grunngeving er at Inn på tunet i fleire tilfelle blir sett på som eit meir stabilt tilbod enn individuelle tilbod som til dømes støttekontakt, ettersom ein ikkje er så sårbar for sjukdom eller at personar sluttar/flyttar på seg.

Alt i alt er dei kommunalt tilsette svært nøgd med tilboda. Trass dette, er dei også samde om at dette ikkje er eit tilbod som passar for alle og heller ikkje for fleirtalet av dei som høyrer til deira ansvarsområde. Det er ikkje alle som trivst på gard. Enkelte grupper kan oppleve det direkte stigmatiserande, til dømes personar eller grupper med bakgrunn frå kulturar der det å arbeide på gard har låg sosial status. For enkelte kan andre alternativ enn Inn på tunet treffe betre. Poenget er at det er eit veldig godt tilbod for deltakarane, når ein treff dei rette personane/den rette målgruppa. Som ein av dei tilsette på psykisk helse i ei av kommunane formulerte det;

Behova til folk på det psykiske helsefeltet er veldig forskjellige. Derfor er det slik at jo større bredde vi har i vårt tilbod, jo større menyen er, jo betre er moglegheitene for å treffe dei på heimebane. Det er jo ikkje slik at Inn på tunet er svaret med stor S, men det er veldig fint å ha på menyen

Samtalene viser at dei tilsette i alle tre kommunane som har som oppgåve å finne gode velferdstilbod for dei personane dei har ansvar for, er mest opptekne av å ivareta Inn på tunet som eit mogleg tilbod, fordi det er godt for nokre personar. Kor stort omfang bruken har, er mindre relevant for dei. Deira oppgåve er å gi eit tilbod til den enkelte, ikkje nødvendigvis å utvide ordninga slik at fleire kan få eit slikt tilbod. Poenget, sett frå kommunane, er at bruken blir basert på det som dei oppfattar som deltakarane sine behov. Dette set fingeren på ei spenning i relasjonen til Inn på tunet som næring og velferdstilbod, eit tema vi drøfter nærare seinare. Denne spenninga er eit viktig bakteppe for arbeidet med Inn på tunet løftet.

Sjølv om mange av grunngevingane har mykje felles frå etat til etat og frå kommune til kommune, er realiteten at dei ulike etatane på enkelte måtar nyttar og tenkjer svært ulikt om bruken av Inn på tunet. Kven Inn på tunet blir vurdert som aktuelt for varierer såleis frå kommune til kommune. Ei viktig årsak til dette er at bruken av Inn på tunet er ulikt organisert i kommunane. Organiseringa påverkar både korleis tilbodet blir vurdert, kva konklusjon ein kjem til om dette er økonomisk lønnsamt eller ikkje, og kva deltakarar som blir vurdert som aktuelle. Dette er eit heilt sentralt funn i studien så langt, og eit av dei områda forskingsmiljøa ser at kommunane kan lære mykje av å dele erfaringar og diskutere løysingane dei har valt med kvarandre.

ORGANISERING AV RELASJON TIL TILBYDAR – FORVENTING OM FLEKSIBILITET

Sjølv om der er døme på variasjonar i praksis mellom einingane innanfor kommunane, har dei tre kommunane valt heilt ulike hovudløysingar for å handtere relasjonen til Inn på tunet-tilbydarane. Voss brukar rammeavtaler etter offentlege anbudsprosessar, Bergen har etablert ei

ordning med tenestekonsesjon, medan Inn på tunet-tilbydarane i Kvinnherad er tilsett i kommunen. Uavhengig av hovudløysing, må kommunane sikre at tilbydarar oppfyller tekniske krav med tanke på at deltakarane får eit tilrettelagt og trygt tilbod. Tilbydarane må også ha ein kompetanse, både formell og uformell, som gjer dei skikka til å gje eit godt tilbod til deltakargruppa.

Forskjellen i organisering får likevel stor innverknad på relasjonen mellom kommunen og tilbydar. Ved å tilsette tilbydaren, slepp Kvinnherad unna innkjøpsprosessane. I Bergen og Voss har godkjenningssordninga i Matmerk vore eit viktig fundament i høvesvis utforming av tilbodsdokument og arbeidet med konsesjonsutlysing og for å utarbeide avtalane. På spørsmål om kva godkjenningssordninga har bidrege med for dei kommunalt tilsette, nemner dei til dømes at det er nyttig at «andre har tatt ei vurdering av HMS/fasilitetar som gjer at vi ikkje treng å gjere det». Ordninga kan også vere nyttig når ein skal rapportere til departement om bruk av tildelte midlar. Det vert også nemnt at det er viktig å kunne sende signal til deltakarar og pårørande om at det ikkje er kva som helst slags gard som er eigna som Inn på tunet-gard. Kvalitetssikringa av og krava til innhaldet er fastsett gjennom i dialogen med tilbydar. Kva type tilbod det er snakk om, særleg om det er opplæring eller omsorg, påverkar kva kompetansekrav som blir stilt til tilbydar og kva forventingar kommunane har til tilbodet.

Det kjem fram at godkjenningssordninga har ein viktig funksjon som går lenger enn det reint konkrete innhaldet i denne.⁶ Det er viktig for kommunane å vite at det ligg ei formell godkjenningssordning i botn, når dei skal kjøpe slike tenester frå private aktørar. Samstundes er det mange element som inngår i korleis kommunane som kjøparar vurderer tilbydarane:

- **Fleksibilitet frå tilbydar er viktig sett frå kjøparsida.** Det kan vere snakk om fleksibilitet på fleire nivå, som det å ha kompetanse til å gi tilbod til ulike grupper, kunne ordne med transport, og kunne tilpasse opplegget til den enkelte deltakar. Krava til tilbydar er sjølvstendig regulert gjennom avtalen mellom kommune og tilbydar. Samstundes står kommunane ofte i ein posisjon som einaste kunde, og kan i utgangspunktet i stor grad legge føringar for tilbydar. Sett frå kommunesida blir det likevel understreka at ein er lite tent med å stille krav som gjer det vanskeleg for tilbydar å drive økonomisk. Fleire av

⁶ KSL 1 og 11 er i tråd med bransjestandard, det ivaretek HMS og krav til IK, det er arbeidsdeling mellom aktørane, samstundes som den bidreg til merkevarebygging – og ein logo er og eit symbol. Ordninga er vesentleg for tildeling av oppdrag og til finansiering av tiltaka. Det gjeld tryggleiken for deltakarane i eit gardmiljø der det kan vere mange forhold som utfordrar denne (fall, spark, bitt, klemskade, støyskade, etseskade, sprutskade, varme/kulde, brannskade (bål og grill og vaffeljern), påkjørsel, smitte frå dyr til menneske og omvendt, utvikling av allergi eller luftvegssjukdom, glatte flater (vann, avføring, gylle), skadedyrsansering (mus og rotter), og dyrevelferd.)

representantane for kommunane gir uttrykk for at dei ser behovet for å sikre at tilbydarane har vilkår som gjer at deltakarane får eit fullgodt tilbod.

- Formell kompetanse, avhengig av kva tilbod som blir gitt og kven målgruppene for tilbodet er. I enkelte typar tilbod vil dei personlege eigenskapane vere avgjerande, for andre er ikkje dette tilstrekkeleg.
- Personlege eigenskapar utover formelle kvalifikasjonar, men også kor skikka kommunen vurderer den enkelte tilbydar, er vesentleg for dei vurderingane som blir gjort i kommunen.
- Grad av kontakt, som skapar tillit over tid, er eit element som ligg i forlenginga av punktet over. Samspel og dialog er sentrale stikkord her:
 - Byggje opp relasjonar og realkompetanseutvikling gjennom langvarig samarbeid
 - Gardbrukar er ofte sentral i å vurdere opplegg, samansetning i gruppene osv., men gjerne i dialog med ansvarlege for deltakarane i kommunen
- At tilbydarane viser interesse for å lære meir, delta på kurs, osv.
- Høve til å tilpasse tilbod ut frå innspel frå dei ansvarlege frå kommunen, som er eit punkt som heng nær saman med punktet om fleksibilitet
- Høve til å sikre kontinuitet og stabilitet over tid

Relasjonen mellom kjøpar og tilbydar utviklast altså over tid. Over tid endrar relasjonen seg gjennom at ein lærer ein kvarandre å kjenne, utviklar ei forståing for kvarandre sine synspunkt, opparbeider tillit og får erfaring. Det personlege bandet er altså veldig viktig. Samstundes ligg det ei markant spenning i relasjonen mellom kjøpar og tilbydar, knytt til at maktfordelinga i forholdet er sterkt asymmetrisk. Sidan tilbydar ofte saknar alternative kjøparar til deira Inn på tunet-tilbod, kan kommunen som kjøpar legge mykje av premissane med omsyn til praktiske løysingar, pris og innhald i tilbodet. Dette er ein type problemstilling som er svært relevant i forhold til korleis ein regulerer forholdet mellom kjøpar og tilbydar i dei ulike hovudløysingane kommunane nyttar til å skaffe til veie Inn på tunet -tenester (jf. eige punkt med dette som tema).

ARBEIDET MED Å LEGGE TIL RETTE FOR INN PÅ TUNET-ORDNINGA I DEI TRE KOMMUNANE

Arbeidet med å legge til rette for Inn på tunet-ordninga er ikkje ein ny aktivitet for dei tre kommunane. Både gjennom Inn på tunet-løftet og lengre bak i tid har kommunane arbeidd med å finne ei god organisering for å legge til rette for eksisterande tilbod, samt legge grunnlag for etablering av nye tilbod. Inn på tunet-løftet var ei særskilt satsing frå regjeringa med tanke på å styrke arbeidet med tenesteutviklinga i kommunane, og det å gjere kommunane medvitne om

tenester innanfor grøen omsorg, grøent arbeid og grøen læring.⁷ I alt 77 kommunar var involverte i «Løftet» i perioden 2010-12.

Inn på tunet-løftet har gjort at dei aktuelle kommunane har lagt ned ekstra innsats i koordineringsarbeid, informasjonsarbeid og anna utviklingsarbeid. Prosjektarbeidet knytt til Inn på tunet-løftet har vore eit viktig tema for samtalanene med kommunane og valet av deltakarar i intervjuane. Ei viktig årsak til dette er både at arbeidet som har vore gjort i samband med Inn på tunet-løftet har vore heilt sentralt for å få opp omfanget på Inn på tunet i nokre av kommunane, men også fordi det har vist seg at i alle kommunane er vegen vidare frå prosjektarbeid uviss, og mange uttrykkjer at arbeidet i kommunane har stoppa opp.

Alle kommunane hadde tidlegare erfaring med velferdstilbod på gard. Erfaringane med Inn på tunet-løftet skil seg likevel vesentleg frå kommune til kommune. På Voss vart dei fleste av dei tilboda som blir gitt gjennom Inn på tunet i kommunen etablerte gjennom Inn på tunet-løftet. Ei av dei viktigaste oppgåvene på Voss har vore utviklingsarbeid for å kunne bruke tilbodsdokument og rammeavtale på ein måte som var tenleg for både kommune og tilbydar. Prosjektgruppa for «Løftet» har elles hatt eitt «innanrikspolitisk» fokus på det viset at dei har vore opptekne av å skape intern forståing gjennom prosessar som har gått på tvers av einingane. Prosjektgruppa har hatt eit klart fokus på å auke bruk av Inn på tunet. I prosjektarbeidet har dei difor vore opptekne av informasjonsarbeid, der representantar frå prosjektgruppa har invitert seg sjølv inn på aktuelle arenaer ved dei ulike einingane. Av den grunn har dei også vore opptekne av å halde seg oppdaterte på kva som skjer i dei ulike einingane, for å kunne komme med informasjon om Inn på tunet i situasjonar der det kan verte aktuelt å tenkje nytt om aktuelle tilbod. I intervjuane vart det nemnd fleire døme på at dette hadde lukkast. Eit slikt døme er då Inn på tunet-tilbodet kom i gong ved sjukeheimen ved at eininga for rus og psykiatri starta eit prøveprosjekt for nokre av personane som dei skal gi tilbod til. I arbeidet med å auke bruken av Inn på tunet i einingane har det vore viktig at prosjektdeltakarane i kommunen vurderer grunnlag for disponering av midlar mot Inn på tunet i budsjetta til dei enkelte einingane.

I Bergen viste samtalanene med kommunalt tilsette at Inn på tunet-tilboda i all hovudsak var etablerte før Inn på tunet-løftet, og at arbeidet i «Løftet» primært har vore konsentrert om å systematisere dei eksisterande tilboda, særleg gjennom å rydde opp i avtalar. I følgje dei kommunalt tilsette er det viktigaste utbyttet frå «Løftet» at ein bidrog til å etablere ei ordning med tenestekonsesjon for tilbydarar av Inn på tunet-tenester, noko som har forenkla arbeidet med kjøp av tenestene. I samband med dette vart det gjennomført seminar for potensielle tilbydarar og kjøparsida. Tenestekonsesjonsordninga har ifølgje partane skapt eit meir ryddig rammeverk for å handtere relasjonen mellom kjøpar og tilbydar. Når det gjeld arbeid for å fremje Inn på tunet-tilbod, har det også vore sett i gang tiltak for å skape forståing for ordninga og gi tilbod til fleire; til dømes gjennom bruk av informasjonsvideo for å gi rektorane i kommunen betre innblikk i moglege tilbod innafor ordninga.

⁷ <https://www.regjeringen.no/no/dokumentarkiv/stoltenberg-ii/lmd/Tema-og-redaksjonelt-innhold/Redaksjonelle-artikler/2009/inn-pa-tunet---loftet/id582687/>. Lesedato 11.02.2016.

I Kvinnherad var det også etablert fleire tilbod før Inn på tunet-løftet kom i gang. Kommunen har fleire sterke «Inn på tunet-ambassadørar» i kommuneorganisasjonen, og desse har vore godt representert i prosjektgruppa. Prosjektleiari er næringsrådgjevar med god oversikt over aktuelle gardar/aktuelle støtteordningar. Relasjonen til tilbydaren er handtert ved at tilbydarane sjølv eig arenaen (garden), men er tilsette som Inn på tunet-tilbydarar gjennom kommunen. Eit viktig del av Inn på tunet-løftet var å etablere eit nytt tilbod for personar med demens. Dette tilbodet er seinare avvikla på grunn av endringar i situasjonen til tilbydar, men eit nytt Inn på tunet-tilbod for denne målgruppa er under etablering. Dei kommunalt tilsette opplever likevel at fleire andre forsøk på å etablere nye tilbod stangar i stram kommuneøkonomi.

ORGANISERING I KOMMUNANE

Gjennom deltakinga i Inn på tunet-løftet har kommunane hatt eigne prosjektgrupper med representasjon frå fleire sektorar og fleire nivå i kommuneorganisasjonen. Ein slik organisering har gitt rom for erfarings- og informasjonsutveksling om ordninga i dei enkelte kommunane, samt knytt ansvaret for ordninga til konkrete personar. Prosjektgruppa har vore eit viktig fokus i intervjuet fordi «Løftet-arbeidet» har vore sentralt for formalisering og/eller utviding av Inn på tunet-tilbod. Eit interessant funn frå kommunane, er at måten dei har tilnærma seg arbeidet på er veldig ulik. Dette gjeld både samansetning av prosjektgruppa og kva arbeidsoppgåver som har vore prioriterte. Samansetninga i gruppene har etter vår vurdering har hatt stor betydning for korleis gruppene har jobba.

Ei anna viktig årsak til å sjå på desse gruppene, er at det er klart at desse gruppene har vore sentrale for det generelle arbeidet med IPT, og det er i alle kommunane er uvisse om vegen for kunne utvikle tilbodet vidare. Framtida for gruppene er såleis usikre. Usikkerheita kan vere knytt til om det finns midlar til å sikre at nokon tek eit overordna ansvar både for arbeidet og gruppene vidare, om framtida til arbeidet kviler på innsatsen til enkeltpersonar som brenn for ordninga, osb. Den vidare lagnaden til utvikling av Inn på tunet-ordninga i den enkelte kommune kan lett kome til å stå eller falle på vidareføringa av desse prosjektgruppene, i ei eller anna form.

Det er etter alt å døme to forhold som gjer prosjektgruppene viktige. For det første har gruppene hatt ein leiari, med eit gitt ansvar for ordninga. Dette gjer at nokon har ein koordinerande funksjon i forhold til ei ordning som elles ikkje sorterar under ein enkelt sektor, eller ein enkelt leiari i kommunen. For det andre kan prosjektgruppene fungere som ein utviklingsarena der ulike sektorar kan delta, utvikle erfaringar, osb.

Tabell 2. Organisering av Inn på tunet-løftet i kommunane Voss, Bergen og Kvinnherad.

	Voss	Bergen	Kvinnherad
Oppstart	Initiativ frå næringsavdelinga, og ein gardbrukar som tok kontakt med ynskje om å starte	Ansvar hos Grøn etat (initiativ frå bondelaget?)	Prega av involvering av aktive Inn på tunet forkjemparar i kommunen
Prosjektleiing	helse	Grøn etat	Næringsrådgjevar
Samansetning	Tverrsektoriell prosjektgruppe: Næringsavdeling Pleie og omsorg Ungdomskulen Pedagogiske Representant for tilbydarar Nav (ikkje aktiv)	Landbrukstung prosjektgruppe: Tre tilbydarar Tre landbruk <ul style="list-style-type: none"> • to frå Bergen kommune • ein frå FM To «kjøparar» <ul style="list-style-type: none"> • Helse • Skule/barnehage 	Tverrsektoriell prosjektgruppe: Næringsrådgivar Landbrukssjef kommunalsjef Skule og oppvekst Pleie og omsorg Tilbydar

Tilbakemeldingane frå kommunane peikar nettopp i ei slik retning. Det er heilt sentralt med ei eining som både kan sikre kontakt med og forankring av ordninga inn mot leiinga i kommunane, sikre koordinering på tvers mellom etatane og sikre interesse og kunnskap om ordninga hos dei som skal legge til rette for at deltakarane får best mogleg tenester.

Slik sett er det behov for ei organisering som fangar opp desse fire dimensjonane:

- Forankring i leiinga i kommunar
 - Personar som er involverte i planarbeid, budsjettarbeid og når prioriteringar skal gjerast
- Kjennskap til deltakarane og behova i førstelinetenesta

- Personar som var tett på og som kunne gjere ein skilnad for å vurdere i kva tilfelle Inn på tunet kan vere og ikkje vere aktuelt
- Koordineringsbehov:
 - Oppover i kommunehierarkiet
 - Mellom ulike avdelingar, som i prinsippet også kan ha ansvar for dei same deltakarane
- Informasjonstilgang for aktuelle deltakarar og pårørande
 - Det er i liten grad tilgjengeleg informasjon om tilboda retta mot pårørande og deltakarar. Tilgjengeleg informasjon er viktig sett i lys av at informasjon som gjer det mogeleg for potensielle brukarar å ta aktive og informerte val, er eit viktig prinsipp i moderne helse- og sosialtenester

Korleis ein organiser dette arbeidet meir i detalj, må etter alt å døme tilpassast i den enkelte kommune. Det må både spegle korleis kommuneorganisasjonen er oppbygd, og ikkje minst kor store organisasjonar det er snakk om. Det er innlysande at Bergen er i ein heilt anna situasjon enn Kvinnherad og Voss i så måte.

Frå samtalene med kommunane er det også klart at det var utfordrande å balansere dei ulike behova. Dei vala ein gjorde har i stor grad påverka korleis arbeidet tok form. Til dømes var det nødvendig å ha folk tett på potensielle deltakarar i prosjektgruppa. Dette fordi desse fagfolka kunne identifisere aktuelle behov. Samstundes gjorde dette det vanskelegare å få disponert midlar til tiltak, i og med at dei som var avgjerdstakarane ofte då ikkje var representerte i gruppa. I Bergen var erfaringa også at det å ha ei prosjektgruppe som var etablert på initiativ frå bondelaget, og var landbrukstung, gjorde at representantane frå dei ulike kommunale einingane kom i ein forsvarsposisjon.

I og med at Inn på tunet-løftet formelt er avslutta, er kommunane i ein situasjon der spørsmålet om vegen vidare er usikker. Dette gjeld spørsmål om organisering, støtte i kommuneorganisasjonen, finansiering osv. Dette er særleg kritiske med tanke på vidareutvikling og spørsmålet om å utvide tilboda. Ingen av kommunane opplever at dei ser ein klar retning med tanke på vegen vidare. Det er ikkje lagt noko strategi for dette.

Utgangspunktet er at dei som har vore involverte i arbeidet ønskjer å halde på dei tilboda som er oppretta, men er uvisse om korleis ein skal:

- Vektlegge balansen mellom å ivareta tilbydarane på den eine sida og kommunen og dei enkelte avdelingane i kommunen som kjøparar på den andre:

- Representantane frå dei avdelingane i kommunen som kjøper tenester vektlegg primært tilbodet den enkelte person får gjennom ordninga, og vurderinga av kor veileigna tilbodet er for både den som får eit slikt tilbod og dei som kan vere potensielle deltakarar på slike tilbod. Interessene til tilbydarane som næringsdrivarar med behov for å sikre tilstrekkeleg med nye kundar, utvikling av det næringspotensiale som ligg i ordninga osb., er også representerte i kommuneorganisasjonen, men er naturleg nok ikkje i fokus hos dei som «rekrutterer» nye deltakarar til ordningane.
- Organisere ordninga på ein best mogleg måte internt i kommunen:
 - Det er fleire forhold å ta omsyn til. Å sikre forankring i organisasjonen er viktig. Det same gjeld det å sikre koordinering på tvers i organisasjonen. Ordninga krev også at dei involverte er tett på aktive og potensielle deltakarar. Sjølv i relativt små kommunar som Kvinnherad og Voss, kan det vere krevjande å sikre dei ulike interessene på ein god måte, ikkje minst med tanke på at Inn på tunet-ordninga er ei relativt lite institusjonalisert ordning i dei aktuelle kommunane.

Det er vanskeleg å sjå føre seg ei organisering utan at nokon har ein definert koordinatorfunksjon, samstundes som det også må vere nokon frå dei aktuelle «utøvande» einingane som har fått eit definert ansvar for ordninga.

INNKJØPSUTFORDRINGAR OG LØYSINGAR

Frå forskingslitteraturen om Inn på tunet-tenester veit vi at eit av dei største hindera for å utvide kommunanes bruk av Inn på tunet er vanskar med å etablere effektive marknader for slike tenester (DIFI 2010; Gjerstad 2010; Kogstad et al 2011). Utfordringa er knytt til få kjøparar og tilbydarar, transaksjonskostnadar ved kjøp av tenestene og eit rigid regelverk for produksjon og oppfølging av offentlege velferdstenester. Vår undersøking tyder på at dette skaper store utfordringar for både tilbydarsida og kjøparsida i dei tre kommunane.

For tilbydarsida er utfordringane mellom anna knytt til Anskaffelseslova⁸ som stiller strenge krav til konkurranse ved kjøp av tenester. Dette resulterer i kostnadskrevjande tilbodsprosessar. Den viktigaste utfordringa for kjøparane er likevel at Inn på tunet marknaden er ein kjøpars marknad. Medan kommunen kan velje mellom ulike Inn på tunet-tilbydarar og også alternative tilbod til

⁸ Anskaffelsesloven, som er heimla i EØS avtalen, dikterer at innkjøp av tenester som i verdi overstig kr. 500.000 må lysast ut som opne tilbod på Database for offentlig innkjøp (Doffin).

brukargruppa anten i eiga eller andre sin regi, har tilbydarane ofte ein eller eit lite tal aktuelle kjøparar. Avtalene har også avgrensa varigheit, noko som skapar usikkerheit om kommunen vel å fornye avtalen. Ein representant frå innkjøpssida i ein av kommunane beskriv det slik: *«Dette blir ein skeiv avtale. Kommunen sit i praksis med bukta og begge endane. Tilbydar ber all risiko. Det offentlege skal trass alt medverke til utvikling av lokalt næringsliv. I eit slikt perspektiv hadde det vore ønskjeleg med meir balanse».*

For kommunen som kjøpar skapar marknadssituasjonen tre utfordringar. Det første er at innkjøpa må skje innanfor rammene av Anskaffelseslova, som stiller krav til anbudsutforminga og avvikling av anbodskonkurransen. Dette kan også gjere det vanskeleg å tilpasse Inn på tunet-tilbodet etter at ein avtale er inngått, til dømes viss behovet etter tenesta endrar seg innanfor avtaleperioden. Den andre utfordringa er at Inn på tunet-tilbodet må støtte lovpålagte standardar til innhald, dokumentasjon og rapportering (DIFI 2010). Dette reduserer muligheita til individuell tilpassing av tenestene og kan skape fordyrande ekstraarbeid for kommunen. Viss deltakaren mottar fleire tenester frå kommunen, må Inn på tunet-tilbodet integrerast i eller i det minste samordnast med desse.

I litteraturen om marknadsinstitusjonar er det brei semje om at marknader med denne typen utfordringar vil fungere best viss dei vert støtta opp av regulerande institusjonar (sjå til dømes (Granovetter 1985, Williamson 1985, Williamson 1996, Fligstein 2001, Uzzi 2001, Aspers 2011). Litteraturen skisserer tre moglege løysingar:

- 1) Å omgi innkjøpa med eit omfattande avtaleverk, med innebygd fleksibilitet, til dømes ei rammeavtale.
- 2) Å «ordne marknaden» ved å etablere kvalitetsstandardar for Inn på tunet-tenestene og å redusere talet tilbydarar av Inn på tunet-tenester, til dømes gjennom ein tenestekonsesjonsordning.
- 3) Å unngå innkjøpsutfordringane ved å tilsette Inn på tunet-tilbydaren.

I alle dei tre kommunane vert fleire av desse institusjonelle løysingane nytta parallelt, men dei har valt kvar sitt av desse alternativa som si hovudløysing for kjøp av Inn på tunet-tenester. Som hovudløysing har Voss har valt den første løysinga, ved å kjøpe inn Inn på tunet-tenester gjennom rammeavtaler utlyst på database for offentlig innkjøp (heretter kalla Doffin). Bergen på si side har valt den andre løysinga, gjennom å «ordne» marknaden for kjøp av Inn på tunet-tenester ved å etablere ei ordning med tenestekonsesjon. Kvinnherad har da valt den tredje løysinga gjennom å ha tilbydar som er kommunalt tilsett. Under gjer me ei nærmare utgreiing av kva disse ulike løysingane inneber:

Gjennom rammeavtalen har Voss kommune forsøkt å handtere usikkerheit knytt til kva omfang av tenestene kommunen og deltakarane vil ha behov for gjennom avtaleperioden. I utforminga av kravspesifikasjonen for tilbodet, har Voss kommune nytta seg av Matmerks KSL-rammeverk og standardavtaler. Bruk av rammeavtale har sikra kommunen stor fleksibilitet til å tilpassa Inn på tunet-tilbodet etter endringar i behovet, men dette har skjedd ved å flytte heile risikoen over på tilbydar: Ein informant uttrykte det slik: *Kommunen forpliktar seg ikkje økonomisk i det hele gjennom rammeavtalen. Dermed sit leverandøren med heile risikoen.* For å redusere usikkerheita

på tilbydarsida, har kommunen etablert ein praksis med «mjuke forhandlingar», der målet er å skape ei best og mest mogeleg sams forståing for marknadssituasjonen:

Det var viktig at tilbydarane fekk eit godt bilde av kva kommunen hadde av behov, og kva vi kunne tilby. Dei måtte få høve til å bli kjent med kommunen og korleis ein tenkte i kommunen. Vi fekk spørsmål om kva behov kommunen hadde, kva kommunen kunne forplikte seg til og kva volum det var snakk om, slik at dei kunne planlegge og investere i fysiske fasilitetar og personell.

Tenestekonsesjonsordninga i løysinga Bergen kommune har valt inneber at Inn på tunet-tilbydarar etter søknad og nærare fastsette kriterium, kan få konsesjon til å tilby ei eller fleire av nærare definerte Inn på tunet-tenester til kommunen.⁹ Medan konsesjonen gir konsesjonæren rett til å tilby tenester til kommunen etter nærare inngått avtale, forpliktar ikkje avtalen kommunen til å nytte konsesjonæra sine tenester (for nærare beskriving sjå <http://www.foa.no>). Det vil seie at viss kommunen skal inngå ein avtale om Inn på tunet-tenester, så er det desse som er pre-kvalifiserte via konsesjonsordninga som er aktuelle å inngå avtale med.

Kvinnherad si løysing med å tilsette IPT-tilbydaren fjernar transaksjonskostnadene knytt til å gjennomføre anbudsrunder. Dette har vore ein viktig motivasjon for løysinga, og dei har også lukkast med å redusere desse kostnadane. Til gjengjeld sitt kommunen att med arbeidsgjevaransvaret for tilbydarane og alle utfordringane knytt til eventuelle endringar i behovet for Inn på tunet-tenestene. Intervjua tyder på at dette ikkje er eit problem for kommunen, fordi dei har gode moglegheiter til å gje tilbydarane anna relevant arbeid, i til dømes skule eller eldreomsorg viss behovet for Inn på tunet-tilbodet skulle falle vekk. Våre undersøkingar tyder på at hovudulempa med løysinga med fast tilsette er at ho hevar terskelen for å etablere nye tilbod. Kommunen oppfattar at den minimum må kunne tilby 50 % stilling for å sette i gang eit nytt tilbod.

Ein stor fordel med ordninga som fleire informantar har peika på, er at tilsetting av tilbydarar gir kommunen gode føresetnadar for å gjere brukartilpassingar av tilbodet. Løysinga med å tilsette tilbydarane har også ein annan fordel, samanlikna med å kjøpe tenestene i ein marknad slik som i Voss og i Bergen. Å tilsette tilbydaren aukar tilhøvet til å integrere Inn på tunet-tilbodet i kommunens samla tilbod til dei aktuelle deltakarane. Dette gjeld særleg tenester på område med særskilt strenge krav til innhald og rapportering, slik som tilrettelagt undervisning i ungdomsskuletrinnet. Til dømes har ein tilbydar som er tilsett som pedagog langt betre moglegheiter til å nytte individuell opplæringsplan til å samordne elevane si undervisning på garden og på skulen:

Læreren er ansatt i 90 % stilling hos oss og er 80 % på gården og annenhver onsdag er her på skolen. Det vi da sikrer oss da er at de elevene som er på gården får en kontinuitet som er i samsvar med det som skjer på gården. Han møter da elevenes faglærere på jevn basis og blir oppdatert på det som skjer på skolen. Han legger da opp til lesing på prøver, jobbing med oppgaver og forskjellig.

⁹ Dømer på slike konsesjonsbelagte tenester er «gardsbesøk for barnehangar eller skular», «tilpassa opplæring til barn eller ungdom», «tilbod til yngre personar med kognitiv svikt», og «arbeidstilbod (VTA) for menneske med psykiske lidingar».

Det lovpålagte rapporteringsarbeidet vert også enklare. Her er det verdt å merke seg at fleire skular i Bergen kommune har valt å vidareføre ei løysing med tilsette pedagogar og/eller assistentar med gard framfor å kjøpe tilsvarande tenester som Inn på tunet-tilbod gjennom konsesjonsordninga.

Sjølv om dei tre kommunane har valt ulike hovudløysingar på marknadsutfordringane, er det fleire utfordringar som slår ut på om lag sama vis i alle dei tre kommunane. Den viktigaste utfordringa er stram kommuneøkonomi. Knappe budsjett presser avdelingane til å prioritere rimelege løysingar, noko som påverkar Inn på tunet-marknaden på same måte i alle dei tre kommunane. Budsjettskvis presser vekk det Inn på tunet tilbodet som er kvalitativt betre, men dyrare enn dei rimelegaste lovpålagte løysingane. Unntaket er Inn på tunet-tenester som det er politiske vedtak om å prioritere. Vidare fører det asymmetriske maktforholdet mellom kjøpar og seljar av Inn på tunet-tenester til at det økonomiske presset på avdelingane vert overført til tilbydarane. desse må da godta svakare vilkår, anten i form av lågare prisar/løn, at ein ikkje får dekt alt faktisk arbeid, eller at tilbydar må strekke seg for å handtere praktiske utfordringar for kommunen, slik som å ordne transport eller å halde opent ein ekstra dag ubetalt, fordi to av deltakarane ikkje passar i lag.

Ei anna felles utfordring i dei tre kommunane er at det er vanskeleg for nye tilbydarar å etablere seg. Eit forhold som verker å bidra til dette er for mykje silotenking innanfor kvar av kommunane – at ein ikkje evner å sjå behov på tvers av dei enkelte avdelingane. Det ligg truleg eit betydeleg potensial for å skape fleire Inn på tunet-arbeidsplassar i dei tre kommunane, ved å samordna kommunens innkjøpsavtalar på tvers av avdelingane slik at fleire tilbydarane samla sett kunne nå eit aktivitetsvolum som er til å leve av.

MELLOM NÆRING OG VELFERD

Inn på tunet er eit velferdstilbod. Samstundes er det klare næringsinteresser knytt til ordninga. Landbruksnæringa har behov for fornying og nye produksjonsformer som går ut over den tradisjonelle matproduksjonen. Kommuneorganisasjonen kan vere involverte i landbruksnæringa ut frå ei lang rekke interesser, anten det gjeld næringsutvikling, bygdeutvikling, bevaring av kulturlandskap, stadutvikling osv. Motivasjonen frå kommunen for å utvikle ordninga kan såleis gå langt ut over det som gjeld det å skape eit tilpassa velferdstilbod til eigne innbyggjarar.

Samstundes blir det ei *informasjonsoppgåve* for kommunane å skape interesse for ordninga, både internt i eigen organisasjon, i forhold til aktuelle deltakarar og for aktuelle tilbydarar.

Slik sett har kommuneorganisasjonen mange roller å fylle i forhold til Inn på tunet-ordninga. Det er ingenting i vegen for at rollene kan kombinerast, og at det også kan vere ein styrke dersom kommunane greier å tenkje heilskapleg og balansere dei ulike rollene. Dersom ein kan kombinere det å sikre inntektene til næringsutøvarar, god landskapspleie og tilrettelagde velferdstenester for innbyggjarar som har behov for dette, viser det at kommunane greier å balansere dei ulike behova.

Erfaringane frå kommunane viser likevel at det ligg ei spenning mellom kommunen si rolle som *velferdsprodusent* og *næringsutviklar*. Som velferdsprodusent skal kommunen vurdere kva som

er gode tilbud for personar den enkelte avdeling har ansvar for, medan som næringsutviklar er fokuset å utvikle tilbydarar og fremje interessene til landbruksnæringa. For å utvikle næringsdelen av ordninga, er det viktig å sikre tilgang på nye deltakarar til ordninga. For den enkelte avdeling som er sentral i rekrutteringa av desse deltakarane, er det ein heilt annan logikk som må ligge til grunn. Utgangspunktet er behovet hos brukarane.

Dette reiser fleire spørsmål for kommunane: Korleis definerer ein rolla til kommunen, kven som skal ha ansvaret og korleis ein går fram? Dette blir mellom anna avhengig av korleis kommunane definerer eiga rolle i forhold til dei ulike dimensjonane – velferd, næring og informasjon.

Korleis kommunane i praksis vektlegg slike faktorar, kan variere noko etter kor viktig landbruket er som næring i dei ulike kommunane. Det er med utgangspunkt i dei tre kommunane som er representerte her, klare skilnader mellom Bergen på den eine sida, og Kvinnherad og Voss på den andre sida, i og med landbruket har ei langt sterkare stilling i dei to siste, enn i den første kommunen:

Dersom ikkje Voss får det til, kven får det da til tenkjer eg, vi er ei landbruksbygd fortsatt. Ei av dei få.

Vår hovudintensjon var ikkje å redde landbruket i Bergen, men å gi tenester til funksjonshemma og sjuke. Når det matchet var det bra, når det ikkje matchet var ikkje landbruket vårt hovudfokus.

Det er heilt klart at spenninga mellom næring og velferd har påverka arbeidet i prosjektgruppene. Det vil også vere behov for å ta omsyn til dette spenningsforholdet i diskusjonen om vegen vidare for Inn på tunet. Frå eit velferdsperspektiv er det å utvide ordninga ikkje eit viktig spørsmål i seg sjølv. Derimot kan det vere eit tema å sikre at alle involverte har tilfredstillande tilgjengelig informasjon om Inn på tunet, for å sikre at det er kjent for relevante kandidatar for ordninga. Å kunne auke bruken av ordninga er primært eit næringsspørsmål. Dette gjer at diskusjonar knytt til kven som skal ha ansvar for Inn på tunet, avheng av kva ein ynskjer å oppnå.

Når det gjeld spørsmålet om informasjonsarbeidet og kven som skal selje produktet, dreiar det seg om den rolla kommunen har versus rolla til tilbydarane. Dersom det er kommunen som «sel» ordninga inn mot eigne etatar, gir dette ein legitimitet som eit kvalitetssikra velferdstilbod. Samstundes blir det då eit spørsmål om kommunen kjem i ei dobbeltrolle her, både som «seljar» og kjøpar av tilbodet. Reint juridisk treng ikkje dette vere noko problem, gitt ordninga i utgangspunktet er regulert til dømes gjennom ei rammeavtale. Då blir «salet» inn mot dei ulike etatane eit spørsmål om informasjon og mobilisering internt i kommuneorganisasjonen.

INFORMASJON OG EVALUERING

Informasjonsrolla til kommunane har fleire sider. Ei av desse sidene er det som gjeld deltakarane, anten det er snakk om informasjon til dei som er involverte i opplegget eller potensielle deltakarar. Ei anna gjeld informasjonen internt i kommunane.

Informasjon til potensielle deltakarar om ordninga går primært via tilsette i kommunen. Dette er sårbart. Intervjua i kommunane viser at det er varierende kor mykje informasjon som når ut i systemet. Informasjon og bruk er i stor grad avhengig av at dei kommunalt tilsette, tett på deltakarane, har kunnskap om Inn på tunet og vurderer det som eit aktuelt alternativ. Dei tilsette på institusjonane i kommunen kan vere involverte på fleire måtar. Som tilsett med dagleg ansvar for potensielle deltakarar, er det naturleg at ein blir involvert i vurderinga av kven som kan ha utbyte av ordninga og ikkje. Tilsette kan også vere involverte i ordninga på fleire måtar, som å vere med på å utforme tilbodet den enkelte skal ha, vere involvert i evaluering av tilbodet for den enkelte, vere med under opphaldet på garden osv. Dersom det er aktuelt med eit Inn på tunet- tilbod til personar som brukar tilbodet til det kommunale dagsenteret, er ein avhengig av å «selje» Inn på tunet til leiing og tilsette ved dagsenteret før ein kan byrje å snakke om og med konkrete deltakarar. Dei tilsette kan såleis fungere som portvakter for bruk av tilbodet på fleire måtar - noko me så konkrete døme på i minst ei av kommunane. For det første kan dei, og då i særleg grad leiinga ved avdelinga, vere avgjerande med tanke på om ordninga blir vurdert som aktuell å bruke. Deretter i den konkrete vurderinga av kva personar som er aktuelle for å få tilbod om å delta. Viktige spørsmål er: Kvar i prosessen kjem avdelinga og dei som kjenner dei potensielle deltakarane inn i prosessen? Kvar kjem avdelinga inn i forhold til vedtak som gjeld den enkelte? Korleis og på kva tidspunkt i prosessen blir personane og pårørande til dei det gjeld trekte inn i prosessen? Er det lett å gjere å gjere om på vedtak dersom ordninga ikkje fungerer, og korleis? Kva dersom tilboda høyrer til andre budsjettpostar?

Informasjon internt i kommunane varierer i stor grad mellom kommunane. Bergen har, som den største kommunen, dei største utfordringane i alle fall når det gjeld informasjon internt i kommuneorganisasjonen. Erfaringane frå kommunane viser likevel at alle kommunane har stort potensiale for forbedring med tanke på den interne informasjonen i kommunane

Elles kan ein slå fast at det er lite informasjon som går til andre enn dei som alt er deltakarar i ordninga. Ein driv såleis ikkje aktiv rekruttering av nye deltakarar på denne måten. Det er likevel døme på at pårørande har høyrte om Inn på tunet og sjølv ynskjer deltaking. Dette er nok meir resultat av jungeltelegrafane enn aktivt informasjonsarbeid.

Det er såleis fleire uavklara spørsmål rundt informasjon om ordninga og korleis det kan leggast til rette for informasjon om ordninga. Det same gjeld intern evaluering av ordninga. Det er i liten grad lagt til rette for systemisk evaluering av ordninga internt i kommuneorganisasjonen. I enkelte tilfelle er det tett kontakt mellom tilbydar og kommunen om kvar enkelt deltakar. Her er det likevel store forskjellar avhengig av kva eining det er snakk om, kva kommune det er snakk om, men også avhengig av dei enkelte tilbydarane

ULIK VURDERING OG ORGANISERING AV INN PÅ TUNET-TILBODA I DEI TRE KOMMUNANE

Som nemnd er det er eit funn i dette prosjektet at kommunane tenkjer ulikt om kva Inn på tunet er og skal vere. Ei viktig årsak er ulik organisering, som påverkar korleis ein vurderer Inn på tunet som tilbod, kva konklusjon ein kjem til om dette i eiga vurdering av kva som er økonomisk lønnsamt eller ikkje, og kva deltakarar som blir vurderte som aktuelle for ordninga. Vurderingane er gjerne baserte på «nære» erfaringar frå eigen praksis. Dei økonomiske vurderingane som ligg

til grunn i slike tilfelle, tek primært utgangspunkt i dei konkrete utgiftene knytt til ein bestemt budsjettpost. Kva blir dei konkrete utgiftene til å lønne fem støttekontaktar, mot å gi fem ungdomar eit felles Inn på tunet-tilbod, er døme på ei slik vurdering. Det er såleis ikkje vurderingar av meir overordna og strategisk karakter, der ein vurderer ordninga i eit større samfunnsøkonomisk perspektiv, tenkjer førebygging opp mot behandling av skadar, osb.

Inn på tunet-tilbod føreset at det ligg føre eit gyldig vedtak om at ein person har eit konkret støttebehov frå kommunen, før ein blir vurdert som potensiell for eit konkret tilbod. Dette gjeld som hovudprinsipp i alle dei tre kommunane. Praksisen er derimot forskjellig mellom dei tre kommunane (og til dels mellom ulike etatar i kommunane) med tanke på korleis dette vedtaket er utforma. Når vedtak om støttebehov vert utforma, kan innhaldet vere meir eller mindre spesifikt. I nokre tilfelle kan det vere utforma slik at det gir den som har det daglege ansvaret for personen det gjeld, høve til å vere kreative, fleksible og kunne prøve ulike løysingar for tilbodet som blir gitt. I andre tilfelle er det liten grad av slik fridom. I ein av dei tre kommunane er slike vedtak særleg spesifikke. Det blir då gitt ein spesifisering av kva type tilbod den enkelte personen skal få. I slike tilfelle blir rolla til dei som har det daglege ansvaret for vedkomande minimalisert, i alle fall kven som kan vere aktuelle for eit slikt tilbod og korleis dette kan utformast. I kva grad Inn på tunet blir vurdert som eit aktuelt tilbod eller ikkje, vil i slike tilfelle vere heilt avhengig av at dei som sit med ansvaret for vedtaket har tilstrekkeleg kjennskap til Inn på tunet. Det er også avgjerande at det ikkje er vanskelegare å velje Inn på tunet enn andre liknande alternativ. Illustrerande for dette var ein kommentar i intervjurunden i Voss, at det hadde blitt lettare å nytte Inn på tunet etter at det vart oppretta eit valalternativ som inkluderte Inn på tunet i dropmenyen i datasystemet som dei bruka for å forvalte sine tenester.

Kommunane har ulik vurdering av kva for deltakarar som kan nytte Inn på tunet. Til dømes er bruk av Inn på tunet innanfor det som definerast som «lette tiltak» i barnevernet - til dømes som erstatning for støttekontakt - eit av dei områda Voss trekkjer fram som ein stor suksess, nettopp fordi det vurderast som et kvalitativt godt. I tillegg opplever kommunen at ein har organisert denne ordninga på ein økonomisk sett gunstig måte for kommunen. Ved å organisere eit gruppetilbod for fleire barn gjennom Inn på tunet-ordninga, kan ein gi eit slikt tilbod innan den fastsette prisen rammeavtalen. I vurdering av kvaliteten av ei slik løysing, blir det lagt vekt på at dei aktuelle ungdomane får eit gruppetilbod og at dette gir eit meir stabilt tilbod enn kva individuelle støttekontaktar ofte kan gi.

I Bergen derimot, er vurderinga at Inn på tunet ikkje skal nyttast for lette tiltak. Dei seier gardbrukarar er velkomne som støttekontakt eller besøksheimar, men utan at dette er organisert gjennom Inn på tunet-ordninga. Primært skuldast dette at det å erstatte ei støttekontakt med tilbod på gard blir vurdert som ei kostbar løysing. I konsesjonsutlysinga vurderte Bergen kommune i staden Inn på tunet som mest aktuelt for personar med vedtak om tilbod i kategorien åtferdsendrande. Som ein konsekvens, vart det stilt strenge konsesjonsvilkår til tilbodet og tilbydar sin fagleg kompetanse. Bergen fekk ikkje kvalifiserte tilbydarar ut frå desse krava, og barnevernet har difor ikkje konsesjonærar innanfor denne tenestekategorien. Barnevernet kjøper likevel andre tilbod for born på gard, men desse ligg utanfor Inn på tunet-konsesjonsordninga.

Det som gjer forskjellane mellom Bergen og Voss særleg interessante, er at ein i dei to kommunane har vurdert Inn på tunet heilt annleis opp mot ei bestemt gruppe; dei som har behov for støttekontakt. Sjølv om det er snakk om to svært ulike kommunar, ikkje minst med tanke på storleik, er det andre forhold som gjer at dei har falle ned på ulike konklusjonar. Voss vurderer ordninga som interessant, mellom anna ut frå ei økonomisk vurdering. Bergen har kome fram til motsett resultat, ei vurdering som primært synest basert på økonomi. Det er altså økonomi som i begge tilfelle har vert avgjerande for vurderinga – men konklusjonen er helt motsett.

For det andre så varierer også innretninga på tilboda frå kommune til kommune. Med skule som døme, så har vi sett døme på at Inn på tunet både blir nytta som allmenntilbod for heile skulen/barnehagar, at det er individuelle tilbod med assistent, og at det er utforma som eit gruppetilbod for eit gitt tal deltakarar, men der kommunen står fritt til å veksle på deltakarane. Det er klart at reknestykket om lønsemd, nytte osv. i høg grad er avhengig av kva for ein bruk Inn på tunet er tenkt for, og korleis ein løyser det reint praktisk.

For det tredje så blir Inn på tunet nytta både som eit supplement til andre tilbod og som hovudtilbod. Kva dette betyr i praksis kan illustrerast med eit døme på korleis to av kommunane har organisert sine Inn på tunet-tilbod for personar med kognitiv svikt. På Voss får personar med kognitiv svikt i hovudsak tilbod om eit dagaktivitetstilbod ved sjukeheimen. Sjukeheimen har på si side gjort ein avtale med ein Inn på tunet-tilbydar om å stille garden til disposisjon eit bestemt tal dagar i månaden til disposisjon for aktuelle deltakarar på dagaktivitetstilbodet. Inn på tunet er altså ikkje eit sjølvstendig dagaktivitetstilbod, men inngår i det samla dagaktivitetstilbodet ved sjukeheimen. I Bergen fungerer Inn på tunet som eit aktivitetstilbod på dagtid for einskilde personar med kognitiv svikt. Det er likevel stor variasjon i kor omfattande tilbod dei får. Nokre har tilbod ein dag i veka, medan andre får tilbod i inntil tre dagar per veke på gard. Det er også skilnadar med omsyn til om tilbodet er kopla til andre dagaktivitetstilbod. Ein god del av deltakarane har Inn på tunet-tilbodet som sitt einaste tilbod, medan andre kombinerer Inn på tunet-tilbod med andre dagtilbod frå kommunen, til dømes fast avlasting på sjukeheim.

Ei samanlikning av vurdering av Inn på tunet-tilbodet i Bergen og på Voss vil måtte gjerast ut frå ulike kriterium. Kommunane kan likevel lære frå kvarandre, om kvifor ein har organisert sine tilbod ulikt, og korleis ein kan tenke alternativt i eigen kommune. Tilgang på kompetanse hos gardbrukarane er ein variabel her. Det same gjeld tilgang på potensielle deltakarar. Dette var tankar som kom fram i diskusjonane av dette temaet på erfaringsseminaret. Samstundes såg ein at det kunne vere mogleg for begge kommunane å tenkje andre løysingar.

Funna understrekar kor viktig det er å få inngåande kjennskap til dei vala dei enkelte kommunane har gjort og deira grunngevingar for desse vala. Skilnadane gir grunnlag for å utfordre kommunane til å tenkje alternativt. Erfaringsutveksling mellom kommunane er viktig, både når det gjeld Inn på tunet og i utviklinga av andre tilbod.

UTFORDRINGAR I DEI TRE KOMMUNANE

Dei aktuelle kommunane møter utfordringar på fleire nivå, i alt frå det praktiske til meir overordna spørsmål. Det kan vere snakk om praktiske spørsmål knytt til geografien i kommunen, med store avstandar mellom tilbydar og dei som har behov for tenestene, praktiske utfordringar ved kjøp av Inn på tunet-tenester, men også kunnskap om og interesse for ordningane i kommuneorganisasjonane og politiske og økonomiske prioriteringar. Ein har etablert viktige meir eller mindre formelle strukturar knytt til Inn på Tunet som prosjektgruppa og løysingar for innkjøp. Ein har også skapt ulike forum for IPT, arbeidd aktivt for å skape etterspurnad etter ordninga frå enkelte av avdelingane i kommunen, etablert kontaktar til tilbydarar osb. Til tross for dette er det eit spørsmål om ein framleis i for stor grad er avhengig av innsatsen til enkeltpersonar til å kunne snakke om ei ordning som er etablert og godt forankra i kommunane. Dette gjeld sjølv for kommunar som har arbeidd aktivt med å få ordninga opp å gå. Slik er ordninga enno basert på strukturar in spe, med klare utfordringar. Spørsmålet er korleis ein kan ta desse utfordringane vidare.

Avstand og logistikk er sentrale utfordringar i alle dei tre kommunane. Det er ikkje nødvendigvis slik at potensielle deltakarar bur i akseptabel reiseavstand frå gardane.

Manglande forankring. Dei kommunalt tilsette melder eit behov for at bruk av grønne tenester som IPT i større grad må forankrast i kommunale planer, for å sikre prioritering. Ulike syn i kommunane på kva IPT skal vere og kven ordninga skal vere for, er ei ekstra utfordring. Det er knytt stor grad av usikkerheit til vegen vidare –både knytt til politiske prioriteringar og administrative omorganiseringar. Særleg det siste gjer kontinuitet utfordrande. Tilsette i fleire kommunar spør om dette er eit prioritert område frå leiinga.

For å få til nyetablering, og kontinuitet, melder dei tilsette at Inn på Tunet-posten må inn i årsbudsjettet og andre deler av planverket for kommande år, slik at ein slepp å leite etter pengar når behovet oppstår og ein har eit aktuelt tilbod. Å få ordninga inn i budsjetta gjer det lettare å jobbe meir langsiktig. Dette er ikkje minst viktig om ordninga skal brukast i skulen. I tillegg, synleggjer dette også ei viktig utfordring knytt til utviklinga av tilbodssida. Kva skal komme først, utvikling av tilbod eller etterspørsel frå kommunane?

Økonomi vert også trekt fram som ei viktig utfordring (men som vi skal sjå har kommunane ulik vurdering av kva som er økonomisk lønnsamt og ikkje).

Informasjon og oversikt over IPT generelt, og moglege tilbod/tilbydarar spesielt, er vidare ei utfordring i alle kommunane. Felles for kommunane er at dei opplever at roller og ansvaret i IPT-arbeidet er uklare. Det er behov for at nokon har eit særleg ansvar for å halde i arbeidet.

Lokale utfordringar. Samstundes har kommunane ulike utfordringar, knytt til lokale forhold. I Voss er det utfordrande å etablere nye tilbod. Ei rammeavtale som inkluderer berre to tilbydarar, gir liten ekstra kapasitet. Bergen er ein stor kommune og prega av «siloorganisering». Samordninga mellom ulike einingar og ulike nivå er ei viktig utfordring. Det skaper eit uoversiktleg landskap som gjer både informasjonsflyt internt og kontaktpunkt for tilbydarane krevjande. Denne utfordringa blir forsterka av stadige omstillingar, der ansvarsområde og plassering i organisasjonen blir endra. Fleire av dei involverte tilsette beskriv ein kvardag med underbemanning, der dei må prioritere dei mest nødvendige oppgåvene. Fleire

peikar på at tenestekonsesjonen eigentleg berre rydda opp i gamle forhold (her må det nemnast at både kjøpar og tilbydar erkjenner at dette er viktig). Skal tilbydarar etablere seg, krev det ei ny konsesjonsrunde. I Kvinnherad melder ein om småskalaulemper og konkurrerande tilbod i kommunal regi som viktige barrierar.

AVSLUTTANDE KOMMENTAR

Erfaringane frå kommunane viser at det er krevjande å få til Inn på tunet-ordninga, også i kommunar som i utgangspunktet har jobba aktivt med å utvikle slike tilbod. Noko av utfordringane ligg i å få ei ordning som i seg sjølv er ekstern, men der ein også må ha eit system i kommuneorganisasjonen for å få den til å fungere. Samarbeidsrelasjonane internt i kommuneorganisasjonen blir då viktige. Det same gjeld samarbeidsrelasjonane mellom kommuneorganisasjonen og andre involverte aktørar, ikkje minst tilbydarane. Tilbydarsida er tema i neste kapittel.

TILBYDARSIDA – TILBYDARAR OG DELTAKARANE SINE ERFARINGAR MED VELFERDSTENESTER PÅ GARD

I denne delen av rapporten er fokus på tilbydarsida og deira oppleving av å vere Inn på tunet-tilbydarar. For å få ei forståing av denne relasjonen, gir me først eit kort innblikk inn i dagen på garden, før fokus blir flytta til gardbrukaren og garden som arena for Inn på tunet-tilbod. Dette fungerer som ein inngangsport til diskusjon kring erfaringane tilbydarane har med å levere slike tenester til kommunane. Først blir desse refleksjonane presenterte på eit generelt nivå, før ein gjennom diskusjonen tek ein djupdykk der vi ser tilbydarrelasjonen opp mot dei ulike formene for Inn på tunet-tilbod som blir levert. Sjølv om det primære målet med prosjektet er utviklinga av tenestene i kommuneorganisasjonen, og i samspelet mellom denne og kjøparane, legg vi også likevel vekt på empiriske data knytt til deltakarane si oppleving av tilboda. Grunnen er at det til sjuande og sist handlar å gje best mogeleg velferdstilbod på gard for desse deltakarane. Deltakarane sine opplevingar kan slik sett gje ein peikepinn på kva utfordringar og mogelegheiter som ligg i ordninga utover det som går direkte på relasjonen mellom tilbydarar og kjøparar av Inn på tunet-tenester.

Under gjer vi greie for tilbydarane og deltakarane sine erfaringar og tilrådingar for at samarbeidet mellom kjøpar, tilbydar og deltakar skal kunne fungerer best råd. Deira erfaringar viser fleire døme på korleis tenestene kan verta tilgjengelege og tilpassa den som treng dei, og kva som gjer dei kvalitativt gode og trygge for deltakarane.

IPT TILBODA PÅ GARDANE I DEI TRE KOMMUNANE

Gardane nyttar i ulik grad gardsmiljøet som del av tilbodet. Nokre tilbydarar vektlegg at aktivitetane skal vere knytte til gardsdrift, medan andre i hovudsak legg opp til andre ikkje-gardsbundne aktivitetar. Aktivitetane varierer frå ulike former for utandørs gardsarbeid til ulike former for aktivitetar innandørs. Gardsaktivitetar utandørs var til dømes å sage ved, kløyve, stable eller pakke ved, vedlikehald av bygningar, målararbeid og tømring, rydding og flytting av materialar utandørs, kjøring av jord og stein med trillebår eller traktor, oppsetting av nye gjerde, planering, grøfting, hagearbeid eller ulike former for arbeid med dyr, som dagleg stell og fôring av små og store dyr og reinhald hjå dyra og i stall/driftsbygning. Innandørsaktivitetar var eksempelvis brodering, strikking og andre former for handarbeid eller å skrive. Dette er aktivitetar som ikkje er stadbundne, men som kan koplast til tidlegare innandørs gardsarbeid for å lage, vøla eller omvøla klede eller husgeråd. På dei fleste gardane føregjekk dei fleste aktivitetane ute, medan nokre stader var deltakarene mest inne.

I tilbodet for personar med kognitiv svikt på Voss er aktivitetane planlagde med tema for kvar gardsdag – toving, baking, lembing osv. Aktivitetane vert utførte slik det er naturleg i fylgje årstidene. Deltakarane deltek i nokre aktivitetar knytt til dyra på garden som å gje dyra mat. Nokre likar å berre sjå på dyra. Stell av dyr og tyngre gardsaktivitetar som vedhogst ynskjer dei fleste ikkje å delta i. På garden er det mange gamle og nye reiskapar og utstyr som er knytt til gardsdrifta og kvardagen der. Dei gamle tinga vert ofte henta fram og brukt i samtale.

Deltakarane fekk prøva å finne ut kva dei kunne brukast til, og ofte var det reiskapar dei kjende frå tidlegare som dei kunne assosiere rundt. Andre dagar vel dei å sitja rundt bålpanna. Når det er for kaldt ute, er dei inne på stabbursloftet med ekstra varmeomnar på. Deltakarane bruker sine egne, vanlege klede. Aktivitørane som er med og hentar dei heime, ser til at deltakarane har varme klede på.

Dei to gardane i Bergen nyttar kvar dag aktivitetar som er knytt til garden og årstidene. Oppgåver dei har er å henta egg, laga til fôr til dyra, gjera reint hjå dyra og stella med dei. Dei ulike gardane har fuglar og dyr av ulike storleikar og som krev ulikt stell. Det er difor mogleg å variere oppgåvene etter kva den einskilde kan meistre. Dei meistrar gjerne ulikt frå dag til dag. Nokre av deltakarane gjer arbeidsoppgåver knytt til dyra, men der er og deltakarar som trivst mest med å vera med utan å «arbeida» sjølv. Dei kan vera med og sjå på, eller høyre kva dei andre fortel om dagens oppgåver – korleis dei er planlagde eller utførte. Andre aktivitetar som vert nytta er strikking, hestekokasting, gå tur, køyre på biltur, quiz og avislesing. Til jul vert det og baka og laga jolepynt av greiner og kongler som dei finn på garden, og om hausten verte det gjerne safta bær.

Tilbodet vert altså tilpassa etter individa som deltok. Som eit døme på god tilrettelegging av utarbeid, kan vi nemna garden på Voss, der gruppa med tre deltakarar frå tilbodet for dei med utfordringar knytt til psykisk helse, hadde som fast oppgåve å delta i fôring av storfe. Stemninga var god og deltakarane hadde stor omsut for kvarandre og for dyra. Vi kunne observere at ein sterkt svaksynt deltakar i gruppa hadde stor glede av å køyre fôret med traktor fram til dyra, trygt assistert av bonden. Denne arbeidsoppgåva var eit nødvendig arbeid, der dyra fekk mat og var nøgde. Ein deltakar fortalde om korleis ho hadde starta med å nærme seg kalvane, men etter kvart meistra å gå inn til dei store oksane og handtere møkagreip. Stemninga var roleg, og deltakarane hadde vorte godt kjende med kvarandre, slik at dei kunne ta omsyn og hjelpe kvarandre om det trongs. Gruppa deltok òg mellom anna i ved-arbeid. Bonden la til rette og organiserte arbeidet på ein måte der dei tre fekk brukt mange av sine ressursar i produktivt arbeid, noko deltakarane opplevde meningsfullt, medan ho tok ansvar for tryggleik.

Deltakarane får tilbod om arbeidsklede og støvlar på garden. Dei vert brukt av dei som skal gjera eit arbeid der dei kan verta møkkete eller som ynskjer det. Transporten til og frå garden er ein viktig del av tilbodet. Samtalar i bilen lagar ei gruppekjensle, ein kan kommentere ver og vind og årstider utanfor (vårteikn, frost, blommar), ein kan snakke om den neste dei skal hente, eller om dei som ikkje kan kome den dagen, eller nyhende frå garden slik som nye lam eller livdyr.

Måltid

Måltida er sentral i ein gardskvardag, og er også dette på IPT. Alle tilbydarane hadde lagt opp til ei felles stund inne eller under tak i laupet av den tida deltakarane er på tunet. Alle hadde eit felles måltid, sett bort frå garden på Voss som hadde samling i eldhuset rundt felles drikke og eventuelt litt å bite i – alt etter kva dei elles held på med. Deltakarane på garden på Voss var der 4 timar, medan dei andre gardane hadde noko lengre dagar. Deltakarane på Voss fortalde entusiastisk om dei gongene dei hadde laga mat, som surmjølkslappar, på grua. Nokre gardar hadde lagt opp til matpakke, medan andre hadde felles mat. Maten kunne og vera knytt til konkrete arbeidsoppgåver (hausta, plukka), og ved at det vert bruka mat som var produsert på

garden, som egg eller grønsaker. På stader med felles mat, deltok enkelte i førebuingar, som å dekke bordet eller å bake. Dette var populært, og det var viktig for deltakarane at alle fekk tilbod om å delta, uavhengig av alder, kjønn og funksjonsnivå. Dei fleste deltok utan at tilbydar initierte dette. Nokre stader vart deltakarane slumpvis inviterte til å delta, utan at dei som ynskte å verte inviterte hadde sagt frå til tilbydar. Arbeidet rundt mat var tildels fordelt etter tradisjonelle kjønnsroller. Alle kan bidra om dei får konkrete oppgåver.

Enkelte gardar, som Sætregården i Bergen, la vekt på at måltidet var meir enn eit samlingspunkt, samstundes som god stemning vart sett som grunnleggande. Tilbydarane på Sætregården har målsettingar og metodar for å gjere måltida til ein felles aktivitet, der alle skal delta. Alle fekk oppgåver knytt til å dekke bordet, sende mat til kvarandre under måltidet, og når det skulle ryddast vekk etter måltidet. Det vart vektlagt at måltida var eit samlingspunkt for uformell erfaringsutveksling, der ulike tema vart introduserte av tilbydarane. I samtalar rundt bordet i gruppa for psykisk helse/rus tok tilbydarane ved Sætregården eksempelvis opp tema knytt til sosiale relasjonar og andre utfordringar i livet, helse og hygiene, matvanar, økonomi og planlegging av arbeid og oppgåvefordeling, både på kort og lang sikt. Deltakarane engasjerte seg i desse samtalene som utvikla seg over lang tid. I andre samanhengar vart det vist til gode råd som hadde kome i desse samtalane.

TILBYDARERFARINGAR MED VELFERDSTENESTER PÅ GARD

Tilbydarerfaringane blir først presentert på basis av generelle inntrykk av dei erfaringar desse har med å vere tilbydar for Inn på tunet-tenester. Etter ein slik felles gjennomgang, tek rapporten ein djupdykk i relasjonen med å ta for seg tilbydarrelasjonen separat for dei ulike type tilbod som Inn på tunet representerer.

GARDBRUKAREN OG GARDEN SOM ARENA FOR INN PÅ TUNET-TILBOD

Å vere IPT-tilbydar krev tilpassing

Dei fleste tilbydarar har hatt ein personlig motivasjon for å tilby IPT-tenester på eigen gard, utover å skaffe fleire inntekter. Som ein tilbydar sa: *«Eg fekk oppdrag fordi alle – kollegaer og venner – visste at eg brann for det.»* Vi kjenner berre til to høve der kommunale etatar har tatt initiativ og etterspurt utvikling av IPT-tilbod ved konkrete gardar. Den personlige motivasjonen er sterk, til dømes ønske om å vise nye generasjonar gardsdrift og ønske om å utvikle ein arena *«med rom for alle, som ein liten landsby, der vi sjølve også kunne hatt gode dagar om vi ikkje kunne ha vanleg arbeid.»* Dei fleste tilboda har vorte utvikla gradvis over mange år. I eit tilfelle fekk tilbydar avtale med kommunen om utleige av tilbygg på låven, som skulle brukast til tilbodet, for å sikre drifta og investeringa for ein periode. Dei fleste tilbydarane har opplevd at dei personleg har måtta ta ein økonomisk risiko ved å investere i omlegging til IPT, og har difor utvikla tilbodet gradvis.

Alle har gjort endringar på garden medan tilbodet er utvikla og vidareutvikla. Til dømes har dei fleste skilta og merka dører, veggjar og utstyr for at deltakarar skal kunne finne fram. Mange

gardar har gjort ein del større endringar i bygningsmassen og i drifta. Den vanlegaste endringa er ombygging av driftsbygningar for å få opphaldsrom for deltakarar med toalett og kjøkken, nokre har bygd omkleddingsrom/garderobe, eller større opphaldsrom med kjøken, stove og langbord. Det er til dømes bygd opphaldsrom og toalett i samband med låve og hønsehus. Enkelte har bygd tilrettelagt toalett for rullestol og/eller medhjelpar. To gardar har investert i nye bygg eller tilbygg for å huse aktivitetar, og for å ha eige toalett og lunsjrom for IPT-tilbodet. Endringane har oftast skjedd over fleire år, etter kvart som tilboda har utvikla seg. Ein del har kjøpt inn publikumsvennlige dyr, eksempelvis lama og mini-storfe. Slakt og avl kan då skje med tanke på om dyra er positive innslag i det sosiale gardsmiljøet. Kjøtt vert levert til salslaga som før, men i mindre volum. Gardane har tatt inn fleire typar dyr for å vere meir interessante, og gradvis utvida til variert produksjon i motsetnad til einseitig produksjon av kjøtt eller mjølk. Produksjon av frukt, grønt, krydder og blomar har utvikla seg på same vis – både for sal og til eige forbruk i samband med IPT-tilbodet.

Nokre tilbydarar avgrensar drifta av IPT-tilbodet til visse grupper av deltakarar eller til visse tider på året, av di dei ikkje har gode nok fasilitetar til meir varierte tilbod. Til dømes har garden på Voss stengt i den kaldaste perioden på vinteren, av di dei ikkje har varmestove som er god nok på den tida. Dei vil på sikt ta i bruk eit kårhus som for tida er utleigd til anna føremål og gjere nokre endringar der. Andre manglar toalett for personar med fysisk funksjonshemming, eller personar som treng hjelp, men kan ta imot deltakarar som klarar seg sjølve.

Ein del tilbydarar har lagt om produksjonen etter kvart som IPT-tilbod har kravd meir arbeid. Som ein av tilbydarane sa: *«Vi merka at det ikkje gjekk an å kombinere mjølking av kyr om morgonen med at vi skulle ha overskot til dagar med skuleborn»*. Omlegging av produksjonen har altså to årsaker: på den eine sida vert det gjort tilrettelegging for å gjere garden meir veileigna som IPT-gard, og på den andre sida har tilbydarane justert eller lagt om jordbruksproduksjon og drift for å kunne tilby IPT-tenester. Ein gard i Bergen har måtta legge om produksjonen på grunn av kommunale reguleringsplanar parallelt med utvikling av IPT-tilboda.

Dei fleste gardane med stor drift innan IPT har starta opp lenge før IPT-ordninga. Godkjenning som IPT-gard har ikkje gjort nokon skilnad for deira drift. Nokre tilbydarar ser det som positivt at IPT-ordninga set krav til kvalitet og tryggleik på garden (jf. KSL revisjon, HMS og IK-rutinar), men meiner dette i alle fall ville ha vore ivaretatt gjennom andre godkjenningsordningar. Fleire av dei som selde grøne tenester til kommunane før IPT ordninga kom på plass, fortel at dei også då hadde tett kontakt med kommunale kjøparar som stilte krav og kom med ynskjer om korleis tryggleik og velferd for deltakarane skulle ivaretakast. Til dømes vart spurt om fasilitetar som toalett og varmestove/lunsjrom. Nokre tilbydarar har hatt støtte frå Innovasjon Norge til deler av satsinga. Uvisse rundt inntening og kortvarige kontraktar har gjort at mange har venta med å setje i gong og at dei gradvis har utvikla tilbod og lagt om produksjon. Tilbydarane har lagt til rette for IPT-drift på ulike måtar. Stort sett nyttar tilbydarane den bygningsmassen dei har, og endrar lokala stegvis, slik at dei passar til dei til IPT-tenestene garden tilbyr.

Når det gjeld drift og produksjon, så fortel fleire at dei har gjort stegvise endringar som å leggja om til ikkje-kommersielt dyrehald (i den forstand at dyra vert fødde for at dei som vitjar garden skal få opplevinga med dyra, og ikkje for at dyra skal vera del av ein produksjon som t.d. mjølk, kjøtt, egg). Ein av tilbydarane fortel om nedlegging av mjølkeproduksjon ved overgang til IPT med

få og utvalde dyr (geiter, høner, hund, katt, kanin, ender). Dette vart gjort for å ha tid nok til å levere høg kvalitet på IPT-tenestene. Hjå dei fleste er ikkje produksjonen lagt om, men det er investert i dyr og fuglar som er til hygge for dei som vitjar garden.

Kva kompetanse og ressursar har tilbydarane?

Tilbydarane har variert kompetanse, med ulik erfaring og formalkompetanse, som agronom, bonde, barnehagelærer, spesialpedagog, gartner, sjukepleiar, helsefagarbeider, elektromontør, avløyser, konditor, språklærer, barne- og ungdomsarbeider, tømrrar, hjelpepleiar, medarbeidar med brukarerfaring, ABC-demenskurs, IPT-kurs og andre kurs. Mange har tatt utdanning/kurs i forhold til den brukargruppa som får tilbod på deira gard. Mange har teke kurs i regi av IPT-nettverka og Fylkesmannen, som til dømes etablerarkurs, eller høgskulekurs som "Garden som pedagogisk ressurs". Vi har ikkje grunnlag for å vurdere om det er ein samanheng mellom tilbydars formalkompetanse og kvaliteten på tilboda. Kor vidt korte kurs bidreg til auka handlingskompetanse hjå tilbydar er usikkert. Personar som får tilbod om velferdstenester på gard treng ofte å bli møtt med ikkje-standardiserte opplegg. Korte kurs har ein tendens til å fremja standardisering, og vi er usikre på korleis bøndene vert oppmoda til å stole på seg sjølve eller til å stole på "standardoppskrifter." Velferdstenester på gard er eit felt som er samansett, og der rammene for tiltaka er ulike. Det er viktig å verdsetje den kunnskapen som finst hos tilbydar og i feltet generelt. Her tenkjer vi særleg på at kjøpar og bestillar må ha tillit til den verksemda som skjer på garden. Det må vera rom for å prøva seg fram, og tora vera kreativ, utan at det set liv eller helse i fare. Det er mykje vi ikkje har kunnskap om, og tilbydarane må få støtte på å prøva seg fram. Deltakarane er ulike sjølv om dei har nokre felles utfordringar. Bøndene må få tillit til å prøva seg fram slik at flest råd har det best råd.

Bøndene må ha både "mjuke" og "harde" evner og kompetansar (Valkonen, Huilaja et al. 2013). For at velferdstenester på gard skal tilby det deltakarane treng og kjøpar forventar, må bøndene kunne handverket sitt – dei må ha dugande praktisk kompetanse og erfaring som er relevant på den garden dei held til. Samstundes treng dei relasjonelle evner og interesser. For at deltakarane skal kunne inngå i det sosiale fellesskapet, og skal kunne delta i arbeidsfellesskapet, må dei klare å delta i samspelet – anten dette er frå ein litt tilbaketrekt posisjon eller meir aktivt og sentral posisjon. Bøndene treng "mjuke" evner som kan invitere og engasjere ulike deltakarar på deira premiss. Slik sett er deira oppgåve å lage handlingrom for sine gjester på tunet, gjennom å lage tydelege rammer for dagen og for arbeidsoppgåvene, og samstundes late dei ulike personane få bruke eigen kreativitet og arbeidslyst på ulike vis (Folkestad 1997).

Alle gardar har fleire friviljuge knytt til garden. Dette kan vera fôrvertar, hesteeigarar, gjester, familie, vener, naboar eller likande. Desse personane utgjer ein sentral del av arbeidskrafta, miljøet og landskapet på gardane. Slik vi ser det, er dette ein naudsynt ressurs for at IPT-tilboda skal finnast. På ein gard er det ofte ulike verksemdar og der fleire personar kan vera i arbeid utan at dei er direkte knytt til IPT-verksemda. Desse personane er også i kontakt med deltakarane på ulike vis og er ressurspersonar på gardane

Samarbeid med kommunane

I Voss kommune vert det meldt at samarbeida med kommunen om vilkår har gått greitt. Det er lite samarbeid utover at det vert rapportert og meldt inn tilbod i anbudsrundar. Det er nært samarbeid med tilbydar og personalet ved sjukeheimen.

Bergen kommune har no ei ordning med tenestekonsesjon. Tenestekonsesjonen er for 4 år om gongen. Nokre av tilbydarane er svært fornøgde med ordninga, medan andre meiner det er lite å vinna på å formalisere samarbeidet på denne måten. Nokre seier at dette var ein *”ryddig og god prosess”* med Bergen kommune og at *”det gjer at dei får eit auka fokus på at tilbodet skal verta betre”*. Andre meiner at *”tenestekonsesjon er ein papirtiger, bortkasta tid og krefter”*. Ingen har erfart at dette har endra oppdragsmengda. Fleire tilbydarar fortel om ein «kronglete» veg med korte kontraktar og uvisse før tenestekonsesjon. Det kan med andre ord sjå ut til at nokre av tilbydarane har fått betre kontraktar. Tenestekonsesjonsordninga omfattar ikkje skuletilboda. Bergen kommune har likevel presisert at dei som tilbyr tenester til skuleelevar, skal ha IPT-godkjenninga på plass.

TILBYDARERFARINGAR – PEDAGOGISKE TILBOD/BARNEVERN

Dataa i denne delen er med utgangspunkt i situasjonen i Bergen kommune. I Kvinnherad har ein lærar hatt tilbod på sin gard, men vore tilsett ved skulen. Ho tok etterutdanning i spesialpedagogikk for å sikre kvalitetane i tilbodet. Det vart likevel avgjort at det skulle avsluttast. Det var ikkje fast opplegg for born på Voss innanfor Inn på tunet-ordninga, so langt me kjenner til, sjølv om skulen hadde andre grøne tilbod for sine elevar.

Barn og unge har opplæringsplikt, og alle læringsaktivitetar skal heimlast i opplæringslova. Det er regulert i opplæringslova kven som kan vera ansvarleg for undervisning og rettleiing, og kven som har ansvar for å lage individuelle opplæringsplanar og evaluere kor vidt elevar lærer det dei skal. Uavhengig av kva tilbod grupper eller einskildelevar vert tilbydde på gard, så er det skulen som har ansvar for at tida på garden vert ein integrert del av opplæringa. Dei gardane vi har besøkt som har skuleelevar, kjende alle til den ny nasjonale rettleiinga (Nasjonal veileder. Inn på tunet - gården som læringsarena for barn og unge 2015).

I Bergen er de to ulike former for avtalar mellom IPT-bøndene og skulane:

1. Bonden er tilsett på skulen som pedagog eller miljøarbeidar, og arbeider på eigen gard
2. Bonden har direkte avtale med skulane

Når bonden sjølv er pedagog/spesialpedagog, kan elevane møte same lærar inne på skulen som på garden. Denne ordninga er i bruk ved Bergen kompetansesenter for læringsmiljø. Skulen, elevane, føresette og bonde/pedagog er nøgde med denne ordninga. Når bonden kjem til skulen/pedagogen på garden, kan det lagast ein tydelegare samanheng mellom det som skjer på garden og det som skjer på skulen. Pedagogen får sett elevane i fleire situasjonar, og får eit breiare inntrykk av elevane sine kompetansar og har eit breiare spekter av tiltak for å stimulere til fagleg og sosial læring. Sjølv om elevane har individuelle opplæringsplanar, er tilbodet gruppebasert. Assistentar kan vera med frå skulen om det er turvande.

Når bonden er tilsett som miljøarbeidar på eigen gard, må skulane sjå til at det er lovpålagt pedagogisk kompetanse til stades. Det betyr at det som hovudregel er ein pedagog med til garden. Pedagogane får god oversikt over elevane sine kompetansar, men har ikkje same handlingsrom som bonden som er pedagog, jf. over.

På langt fleire gardar har skulane direkte avtale med bøndene, og arrangerer besøksdagar eller fastare opplegg rundt einskildelevar. Tidlegare var dette basert på munnlege avtalar, gjerne for fleire år om gongen. No er hovudinstrykket at det vert skrive ny kontrakt for kvart skuleår. Denne gjer klart kva tilbodet skal innehalde, kven det skal gjelde for, kven som skal kome med og pris. Fleire tilbydarar har erfart at det er særskilt krevjande å ta i mot elevar med store lærevanskar eller sosiale problem. Desse elevane krev gjerne so mykje individuell tilpassing at det ikkje kan vera andre aktivitetar på garden samstundes. Tilbydarane har og erfart at det kan vera krevjande å få assistentar til å finne seg til rette på garden. Om assistentar klager på lukt, fukt og skit, smittar det ofte over på elevane. Tilbydarane må på fleire vis avvege omsyn til einskildelevar mot omsyn til grupper. Nokre satsar på einskildelevar og nokre på grupper. Fleire fortel at det viktigaste for dei er å formidle gardstradisjonar, matkultur og generell kunnskap om matproduksjon og jordbruk, og dei satsar difor heller på større grupper skuleelevar enn einskildelevar.

Bøndene har som hovudregel avtalar med nærmiljøskulane sine, slik at dei som kjem til garden som grupper ofte kjem gåande. Det same gjeld for barnehagar. Det er stor interesse for gardsbesøk rundt jul og når lemming/kjeing byrjar. Bøndene opplever at det er ein klar samanheng mellom kven som er rektor og bruk av garden som ålmennpedagogisk eller spesialpedagogisk arena. Skular og barnehagar avsluttar nokre gonger samarbeidet når rektor eller førskulelærar byter jobb, men kan og oppleve at dei får nye kundar frå dei skular/barnehagar tidlegare samarbeidspartar flyttar til.

På trass av at Bergen kommune ikkje gir tilbod utan tenestekonsesjon, er det fleire IPT-gardar som gjev tilbod innan barnevernsfeltet. Dette feltet er kjenneteikna av same utvikling som skulefeltet i Bergen kommune: det har utvikla seg frå munnlege avtaler og personleg kjennskap til direkte avtaler. Mange av tilbydarane av gardsaktivitetar til barnevernet i Bergen har over 20 års erfaring med "grøne tenester". Avtalane gjeld bruk av garden som arena for familiesamvær, for riding eller hestestell, ettermiddag eller helgesamvær. Bøndene har hatt og har ulike godtgjersler for dette: støttekontakt, besøksheim, timeløn, fastpris. Dei vi har hatt kontakt med, er alle nøgde med dei ordningane dei sjølve har og har hatt. Bønder som tilbyr desse tenestene ynskjer alle betre kontakt med kjøpar for å melde tilbake korleis deltakaren utviklar seg. Nokre av bøndene har vore med i ansvarsgrupper, og fann dette nyttig.

Tilbydarar som hentar borna om morgonen, nyttar transporten til å planleggja dagen saman med elevane. Tida i bil er viktig av fleire grunnar – ro, lite press på samtale, setje tonen for dagen, planlegge, oppsummering, dela erfaringar og observasjonar, samt at ingen direkte blikk-kontakt mellom sjåfør og passasjer reduserer sosialt press. Alle passasjerane kan veksle mellom mjuk og fokusert merksemd – retta mot det som skjer inni bilen eller det som er på utsida (Kaplan 1995, Berman, Kross et al. 2012)

TILBYDARERFARINGAR – PSYKISK HELSE OG RUSPROBLEMATIKK

Det er mange ulike ordningar og samarbeidspartar for bøndene på dette feltet. Det er krevjande for tilbydarane å halde seg orientert i eit felt som er i stendig endring. Informasjon om tilboda går mest frå munn-til-munn, basert på tidlegare erfaring med tilbydarane. NAV-reforma er ei utfordring for mange, det er uklart kva tid det er NAV stat og NAV kommune som er aktør. Tilboda frå bøndene omfattar arbeidstrening, arbeidskvalifisering, varig tilrettelagt arbeid, dagtilbod, støttekontakt, fast tilsetting i gruppebustad (bruke eigen gard som arbeidsplass), timebasert honorar, dagbasert honorar, avtaler for enkeltbesøk eller nokre månader. Tenestene vert kjøpt av offentlege og private institusjonar/tiltaksleverandørar.

Tilbydarane samhandlar med mange ulike kjøparar, og saknar i nokre tilfelle samordning for deltakarane. I nokre tilfelle har kontraktane gått ut, utan at deltakarane veit kva som skal skje vidare. Dette skaper uro og angst for framtida. Tilbydarar som har lite erfaring med rusproblematikk var usikre på kva som er målsetjinga med tilbodet, og dei opplever at det er uklart kva som er vilkåra for å kunne vera på garden t.d. i høve til rus. Fleire tilbydarar etterspør rettleiing i handtering av ulike situasjonar som oppstår. Til dømes, kva skal ein gjere om nokon er synleg rusa eller ter seg på ein måte som gjer andre utrygge. Det er ulike syn på kva for personar med rusproblem/psykiske helseproblem som kan ha utbytte av velferdstenester på gard og korleis dagane skal organiserast for desse personane. Dette kan også sjåast i samband med at rusfeltet har endra seg raskt dei siste åra, etter at ruslidingar vart ein diagnosekategori i 2004. Helse- og omsorgstenestene har i større grad vorte retta mot å støtta og stimulera den enkelte med utgangspunkt i personen sine ressursar og interesser, mens det for få år tilbake var eit større fokus på at den enkelte skulle gjere seg fortent til eksempelvis jobb og bustad. Ein ny rettleiar for bruk av IPT-gardar i rusarbeid kan kanskje bøte på noko av dette (Sudmann and Agdal 2016)

Nokre gardar har eit stort mangfald av deltakarar på garden på same tid. Tanken hjå desse er at dei ulike deltakarane kan vera ressursar for kvarandre og ikkje minst oppleve seg sjølve som ressursar for andre der dei har noko å gje. Fellesskapet vert laga omkring dei naudsynte arbeidsoppgåvene på garden, og fellesskap ved måltida og i transport. Dei fleste tilbydarane hadde ei planleggingsøkt saman med deltakarene ved starten av dagen, der dei på førehand hadde tenkt gjennom aktuelle oppgåver, men kunne så tilpasse dei til dei einskilde deltakarane. Oppgåver vart valde ut frå «dagsform» og motivasjon. Eksempelvis vart det nemnt av tilbydarar ved tre av gardane i Bergen at deltakarar med rus-utfordringar også kunne hjelpe til ved besøk frå skule- eller barnehage, men at dei vurderte dette frå dag til dag. Dersom ein person ikkje virka kontrollert og i stand til å skape tryggleik for borna, så ville vedkommande få forslag om andre aktivitetar andre stader på garden. Garden vert brukt som gard, inne og ute, noko som inneber at det er mange område og mange ulike oppgåver tilgjengeleg. Ingen av dei vi snakka med hadde erfart at ordninga med tenestekonsesjon (Bergen) hadde gitt dei fleire oppdrag på rus/psykisk helsefeltet. Avtaleinngåing var dels gjennom tenestekonsesjon, og dels gjennom direkte kontakt med gardane og forvaltinga (litt uklart kva etat, og om det var stat eller kommune), og dels mellom gardane og rusinstitusjonar.

Nokre av bøndene har vore med i ansvarsgrupper, og fann dette nyttig. Bøndene vil gjerne dele erfaringar med andre tenesteytarar – anten dette er gjennom ansvarsgrupper, kontaktpersonar

eller pårørende/nærstående. Bøndene vil gjerne ha fleire typar tiltak til desse personane på gardane, og ser gjerne at NAV kan rettleie dei i kva for ordningar som passar og som gir inntekter (praksistilskot, integreringstilskot osv.).

TILBYDARERFARINGAR – PERSONAR MED KOGNITIVE VANSKAR

Dette gjeld tilbod i Bergen og Voss kommunar. Kvinnherad har ikkje dette tilbodet når datainnsamlinga fann sted, men har ved prosjektlutt starta opp et dagtilbod ein dag i uka.¹⁰ Under har vi trekt fram det som bøndene var opptekne av, og som vi tenkjer er viktige for at IPT-tenester til personar med kognitiv svikt skal verta vurderte som relevante.

Informasjon om tilbodet

For at gardane skal kunna levere IPT-tenester til personar med kognitiv svikt, må det vera råd å finna informasjon om desse tilboda for kjøparar, personane sjølve og deira nærstående. Informasjon om garden til relevante kjøparar og deltakarar er første steg mot ein samhandlingsrelasjon, og bøndene er opptekne av kor den informasjonen dei prøver å senda frå seg endar.

På Voss vert informasjon gitt som del av informasjon om det tilrettelagde dagtilbodet til personar med kognitiv svikt. Personalet vel ut dei som skal vera med på tilbodet ut frå kjennskap til personen og deira interesser og behov. Tilbodet om dagtilbod til personar med demens er også gjort kjend på Voss kommune sin nettstad, men Inn på tunet er ikkje nemnd særskild.

I Bergen er tilbodet gjort kjend på nettsidene til Bergen kommune under Helse og omsorg/Dagtilbod med overskrift: «Gårdstilbud for yngre personer med demens (Inn på tunet)». Under kriterier vert det sagt at målgruppa er yngre personer (<70 år) med kognitiv svikt. Tilbodet er helst for personar i tidlig fase av sin demenssjukdom, og deltakarane må vere fysisk i stand til å delta i arbeidet på gard. På nettsida er dei konkrete gardane namngjevne og krav til deltakarane står og lista. Her står at dagtilbodet vert gitt 5 dagar per veke. På tidspunkta vi var i kontakt med tilbydarane i Bergen, hadde ein av gardane tilbod til personar i alderen 55-66 år, medan den andre garden hadde tilbod til personar frå 70 år. På garden der dei eldste var, var nok og den fysiske tilstanden til einkilde deltakarar slik at det kunne vere vanskeleg «å gjera eit gardsarbeid», slik kravet var. Tilbydarane meinte at grunnen til at dei var søkt til dette tilbodet, var fordi dei her fekk gå og bevege seg. Tilbydarane hadde erfart at deltakarar hadde vorte flytta frå IPT-tilbodet til eit tilbod for yngre personar med demens som kommunen sjølv sto for. Dette vart gjort utan samarbeid med IPT-garden, og det var ukjend for tilbydarane kor mykje deltakaren hadde vore involvert i flyttinga.

I intervjuet med tilbydarane kom det fram at ingen av dei hadde tilbod til personar med kognitiv svikt 5 dagar/veke, men det var eit ynskje frå tilbydarane å kunne utvide tilbodet sitt.

¹⁰ I dette nye tilbodet får tilbydar timesbetalt.

Tilbydarane har informasjon om IPT-tenestene på garden sine heimesider. Her legg dei og ut informasjon om andre aktivitetar og tilbod på gardane sine.

Bruk av garden

Tilbydarerfaringane heng sjølvstekt saman med kva for gard dei har, kor stor del av garden som kan takast i bruk, deltakarane sine interesser og korleis dei tenkjer omkring dei ulike utfordringar dei ulike oppgåvene på garden gir deltakarane.

Lokala som nyttast til IPT-tilbodet på gardane er ulike. På Voss er deltakarane for det meste ute eller i stabbursloft (ikkje isolert) og i fjøset. Ein kan ikkje kome på toalettet med rullestol, og det er knapp plass til medhjelpar. I tillegg er der utedo som nokre deltakarar likar å nytta. Tilbydaren fortel om planar for å betre desse tilhøva. Tilbydarane tenkjer noko ulikt om korleis dagane skal organiserast, og om kva som er godt for den einskilde person med kognitiv svikt. Medan ein gard tek fram ting som er over 100 år gammalt, seier ein annan bonde at rokk for oss i dag er rock – deltakarane her vaks opp med Elvis som meg, ikkje med ei bestemor som kunne spinna.

Den eine garden i Bergen har eit kårhus der dei et og gjer aktivitetar knytt til måltid, avislesing, quiz og samtalar. Bygningen er eit eldre hus med mange trappetrinn opp til inngangsdøra. Her er ikkje plass til medhjelpar på toalettet.

Den andre garden i Bergen har eit eige bygg som er samlingsstad. Aktiviteter som naturleg skjer inne finn stad her. Her er det tilgang til toalett med rullestol og god plass til medhjelpar.

På alle gardar skjer dei ulike aktivitetane både ute og inne, og når ein oppheld seg på ein gard, vert ein utsett for både lukt og skit. For å kunne ta del i aktivitetane, må klede og skotøy vera tilpassa dette. På desse gardane er tilbydarane klar over dette, så difor er eigna klede eit tema. I vårt materiale såg vi at dei yngre personane tok på seg arbeidsklede som dei hadde på garden, og kunne dermed delta i arbeidet. Dei eldste ville ikkje gå med arbeidsklede. Det er ei utfordring for tilbydaren når dei eldre kjem og er for tynt kledd eller har nyvaska jakke som ikkje tåler å verta brukt i fjøsen. Dei eldste likar å vitje garden og sjå og oppleve den og dyra, men ikkje utføra eit arbeid, noko som er naturleg for denne aldersgruppa. For tilbydaren er det krevjande å finna gode aktivitetar som dei eldste kan vera med på dersom der i tillegg ikkje er varme lokale tilgjengeleg på garden.

Aktivitetane som vert nytta, er for det meste knytt til drift av garden, og det går igjen at tilbydarane vil at oppgåvene skal vera naturlege og naudsynete, eller noko som tradisjonelt er vorten utført på ein gard. Difor er stell, fôring, inn/utslepp av dyra, møyking og rydding viktige oppgåver. Oppgåvene er knytt til årstidene. Der deltakarane er på garden heile dagen, er måltidet og oppgåvene rundt dette ein del av aktivitetane.

Transport

Alle IPT-tilbydarar er opptekne av at transport er ein del av tilbodet dei gir, det er ikkje berre transport som kan gjerast av kven som helst, eller som enkelt kan skiftast ut med individuell transport eller drosje. For gardane i Bergen er tida i bilen inkludert i det timetalet bøndene tilbyr/sel som IPT-teneste.

På Voss hentar bil frå sjukeheimen deltakarane heime og køyrer til garden. Aktivitørane er med bilen. Tilbydar køyrer oftast deltakarane tilbake. Tilbydarar i Bergen med tilbod til personar med kognitiv svikt, har avtale om transport av deltakarane mellom eigen heim og garden. Tilbydarane fortel at dette er ein fin måte å møte deltakarane på. Dei har mykje å samtale om i bilen, dei ser på omgjevnadene sine, på skifte i årstider, snakkar om aktuelle lokale saker og bryr seg om kvarandre. Dei fortel at det ofte er god stemning i bilen.

Tida i bil er viktig av fleire grunnar – ro, lite press på samtale, setje tonen for dagen, planlegge, repetere kva som har skjedd dagen før/veka før, dela erfaringar og observasjonar, samt at ingen direkte blikk-kontakt mellom sjåfør og passasjerar reduserer sosialt press.

Samarbeid med kommunen og med pårørnde

I kontrakt mellom kommune og tilbyder heiter det at det skal vere oppfølging frå helseetaten i kommunen ein gong for året av ei ressursgruppe. Dette har fungert noko varierende i Bergen kommune, men er blitt gjennomført det siste året. I fylgje kontrakten er det kjøper av tenesta som skal ta initiativ til dette møtet.

Bergen kommune har to samlingar for året for alle dagsenterleiarane i kommunen, leia av koordinator for dagsenter. I dette forumet vert ulike tema tatt opp som gjeld drift av dagsenter, slik som måltider, rapportering i profil med vidare. Kommunen har og møter i dei ulike bysonene for dagsenterleiarane der. Dette er 1g/året og vert leia av helseetaten. Saker som vert drøfta her gjeld drift av dagsenter, om transport, belegg, og her kan dei samarbeide i ulike saker. Tilbydarane er med på desse møta og meiner dei er særst nyttige. Desse møta fører til betre samarbeid, og der kan dei saman kan løyse problem. Her diskuterer dei også mogelege endringar i drift - som til dømes å finna mobil-løysing på rapportering i "profil". Det kan til tider vere vanskeleg å gå på møte då det kan kollidere med drift av verksemda.

Tilbydarane har kontakt med kommunalt tilsette i samband med den einskilde deltakar. Dei har telefonkontakt med heimesjukepleie og har rutinar for kontakt. Dei har kontakt med hukommelsesteam i sonene og kan søkje faglig rettleiing der ved behov. Personer frå hukommelsesteamet har gjort seg kjend med tilbodet på garden. Tilbydar ser at det er eit stort behov for informasjon til forvaltningseininga i kommunen, ettersom det er dei som vel ut deltakarar til tilbodet. Tilbydarar har fått moglegheit til å koma på møter med forvaltningseininga for å informere dei tilsette. Det er skjedd endringar i prosjektperioden. Etter rundane med erfaringsseminar og kommunikasjonsformidling, i og mellom kommunane, melder ein av tilbydarane at det har skjedd ei positiv endring frå kommunen si side, med tettare dialog og meir informasjon.

Kontakten med pårørnde skjer helst på telefon, og også ved henting og heimkøyring. Både tilbydarane og personalet i kommunen høyrer frå pårørnde at når dei ser og høyrer at deira nærpersonar har ein god dag, då får dei ikkje dårleg samvit av å «senda» dei på dagtilbod for å få avlasting.

FRAMLEGG TIL ENDRING FRÅ TILBYDARSIDA

Tilbydarane ynskjer at deira bidrag skal inkluderast når ein skal evaluere eller planlegga tiltak for einskildpersonar. Om velferdstenester på gard er sidestilt med andre velferdstenester, må det vera eit betre system som informasjonsflyt, deling av erfaring, individuell tilpassing og tenesteutvikling. Rapportering med mobil løysing kan vere eit tiltak som gjer at det som skjer på dagtilbodet på gard vert likeverdig med annan dagsenterverksemd.

Informasjon om innhaldet i Inn på tunet-tilbodet ser dei som særskild viktig. Tilbydarar seier at det å vere til stades på garden er å delta i det som skjer. Om deltakaren ikkje klarar å gjera eit arbeid, så er det mange kvalitetar i dette opphaldet som ikkje kan målast i utført arbeid. Dei meiner at tilbodet kan vera viktig og nyttig for endå fleire enn dei som i dag får dette tilbodet. Dei ynskjer også å kunna utvida tilbodet til fleire dagar for veka. Tilbydarane ynskjer fortsatt samarbeid med kommunen på alle nivå, både med ressursgruppa og fagmiljø, og dei ynskjer å verta sett på som ein ressurs i kommunen. Mange heimebuande personar med kognitiv svikt kan ha nytte av at det er avtalt rutinar for korleis nærstående/pårørande skal få kjennskap til kva som har skjedd på garden – frå dag til dag. Det er ulike modellar for dette: notatbok, bilete, e-post, tekstmelding på telefon, osv. Det bør avtalast om informasjon skal gå via deltakaren sjølv, eller direkte til nærstående, t.d. på e-post. Desse rutinane tener som dokumentasjon av kva tilbodet inneheld, og kan brukast for å evaluere og tilpassa tilboda betre.

ERFARINGANE TIL DELTAKARAR PÅ INN PÅ TUNET-TILBOD

Vidare går vi gjennom på deltakarane si erfaring med Inn på tunet-tilboda. Målet er å kunne nytte desse erfaringane i diskusjonen av kva som er kritisk med tanke på å sikre og utvikle relasjonen mellom tilbydar og kjøpar. Ei utvikling av denne relasjonen har nettopp siktemål å gje deltakarane best moglege velferdstenester. Ut frå ei vurdering av kompetanse og avgrensing, har Høgskulen i Bergen valt å fokusere på tilboda knytt til personar med psykiske lidingar og/eller rus, og personar med kognitiv svikt. Det vil seie at det ikkje er gjort intervju eller samtalar med deltakarane i dei pedagogiske tilboda. Dette er dels knytt til kravet om samtykke frå føresette om eleven er under 18 år, og dels til at opplæring er heimla i opplæringslova. Elevane som får IPT-tilbod som del av sin skulekvardag, har dette som del av den individuelle opplæringsplanen (IOP). Det vart gitt ut ein nasjonal rettleiar for opplæring på gard/IPT-tenester på gard i 2015 (Nasjonal veileder. Inn på tunet - gården som læringsarena for barn og unge 2015). Føreliggande prosjekt hadde ikkje kjennskap til at denne var under arbeid då det var søkt om finansiering. Me har valt å retta fokus mot dei IPT-tenestene som det er lite forskning på, og som sentrale styresmakter ynskjer skal vidareutviklast.

Erfaringane viser at deltakarane på tunet hadde mange samsvarande erfaringar, uavhengig av kva som var grunnen til at dei hadde fått tilbodet, på tvers av gardar og utan kopling til korleis dagane var organisert eller kva innhald desse hadde.

Natur, dyr, gard og fysisk aktivitet

Det som vert sagt oftast er at det er godt å kome ut av byen eller godt å kome seg heimanfrå. Alle har kommentarar som er knytt til at det er kjennes godt med natur og dyr, og at det

kjennest godt å vera på ein gard. Kontakten med dyra gjer folk godt –anten denne kontakten er å sjå på dei, ta i dei, mate dei eller stelle dei. Dette gode vert ikkje forklart nærare enn at det kjennest godt der og då, og etterpå, når ein kjem heim. Mange viser til at det å vera på ein gard er som å vera ein annan stad – der annan stad betyr noko særskilt i tyding i ein annan tidslogikk, ei anna sfære eller ein annan dimensjon. Mange hentar inspirasjon frå litteratur eller film for å forklara oss kva dei meiner: Det er som å koma til Narnia (CS Lewis), det er som Avatar (J Cameron), Ringens Herre filmene (P Jackson) og så bortetter. Det at det ikkje er mas med mobiltelefon og internett (manglande eller dårleg dekning) vert opplevd som godt for mange. Ein treng ikkje lyge seg vekk frå nettkontakt – nokre stadar er det rett og slett uråd å koma på nett – noko og mange ungdomar set pris på.

Fleire forskarar forklarar dette med at mennesket har ei ibuande tilknytning til naturen, som gjer at vi vert trekt mot stader med ly, oversikt, næring og vatn. Når vi har det vi treng for å overleve (oversikt, mat, drikke, ly), kjenner vi velvære og vi kjenner oss trygge. Denne kjensla av tryggleik skapar ro og gir høve til å hente seg inn att. Menneska er og slik at me først orienterar oss mot ikkje-levande ting – som vatn og steinar og fjell. Når vi finn ro med dette, rettar vi merksemda mot planter og skog, sidan dyr, og til sist mot andre menneske. Det er denne vekslinga mellom å være merksam og konsentrert om ikkje-levande ting som stein og vatn, og så rette merksemda mot levande planter, dyr og folk som bidrar til stressreduksjon, til restitusjon og rehabilitering. (Searles 1960, Kellert and Wilson 1993, Ulrich 1993, Ottosson and Grahn 2005, Ottosson and Grahn 2006, Ottosson 2007, Ottosson and Grahn 2008, Capaldi, Dopko et al. 2014). Ein IPT-gard har det som talar til den ibuande tilknytninga til natur, planter og dyr, og difor og har det som kan gje oss fred og ro og tid til å få nye krefter gjennom å gjera, væra, bli og høyre til (Hitch, Pépin et al. 2014, Hitch, Pépin et al. 2014). Sjølv den avgrensa kontakten ein får med natur gjennom å sitja inne og sjå ut gjennom eit vindaug har påviselege helseeffektar (Kaplan and Kaplan 2003).

Mange kommenterer at det er godt å rusla på tunet, og at det er godt å smårøre på seg gjennom dagen. Fysisk aktivitet med låg til moderat intensitet stimulerer hjernen slik at ein betrar evna til å orientere seg, til å hugse og til å lære. Ein liten tur, særleg utandørs, betrar kognitive evner med ein gong, og effekten varar ved dagen ut. Dette gjelde alle på tunet – ikkje berre dei som tek i mot tenestene – og dei som bur der, er på besøk eller er friviljuge. Effekten av å smårøra på seg utandørs er større enn om ein gjorde det same innandørs (Thompson Coon, Boddy et al. 2011, Gladwell, Brown et al. 2013). Ut frå kva vi veit om korleis rytme og rørsle påverkar hugsen (minnet) og kreativiteten til hjernen, kan vi faktisk forvente at bilturar på smale vestlandsvegar kan gi noko av den same stimuleringa (Fadnes, Leira et al. 2010). Det er interessant å registrere at mange finn ekstra glede i å kunne bli våt og kald og skitten, og at masse vind og nedbør er stimulerande. Særleg om ein etterpå kan samlast ved eit bål, eit varmt måltid eller varm drikke.

Sosialt samvær

Mange kommenterer at det er annleis å vera inne på garden enn å vera inn heime. Det er noko anna å sjå på, og det er sosialt inne. Og det er som å vera på hyttetur når det er dårleg ver. Forsking viser at det å sjå noko grønt hjelper oss til å tåle stress – til dømes å tåla å ha og visa orienteringsvanskar eller lærevanskar eller andre utfordringar. Når vi har utsikt til natur – til dømes noko grønt som på ein gard – så viser det seg at vi toler meir, og har det betre (Ulrich

1979, Ulrich 1986, Ulrich, Simons et al. 1991, Ulrich 2002). Samstundes har andre vist at det sosiale samværet som garden kan tilby saman med lett til moderat fysisk aktivitet bidreg til betre helse og større trivsel (Maas, Verheij et al. 2008, Maas, Van Dillen et al. 2009). Vi har sett at på ein gard vil folk småsnakka med dei ein sit attmed – anten dette er ungdommar ute rundt eit bål eller eldre i ein sofa i tunhuset. Det same skjer i bil og i stall. Samtalar mellom personar som i utgangspunktet er framande for kvarandre glir lett. Ein snakkar gjerne mest om det som skjer her og no, men og om det som har skjedd på garden tidlegare eller skal skje. Eller om noko fleire kan noko om frå før. Slik lagar ein linjer som kan koplast til eigen biografi, som då vert trekt inn. Desse samtalaner gjer godt, dei bidreg til læring og til å hugse. Samværsforma lagar ikkje noko sosialt press – samtalen dreier seg om det som skjer her og no, slik at ein treng ikkje vera redd for at ein ikkje hugsar eller ikkje kan det som vert omsnakka. Fleire kan då klara meir.

Gardane tåler uro på andre måtar enn vanleg skule, arbeidsplass eller omsorgsarenaer. Uroa kan koma frå dyr eller folk – barn, unge, vaksne eller eldre. Dei som er uroleg, får høve til å gå av seg uroa, eller vera i lag med andre sjølv om dei er urolege. Dei får oppleva at uro ikkje øydelegg sosiale situasjonar, og at dyra ignorerer dei eller roar dei. Slik vert uroa mindre uroande for alle. Slik kan alle få høve til å gjera noko for seg sjølv og gjera noko for andre.

Måltida på garden er meir enn mat. Det er sosialt samvær, det er samarbeid og samspel, og ofte god tid. Det er ein arena for å formidla tradisjonskunnskap om matproduksjon og gardsdrift, og det er ein arena for grunnleggjande kunnskapsformidling om mat og helse. I tillegg gir det deltakarane minst eit fullverdig måltid kvar dag. Mange seier dei et mykje meir enn elles, og at maten smakar betre. Mange av deltakarane i Inn på tunet-tilbod er underernærte eller feilernærte. Fullverdige måltid er då både eit reint helsetiltak, og det er kunnskapsformidling som kan bidra til endra matvanar.

Måten ein vert teken i mot på, snakka til, eller omtala, er avgjerande for deltakarane sin trivsel. Det er eit heilt grunnleggjande vilkår at alle deltakarar blir sett som folk, at ingen av dei er berre sine problem eller diagnosar, men at dei er medmenneske med kvar sine sett av ressursar og utfordringar. Mange har hatt langvarig kontakt med NAV eller helsetenester, og er trøytte og leie av å berre blir sett som ein diagnose eller eit sosialt problem. "Å få lov til å berre være vanleg" er eit ønske. IPT-gardane klarar som oftast å gi folk denne opplevinga.

Eit siste moment som overraskande mange uoppfordra fortel om, er bål og bålcaffi. Det å samlast rundt eit bål, koke kaffi på bålet eller laga til mat på bål er noko alle set svært stor pris på. Bålet er levande, det rører på seg, det er mange fargar, det skjer noko heile tida – det rører seg, det ryk, det må rakast eller fyllast på. Det gir lukt ein kan ha med seg heim, og ein kan nyte eller mislike varmen medan ei sit der. Den sentrale plassen bålet har i dei ulike forteljningane og erfaringane gjer liten skilnad på opent leirbål, bålpanne, eller open grue med bål. Ved bålet kan ein sitta utan å snakka, ein kan vera i lag med andre utan sosialt press, ein får lov å sitta stille og sjå og lytta utan å verta masa på (Gelter 2000). Dette er det mange som ikkje får oppleva andre stader enn på gard. Denne opplevinga gir tid til restitusjon, til stressmestring, til sjølvstyrking og betra sjølvkjensle (Kaplan and Kaplan 2003, Berman, Jonides et al. 2008, Berman, Kross et al. 2012)

DELTAKARAR MED UTFORDRINGAR KNYTT TIL PSYKISK HELSE OG RUS

I Bergen finst det mange gardar som har tilbod til personar som har utfordringar knytt til psykisk helse og rus. I Kvinnherad og Voss fann vi ein gard i kvar kommune som hadde aktivt tilbod til personar med utfordringar knytt til psykisk helse, og i Kvinnherad hadde dei heller ikkje tilbod til personar med rusrelaterte utfordringar på tidspunkt for datainnsamlinga.¹¹ Garden i Kvinnherad har primært tilbod til denne gruppa. Generelt var tilboda opplevd som positive, og deltakarane viser til sosialt fellesskap, tilgang til nye aktivitetar, glede ved å lære gjennom gardsaktivitetar og samtalar, meistre, glede ved å gje noko tilbake ved å hjelpe andre og dyr, og å arbeide, samhandling med dyr (aksept, tillit, nærleik, ta kontroll med meir), fellesskap rundt måltid, og arbeid.

IPT som ein integrert del av livet?

IPT-tilbodet har ulik plass i deltakarane sine liv. For nokre deltakarar var IPT-tilbodet den viktigaste arenaen for sosial kontakt, medan andre hadde eit meir omfattande og samansett sosialt liv. Fleire av deltakarane budde i bufellesskap, med tilrettelegging frå helse- og omsorgstenesta, og hadde lite sosialt nettverk utover dette. Sjølv om aktivitetane ved enkelte gardar var dei same som deltakarane sysla med heime hos seg sjølve, opplevde deltakarane garden som viktig. Enkelte viste til at det var godt å sleppe å vere pasient og godt å få vere på ein vanlig plass. Samstundes som enkelte deltakarar snakka om at det var viktig å få vere på ein normalarena, om enn med andre ord, uttrykte andre uvisse rundt korleis dei skulle forstå tilbodet. Mange omtalte dagane på garden som å vere på «arbeid», noko mange tilbydarar også gjorde. Det å «gå på arbeid» var for mange ei kjelde til meistringskjensle og positiv identitet. Andre var usikre med tanke på korleis dei skulle forstå tilbodet: Var dagane på garden å rekne for arbeid? Om det var ordentleg arbeid, burde det vel ha vore lønna, og dei burde ha vore betre utstyrt?

Enkelte tilbydarar baud på kunnskap som deltakarane overførte til andre arenaer, som i eksemplet frå Sætregården. Til dømes fekk me vite frå nokre av deltakarane at det dei hadde lært om ernæring og om korleis ein kan ta initiativ for å bli kjent med nye menneske, varty tatt i bruk utanfor garden. Nokre deltakarar opplevde å få utfordringar å vekse på, medan andre i mindre grad erfarte at tilbodet var knytt til deira ynskjer eller mål om utvikling. Det ser ut til å vere fleire årsakar til dette. Deltakarane hadde ulike behov og funksjonsnivå, og evna i ulik grad å definere sine ynskjer sjølve. Nokre kunne profittert på støtte og hjelp til å sette ord på sine interesser og ynskjer. Mange av deltakarane med utfordringar knytt til psykisk helse opplever stigmatisering på andre arenaar, og stiller få krav til tilbodet. Deltakarar i Bergen skilde seg ut ved at dei også kjende til ein del andre tilbod, og diskuterte om andre tilbod kunne passe for dei. Dei fleste deltakarane på garden i Kvinnherad såg ikkje for seg alternativ, og uttrykte stor takksemnd over dagtilbodet på garden.

I Kvinnherad hadde deltakarane uroa seg over om tilbodet kom til å halde fram når noverande tilbydar skulle gå av med pensjon. For å få best mogleg utbyte av ulike tilbod, er det viktig at

¹¹Det er eit tilbod på ein IPT-gard no som har tilbod som også er relevant for denne gruppa

deltakarar med utfordringar knytt til rus- og psykisk helse opplever at det er kontinuitet og føreseielege kontraktar. Individuell tilrettelegging og god kommunikasjon med tilbydar er òg føresetnader for å oppleve tryggleik og meistring som kan gje håp for framtida. Deltakarane erfarte at tilbydarane hadde ulik grad av kjennskap til deira ressursar og utfordringar, både i den praktiske kvardagen på garden, med val og tilrettelegging av passande aktivitetar. IPT-tilboda gir mange høve til å samtale om ulike sider ved livet, og kan leggast til rette for personar med ulike interesser. Å ta i bruk desse høva krev at tilbydar har gode kommunikasjonsevner og støttar den einskilte i val og utviklingsprosessar over lang tid. (Leamy, Bird et al. 2011, Slade, Williams et al. 2012, Kogstad, Agdal et al. 2014)

Framlegg til endring til kjøpar og tilbydar av IPT-tenester psykisk helse og rus

Fleire av deltakarane ville gjerne vite kvifor dei var på gard, og kva for tilbod det var dei eigenleg skulle få. Nokre av dei var motiverte for arbeidsretta tilbod, heller enn dagaktivitetar utan mål om arbeidskvalifisering. Nokre deltakarar opplevde det difor som uklart om tilbydar var klar over kva deltakarane ynskte, og om kjøpar var klar over kva dei ynskte. Som fleire sa: Er det arbeid, behandling eller fritidsaktivitet? Om det er «arbeid», burde det vel vore ei godtgjering eller "løn" for innsatsen? Eller: Om det er arbeid, burde eg fått ein attest på at eg kan arbeide. Felles avklaring av kva tilbodet er og skal vera er naudsynt

Arbeidsklede og verneutstyr er arbeidsgjevar sitt ansvar i ordinær verksemd. Tilbydarar av IPT-tenester bør tilby det same til dei som tek i mot desse tenestene. Arbeidsklede og verneutstyr gjer arbeidet trygt og kan gjera arbeidet lettare. Dersom tilbodet er tydelegare avklart, vert det og klart kva tid det er relevant med arbeidsklede, og kven sitt ansvar det er å halda dette.

Tilbydar og kjøpar må sjå til at arbeidsoppgåvene er slik at den einskilde kan oppleve val i tråd med eigen motivasjon og ressursar, og slik kan erfara meistring og sjølvstyrking. Ein del gardar har eit tydeleg potensiale med tanke på å involvere deltakarane i utforming av oppgåvene. Involvering av deltakarane i flest moglege planar og avgjerder er viktig for oppleving av positiv identitet og betringsprosessar. Fleire deltakarar sakna å kunne velje mellom aktivitetar og oppgåver. Det må gjerast tydelege avtalar mellom tilbydar, kjøpar og deltakar, slik at alle veit kva om kan endrast og justerast etter individuelle ynskje, og kva som ikkje kan endrast.

Planlegging av dagen, veka eller årstida er viktig for drift av ein gard, og viktig for at kvar dag på garden skal innehalda meiningsfylte oppgåver for alle. Nokre deltakarar ynskte at dei visste kva arbeidsoppgåver som skulle gjerast før dei kom til garden, slik at dei kunne førebu seg. Vekeplanar/månadsplanar bør lagast, og kvar dag bør starta med oppsummering av kva som er gjort så langt, og kva som skal gjerast framover. Dette gjer gardbrukarane for seg sjølve uansett. Her bør dei som kjem "inn på tunet" involverast. Planar og struktur må vera tydelege for alle involverte. Kjøpar må sjå til at tilbydar leverer dette, og at dei det gjeld vert involverte.

Deltakarar som hadde dagtilbod ynskte å kunne ta med seg oppgåver mellom ulike arenaer, som mellom heim eller fritidsaktivitetar og IPT-tilbod (konkret vart handarbeid og skrivearbeid nemnt). Det ligg vel til rette for dette fleire stader. Det er lett for kjøpar/tilbydar å få dette med i avtalane som vert inngått på generelt nivå.

Deltakarar og tilbydarar ynskte langsiktige kontraktar som gir tryggleik og kontinuitet. Deltakarane har ikkje direkte interesse i kontraktstilhøva, men vert uroa av å få vita at tilbodet er tidsavgrensa eller usikkert. Det er grunn til å tru at verken tilbydar eller deltakar investerer det same i korte avtalar (3 mnd) som i lengre avtalar (3 år). Det er døme på at uvisse knytt til vidareføring av tilbod har skapt uro også for deltakarane, noko som har vore ei påkjenning for ein del deltakarar. Samstundes er det viktig at deltakarane får kjennskap til andre tilbod og kan velje å gå vidare når dei er klare for det. Langvarig og stabile tilbod er ikkje det same som faste deltakarar. Kjøpar bør drøfta med tilbydar korleis deltakarar skal verta involverte i utforminga av tilbodet til den enkelte. For nokre deltakarar er det truleg ein velferdsgevinst ved å ikkje verta trekt in i desse diskusjonane, medan andre gjerne vil bli orientert. Dette må avklarast med den einskilde som får tilbod på IPT-tenester.

Deltakarane er positive til mange sider ved tilboda, og for nokre er det den einaste normalarenaen dei regelmessig deltar på. Nokre deltakarar kontrasterte IPT-tilbodet til livet på institusjon og tilbod frå «profesjonelle», og verdsette å ha fri frå pasientrolla, eller som dei sa: «å vere vanlig». Det er ingen framlegg til konkret endring her, meir eit signal om at profesjonalisering av IPT-tenester gjennom å krevje at tilbydar har dobbelkompetanse (dvs har ei profesjonsutdanning) kan undergrava viktige verdiar i tilbodet.

DELTAKARAR MED KOGNITIVE VANSKAR

Voss og Bergen kommunar har IPT-tilbod til personar med kognitive vanskar. Kvinnherad kommune hadde på tidpunktet av datainnsamlinga ikkje eit slikt tilbod, men kommunen har nyleg starta opp att eit tilbod ein dag i veka. På Voss er det ein gard som har IPT-tilbod til denne gruppa, og i Bergen er det to gardar. Tilbodet i Voss kommune er ein del av Voss sjukeheim sitt tilrettelagde dagtilbod til heimebuande personar med kognitiv svikt. Ergoterapeut/aktivitør styrer kven som er med på garden dei ulike dagane, og lar tilbodet veksle mellom deltakarane. Dei to gardane i Bergen ligg i to ulike bydelar, og det er forvaltningseininga i bydelane som vel ut aktuelle deltakarar.

	VOSS	BERGEN gard 1	BERGEN gard 2
Alder, deltakarar 2015	69-90 år (flest 80-90)	55-66 år	70 år og oppover
Dagar/timar på IPT	1 dag/14.dag (gjennomsnitt)	3 dagar/veke Frå morgonen til heimtransport kl 14	3 dagar/veke Frå morgonen til heimtransport kl 14

Aktivitetar og bruk av gardsmiljøet

I følgje Demensplan 2015 (Helse- og omsorgsdepartementet 2007) skal eit dagaktivitetstilbod aktivisere og stimulere, gje gode opplevingar og meningsfulle kvardagar. Det skal og gje avlasting for pårørande. For å nå målet slik det er skildra i Demensplan 2015, må aktivitetane

vera tilpassa behova til deltakarane. På Voss var dei tilsette ved sjukeheimen tydelege på at dei som fekk dette tilbodet, skulle ha eit tilrettelagt dagtilbod. Eit tilrettelagt tilbod vart forklara slik:

...at dei vert utfordra på ein positiv måte, at dei får meistringsopplevelse, «godkjensla» - at det er aktivitetar som fenger dei (ergoterapeut)

IPT som ein integrert del av kvardagen?

I dei tre kommunane er alle deltakarane ved IPT-gardane heimebuande, nokre bur aleine og nokre saman med pårørande. Dei vi har møtt, gir uttrykk for at IPT- tilbodet er noko som gjer ein skilnad i deira kvardag. Dei trekkjer fram samhaldet i gruppa, at det er kjekt å sjå på dyra og stelle med dei. Ikkje berre dyra, men og andre gardsaktiviteter er viktige. Å lage mat eller å bake gir og stor trivnad for mange. Etter ei ivrig stund med kjevle sa ei av damene til dei andre: *...sjå på teken ho har!* Og då dei var ferdige med bakinga, var det ei som sa: *Eg synest vi har vore flinke!* Då klappa dei alle spontant. Mange av dei som har kognitiv svikt, har eller får vanskar med å sette i gang og gjennomføre ulike aktivitetar på eiga hand. IPT-tilbodet tilbyr ei ramme der det er lettare å kome i gang og vera i gang. Det godt å oppleve meistring. På spørsmål om kvifor det var kjekt å vere på garden, svara ei dame: *«Eg duge til noko».*

Personar med kognitiv svikt som ikkje er pensjonistar (yngre enn 67 år), seier at dette er som å ha ein arbeidsplass. Det er godt å ha noko meiningsfullt å gå til. Dyra skal ha stell og mat, nokon må gi dei mat og stell, og arbeidsoppgåvene er difor naturlege i dette miljøet. Tilbydarane ser at deltakarane er i stand til å lære nye oppgåver som dei ikkje har gjort tidlegare. Dei hugsar oppgåvene frå gong til gong, og set etterkvart i gang på eige initiativ. Deltakarane hjelper kvarandre, f.eks. ved at ein held sekken og ein spar rusk oppi, eller at dei saman måler opp riktig mengde fôr til dyra. Slike naturlege oppgåver gjer mening for mange, og skapar kjensle av å høyra til på staden. Aktivitetane dei er med på skal vera tilpassa dei behova dei har. Når dei held på med noko som engasjerer dei, kjem uttrykk som *«dette er kjekt»!* Men vi høyrer og om deltakarar som held litt avstand til sjølve arbeidet på garden. Slik denne tilbyderen fortel om det: *«Vi har hatt noen som kommer fra gård som er ferdige med det. Men de synes det er helt ok å se på lammene eller få et lam bort til seg, men arbeid, det er de ferdige med. Og sier det helt klart.»*

Dette høyrer vi og frå andre. Som den deltakaren som ikkje ville verta skiten på hendene og gjekk slalåm mellom møkkatrillebårene. Likevel kan dei like å vere med lamma og hestane. Det kan sjå ut som deltakarane sin alder og bakgrunn har noko å seie for korleis dei opplever gardsarbeidet. Dei eldste deltakarane (mellom 80 og 90) ynskjer ikkje å «arbeide», men dei trivst på garden, og det dei gjer vert mellom anna brukt som reminisens. Dette er stimulerande for dei. Men ein skal og vera merksam på korleis personar ser på seg sjølv i relasjon til oppgåver på gard. Deltakarar som ikkje vil identifisere seg med gard og gardsarbeid, tek gjerne avstand frå eit slikt tilbod. Dette samsvarar med personalet i Voss kommune sine erfaringar og med tilbydarerfaringar.

Det er mange faktorar som spelar inn på korleis tilbodet for den einskilde er utforma. Deltakarane er ulike, både i alder og interesser, gardane har ulike fysiske rammer og dei tilbyr møter med ulike gjeremål. Tilbydarane har ulike styrkar og kompetansar. Vi høyrer frå

deltakarane at kontakten dei har med tilbydarane er særskild viktig. Det er og det sosiale samspelet med dei andre deltakarane. Alt dette vil påverke opplevinga av dagen på garden.

Framlegg til endring til kjøpar og tilbydar av IPT-tenester til personar med kognitive vanskar

Innhaldet i dagen på garden må vera lagt til rette slik at den gir gode opplevingar, meistring, skapar eit engasjement og ei «godkjensle». Gode opplevingar skapar gode kjensler. Gjeremåla må vera knytt til den einkilde sine ynskje og det den einkilde tykkjer er viktig å halda på med. Tilbydar må balansere mellom omsynet til einskild personar og omsynet til gruppa med deltakarar. Kjøpar og tilbydar bør avklare kva for meirverdi det ligg i å ha fokuset på gruppenivå, og arbeide systematisk med å ta i bruk dei samla ressursane i gruppa. Det kollektive elementet i eit gruppebasert tilbod er substansielt annleis og potensielt særskild verdfullt for deltakarane gjennom sosial samhandling. Dette skil IPT og frå mange andre tilbod til målgruppa.

Kommunane må sjå til at dei kan kvalitetssikre kven som får tilbod om IPT, at det vert «rette personar på rett stad». IPT bør vera eit av fleire tilbod, og innhaldet i IPT-tilbodet må kunne varierast.

Om dagtilboda skal tilpassast den einkilde, bør det vera råd å velja frå 1 til 5 dagars tilbod. Slik er det ikkje no. Fleire deltakarar i Bergen seier at dei kunne tenkt seg meir enn tre dagar i veka på garden, men at dei ikkje har høve til å påverka avgjerder som vert tekne på deira vegne. Som ein deltakar uttrykte det: "Det jeg misliker mest er de dagene jeg ikke er her".

GENERELL REFLEKSJON: DELTAKARANE ER MEIR LIKE ENN ULIKE PÅ NOKRE VIKTIGE OMRÅDE

Dei som får tilbod om velferdstenester på gard, har nokre fellestrekk uavhengig av alder. Dei har alle behov for å vera på ein plass med lite sosialt press, og der det ikkje vert stilt krav om at dei skal prestere eller vurderast. Dei har behov for å vera ein stad som tåler uro, anten denne uroa er i motorikk eller kjensler, og dei treng å vera ein plass der ein kan trekkje seg tilbake ved behov og vera sosial ved behov. Dei treng alle å oppleve at dei kan læra noko nytt, at tidlegare kunnskap kan gjenopplivast, og at dei får den tida dei treng for å læra og meistra. Dei deler alle den erfaringa at nokon andre har funne det krevjande å vera saman med dei, og at dei vart tilbydd ei teneste svært få får. Vi veit at nokre kjenner seg privilegert av den grunn, medan andre kjenner seg sendt vekk og stigmatisert. Vi veit og at det tek på å veta at mange av dei som er rundt deg, har betaling for å vera der.

Tilbydarar, deltakarar og friviljuge på gard nemner ofte at humor er viktig. Slik me forstår dette, set alle pris på at stemninga er god, og at ein ser at folk smiler, kjem med små kommentarar til kvarandre og at det er latter. Bruk av humor – det at deltakarane kommenterer og ler, vert oppfatta som eit godt teikn. Dette grunnar seg i ei ålmenn oppfatning av humor som noko udelt positivt, noko det slett ikkje treng å vera. Smil, humring, latter, små kommentarar eller vitsar er del av vårt språklege repertoar, og vert bruk for å regulere sosialt samkvem. Humor, i retorisk forstand, vert brukt for å vedlikehalda eller reparere sosiale situasjonar, og for å hjelpe kvarandre å berga ansikt. I eit miljø der mange strevar med mykje, vil det heile tida vera mykje som skjer som kunne øydelagt ein sosial situasjon, og ført til at ein eller fleire følte seg særskild

skamfull, trist eller sint. Bruk av humor og små-kommentarar gjer det både mogleg å snakke om vanskelege ting, og å verta einige om kva som er viktig akkurat no akkurat her på garden. Gardbrukarar som lett kan dekke over det som skjer med småkommentarar, inviterer deltakarane til å gjera det same. Slik vert "humor" ein integrert del av omgangsforma som bidrar til å smøra det sosiale samspelet, og som medverkar til at dei som er der kjenner at dei får presentert seg slik dei ynskjer (Billig, 2005; Sudmann, 2014). Gjennom ei omgangsform som tek i bruke mange retoriske verkemiddel – ord, gestar, lydar, smil, grimasar osb.- kan fleire få erfaring med å tåle usemje, konflikt eller avvising, samt få oppleve at ein kan gjera feil utan at ein får kjeft eller tapar ansikt. Ein får samstundes erfare og læra korleis ein kan tole at folk er opne og inviterande utan å få sosial angst. Det vil gjelde alle – uavhengig av alder, kjønn eller funksjonsevne.

Eit anna viktig moment som ikkje kan knytast til alder, kjønn, funksjon eller helse, er det meir og mindre samstemde i at det er godt å "koma seg vekk" og godt å vera i natur. Dette å koma seg vekk handlar dels om å ikkje vera heime, men minst like viktig ser det ut til å vera å koma seg vekk frå helse- og sosialtenesta, og dei roller og reglar og rutinar desse systema medfører. Kvaliteten ved å vera vekke vert samanlikna med å vera i ei anna verd, ei anna oppleving av tid og stad. Kvaliteten av dette gir oppleving av velvære og at det gjer godt for helsa. Dette samsvarar med mykje forskning på effekten av kontakt med natur på kognisjon og helse (Kaplan and Berman 2010, Hartig, Mitchell et al. 2014).

Det einaste som er ulikt, er knytt til krav eller forventning om opplæring eller kvalifisering. Barn og unge på gard har plikt til opplæring, og tiltak som til dømes praksisplass, vert tildelt med mål om at deltakaren skal kvalifisere seg til ordinært arbeid. For personar med langvarige rus- eller psykiske vanskar, personar med kognitiv svikt, eller dei som alt er tildelt varig stønader og har VTA-plassar, er målet at dagane skal ha eit innhald som aukar livskvaliteten gjennom å tilby struktur, meningsfylte oppgåver, måltid og sosialt samvær. Målet om auka livskvalitet er dimesd likt for alle, uavhengig av kva krav dei elles må stetta.

SPØRSMÅL FOR VIDARE DRØFTING

Erfaringane ein har gjort med Inn på tunet-ordninga blant kjøparar, tilbydarar og deltakarar i kommunane Voss, Bergen og Kvinnherad, reiser fleire spørsmål. Her vil vi trekke opp dei problemstillingane som vi opplever som særleg relevante å gå vidare med. Det er snakk om spørsmål om premissane for utviklingsarbeidet og spørsmål som ein kan gripe tak i gjennom utviklingsarbeidet i den enkelte kommune. Det betyr sjølvstakt ikkje at alle svara ligg hos den enkelte kommune og det enkelte samarbeidsforhold mellom kommune, tilbydar og deltakar. Det kan også vere spørsmål som kan krevje tiltak og inngrep frå andre enn dei som sit med ansvaret og står for den praktiske gjennomføringa i kommuneorganisasjonen eller på Inn på tunet-gardane.

Inn på tunet skal gi kvalitetssikra og tilrettelagde velferdstenester på gard. Skreddarsaum er eit sentralt stikkord. I dette ligg det at ein gjennom Inn på tunet kan gi velferdstenester som gir rom for ein type tilpassingar som det elles er vanskeleg å legge til rette for innanfor det ordinære tilbudet i kommunane. Både dei som representerer kjøparane i kommunane og deltakarane, opplever då også at Inn på tunet gir godt tilrettelagde velferdstenester. At deltakarane til dømes opplever at dei gjennom ordninga også kjem seg ut av pasient- eller klientrolla, er også eit døme på at fleire sider ved ordninga blir vurderte som positive. Det same viser att i fleire studium som det blir vist til innleiingsvis i dette notatet.

PROSJEKTORGANISASJONAR MED UVISS FRAMTID?

Samstundes viser erfaringane frå kommunane at det kan vere krevjande å oppretthalde og ikkje minst utvikle strukturar i Inn på tunet-ordninga. Det er såleis eit stort spørsmål om Inn på tunet er ei godt etablert ordning, med god forankring i kommuneorganisasjonen og nødvendige vilkår for drift og vidare utviklingsarbeid. Mykje tyder på at det ikkje er slik. Sjølv om dei tre kommunane til dels har godt etablerte tilbud, har avtalar som regulerer kjøp av tenester osb., er det vanskeleg å sjå på Inn på tunet som ei godt etablert ordning.

Sjølv om Voss, Bergen og Kvinnherad alle har ei historie som Inn på tunet-kommunar, har kommunane i beste fall berre halvvegs etablert organisering som kan sørge for vidare drift og utvikling av ordninga. Av dei tre kommunane skil Kvinnherad seg ut ved at Inn på tunet-aktiviteten blir koordinert av næringsrådgjevar. Det er på mange måtar eit tankekors at det er vanskeleg å oppretthalde funksjonar som var sentrale for å få ordninga til fungere under Inn på tunet-løftet, som det at nokon har ansvar for koordinering av arbeidet internt i kommuneorganisasjonen, osb. Rett nok gav arbeidet med Inn på tunet-løftet konkrete resultat, mellom anna gjennom ei sterkare forankring av ordninga på ulike nivå i kommuneorganisasjonen på Voss og som bidrag til etablering av tenestekonsesjonsordninga i Bergen. Når det likevel blir gitt uttrykk for uvisse om vidareføring av dagens Inn på tunet-aktiviteter, mellom anna med referanse til kommuneøkonomi, kan framtida synest uvis. Det er og ein stor tankekross at det i liten grad vert utvikla nye Inn på tunet-tilbod i dei tre kommunane.

INN PÅ TUNET – MÅL ELLER VERKEMIDDEL?

Eit sentralt spørsmål er kvifor det er slik. Sjølv om det heilt sikkert ikkje er noko enkeltstående svar på eit slikt spørsmål, er det nærliggande å vurdere om ein har vore for oppteken av Inn på tunet som ei løysing for auka aktivitet/sysselsetting i landbruket, meir enn Inn på tunet som eit verkemiddel for gode velferdstenester. Dersom oppdraget er å finne ordningar som kan avlaste presset på velferdstilbodet som offentleg sektor gir gjennom eigne institusjonar, gjere seg nytte av velferdstilbod som kan gjere at enkeltpersonar kan greie seg utan eit heiltidstilbod, gi tilbod som i større grad gir eit tilpassa til bestemte grupper/personar osb., er det nærliggande å tenke Inn på tunet som ei av fleire løysingar.

Som eit minimum må ein erkjenne dei to dimensjonane av IPT arbeidet i kommunane, for å kunne finne gode løysingar. Eit sentralt spørsmål er om kommunane skal rigge ei organisering for å legge til rette for Inn på tunet, eller om ein bør ha ein breiare innfallsvinkel til dette. Med dette som utgangspunkt, ville den delen av kommunen som skal levere velferdstenester, ha fokus på det som er deira hovudoppgåve, samstundes som ein søker løysingar med utgangspunkt i kva ordningar som har størst potensiale eller fungerer best for den personen som treng eit tilbod.

Med dei erfaringar som ligg i Inn på tunet-ordninga, kan ein sjå denne som ein pilot for å utvikle denne måten å jobbe på. Samstundes kan ei få ei ordning som ikkje blir oppfatta som relativt smal og knytt opp til ei bestemt næring. Dette føreset at kommunane har eit ønskje om og ein vilje til å utvikle eigen organisasjon for å løyse velferdsoppgåver, særleg då med tanke på oppgåver der standardiserte løysingar som kommunen sjølv kan tilby, ikkje er tilstrekkelege.

EIN KJØPARS MARKNAD

Marknadene for ulike typar Inn på tunet-tilbod i kommunen er prega av få tilbydarar og enda færre kjøparar, ofte berre ein. Sidan kommunen som kjøpar av slike tenester ofte kan velje mellom fleire andre typar tilbod, har kommunane marknadsmakt vis a vis tilbydarane. Når kjøparane av slike tenester hos kommunen sjølv blir utsett for budsjettpress eller står overfor praktiske problem, til dømes transport, er det ofte tilbydarane som må strekke seg for å få reknestykket til å gå opp. Ei oppfatning som går igjen hos både tilbydarar og kjøparsida hos kommunen er at det må være ein stor porsjon idealisme til stades hos ein tilbydar. Vi finn klart at ein slik idealisme er til stades og i mange tilhøve heilt naudsynt for å oppretthalde tilbodet. Tilbydarane strekker seg langt, og i somme høve kanskje for langt for å oppretthalde tilboda.

Kunne kommunen som kjøpar av slike tenester vore meir bevisst på å ikkje utnytte marknadsmakta i for stor grad ovanfor tilbydarane? Og korleis kunne ein i så fall organisere seg for å betre denne balansen?

KAN KOMMUNEN LEGGJE BETRE TIL RETTE FOR Å STYRKE DEI LOKALE INN PÅ TUNET-VERKSEMDENE?

Den samla aktiviteten til Inn på tunet-verksemda i dei tre kommunane er, slik vi vurderer det, relativt liten. Dette speglar også situasjonen for mange andre kommunar (Dvergsdal, Båtevik og Aarseth 2012). Potensialet for Inn på tunet-tilbod synest i alle fall å vere langt større. Dagens

små og spreidde nisjemarknadar for Inn på tunet-tenester inngår i ein svært stor marknad for offentleg tenesteproduksjon utført av private tilbydarar. Potensialet for å auke den samla Inn på tunet-verksemda ligg i å etablere Inn på tunet-tilbod på større delar av denne marknaden. Dei tre kommunane har alle forholdsvis få Inn på tunet-tilbod. Desse utgjer berre ein liten del av det totale innkjøpet av offentlege velferdsteneseter frå private tilbydarar for dei aktuelle kommunane.

Kva kan så kommunane gjere? Våre undersøkingar viser at alle kommunane kan finne døme på velfungerande Inn på tunet-tilbod i minst ein av dei andre kommunane som dei ikkje har sjølv. Dette skuldast dels ulike forståingar for kva Inn på tunet skal vere, men og at det i liten grad har blitt etablert nye tilbod dei siste åra. Det er grunn til tru at ei breiare forståing for kva brukarar som kan ha nytte av eit Inn på tunet-tilbod er avgjerande for å utvikle Inn-på tunet marknadane. Kommunane som kjøparar kan bidra til å utvikle nye tilbod gjennom betre kommunikasjon internt om kva tilbod dei aktuelle tilbydarane i kommunen har, medan kontora med ansvar for landbruk kan stimulere marknadsdanning gjennom å spreie erfaringar med konkrete Inn på tunet-tilbod og løysningar som fungerer og som kan overførast til andre brukargrupper og tilbod.

Å KOMBINERE FLEIRE ROLLER

Som kjøpar av Inn på tunet, kan tilbodet fungere som ein måte å løyse enkelte av dei utfordringane kommunane har som velferdsprodusent. I kraft av å søkje aktivt etter velferdsoppgåver som kan løysast gjennom dei tenestene som Inn på tunet-bøndene kan tilby, er ordninga likevel avhengig av interessa blant tilsette i strategiske posisjonar i kommuneorganisasjonen, kva kunnskap desse har om ordninga osb. Det er vanskeleg å sjå føre seg ei ordning, der kommunane ikkje kombinerer kjøparrolle med ei utviklarrolle. Ei side av dette er det interne utviklingsarbeidet i kommuneorganisasjonen. Sjølv om dette kan vere krevjande, er det likevel mindre problematisk enn utviklingsarbeid som også involverer tilbydarane.

Gjennom oppgåver som ein part i nærings- og bygdeutviklingsarbeid, skal kommunane medverke til å legge til rette for næringsutøvarar, inkludert dei som utviklar Inn på tunet-tilbod. I prinsippet ligg det til rette for tenkeløysingar her som går i retning av partnerskapsmodellar, samstundes som kommunane lett kjem i ei dobbeltrolle så lenge som dei også kjøparar.

RELASJONEN MELLOM KOMMUNE OG TILBYDAR – EIN KRITISK FAKTOR?

Relasjonen mellom kommune og tilbydar vil vere viktig, i forhold til sjølv utviklingsarbeidet rundt Inn på tunet-tilbodet, og ikkje minst i forhold til å sikre kvaliteten på det tilbodet som den enkelte deltakar får. Erfaringane så langt viser at det er behov for arenaer som sikrar dette. Det er på mange måtar eit asymmetrisk forhold mellom kommunane og tilbydarane. Sjølv om forholdet mellom dei er regulert gjennom avtalar og kontraktar, er tilbydarane meir avhengige av kommunen enn omvendt. Det er til dømes få alternativ for bonden, dersom han skal få avkastning på dei investeringane han har gjort for å få tilrettelagt og godkjent garden for Inn på tunet.

MANGLANDE NETTVERK MELLOM KOMMUNANE?

I regi av prosjektet er det gjennomført eit dialogseminar, der personar som er involverte i Inn på tunet-arbeidet frå kommuneorganisasjonane i Bergen, Voss og Kvinnherad deltok. Sjølv om dei tre kommunane på mange måtar er ulike, viste møtet at ein kunne utveksle erfaringar og lære av kvarandre. Tilbydarane som arbeider med Inn på tunet, har sine arenaer for slik erfaringsutveksling. Kjøparane har det ikkje. Kontakt på tvers av kommunar, mellom kjøparar og potensielle kjøparar av Inn på tunet-tenester, vil kunne vere ein måte å styrke utviklingsarbeidet rundt ordninga på.

ROM FOR VIDAREUTVIKLING MED UTGANGSPUNKT I TILBYDAR- OG DELTAKARSIDA

Det er rom for å utvikle IPT-tenestene på gard og samarbeidet mellom gard og kommune. I dette arbeidet er det viktig å involvere tilbydar- og deltakarsida. Erfaringane frå gardane i dei tre kommunane viser dette.

Kompetansen hjå tilbydarane. For det første er det behov for ein diskusjon om kva kompetanse som skal vektleggast, og korleis kommunane som kjøpar kan gjere seg nytte av ulik kompetanse hos tilbydarane. Det er eit dilemma mellom det å vera bonde og det å vera helsepersonell – fleire av gardbrukarane har teke fagskuleutdanning i helse av di dei oppfattar at kjøpar ynskjer dette. Dei har eit ambivalent tilhøve til dette – det gir nokre nye kunnskapar som er nyttig, og gir auka tryggleik i arbeidet. Men ny kunnskap kan og bidra til at dei vert usikre på om dei har gjort før kan halda fram. Dei har for lite kunnskap til å vurdere alt som skjer med helsefagleg profesjonsblikk, men har tilstrekkeleg kompetanse til å vurdere ut frå ”bondeblikk”. Det kan og gi ei kjensle av å vera mindre verd om ein ikkje har helsefagleg utdanning. Dei tilbydarane me har hatt kontakt med, forstår at kjøpar ofte ynskjer at dei skal ha helsefagleg eller pedagogisk kompetanse, men ynskjer tilsvarande at kjøpar tydelegare skal anerkjenne den kompetansen dei har som gardbrukarar, arbeidsleiarar og vertskap på garden.

Å utvikle tilbodet i samarbeid med gard og deltakar. Det ligg eit potensial i å utvikle tilbodet gjennom ein tettare dialog der erfaringane frå gardane i større grad når fram til kommunane. Tilboda på garden skal ikkje erstatta vanlege helse- og sosialtenester. Det er den einskilde sine behov og sin funksjon som må vera utgangspunktet, og den det gjeld bør involverast i å vurdere og utforme tenestene så langt det er råd. Tilbydarane på si side bør kunne seie noko om kven deira tilbod ikkje passar for – anten på generelt grunnlag om det er råd (t.d. om det ikkje er plass til rullestol eller medhjelpar på toalettet), og tilsvarande melde frå til kjøpar om dei ser at ein person truleg hadde hatt meir utbytte av eit anna dagtilbod.

Fleksibilitet. Fleksibilitet er ein viktig kvalitet ved IPT-tenestene. Ved å gjere seg nytte av dei opningane som ligg i ordninga, kan ein sikre gode individuelle tilbod utan at dette får preg av særiltak. Det er garden som stad, og som natur, som er det viktigaste bidraget til deltakaranes sin vinst med å vera der – anten dette er relatert til fysisk eller psykisk helse eller til sosial deltaking. Ein gard rommar mange ulike stader, gjeremål og aktivitetar. Det betyr at dei som

treng å vera litt for seg sjølv, kan få høve til det. Garden rommar og toler meir uro enn mange andre arenaer – det er bokstavig tala høgt under taket og god plass. Dette bidreg til at ulike tiltak og ulike deltakarar kan gå godt i lag. Dersom det elles ligg til rette for det, kan personar med ulike behov og utfordringar gå godt i lag og delta i same aktivitetar. Etter kva tilbydarar og deltakarane har erfart, er det ikkje diagnosane den einskilde har, men korleis den einskilde trivst og finn seg til rette på garden som er avgjerande. Om ein ikkje skal ha særtiltak etter diagnosegrupper, kan det lette organisering av tiltaka. Tilboda kan vidareutviklast ut frå deltakarane sin funksjon, tilbydarane si erfaring og kompetanse, og tilhøva på garden. Kva som eignar seg vil avhenge av garden, tilbydarane sine ressursar, kva for deltakarar ein har og kva for tenester kommunen til ei kvar tid treng.

Kven skal delta? Erfaringane frå gardane viser at det kan vere rom for å tenkje breiare rundt potensielle deltakarar enn det gjerast i enkelte tilfelle. Tilbydarar og deltakarar er svært opptekne av at ein kan ha utbytte av å vera på gard sjølv om ein er dårleg til beins eller ikkje kan arbeide. Verdien av å bytte stove, få kontakt med dyr, natur og gard er understreka. Dei er på garden kan veksle mellom mjuk merksemd og fokuset merksemd – t.d. veksle mellom å sjå på tretoppene eller diskutere påfuglen som går forbi. Dette gir oppleving av velvære, ro og glede. På nettsidene til Bergen kommune vert Inn på tunet presentert som eit tilbod der deltakarane må kunne arbeide. I vårt prosjekt har me sett at deltakarar som ikkje arbeider, kan ha like stort utbytte av å vera på gard som dei som arbeider. Både rolla som dreng og som gjest gir utbytte og trivnad. Det viser seg heller ikkje naudsynt å ha erfaring frå gard tidlegare – alle kan læra, og dei med ulike demenssjukdomar eller andre hjerneskader/-sjukdomar.

Mykje forskning viser at naturkontakt gir helsegevinst, men tilbydarar med lang erfaring har erfart at det kan kome personar som vert redde, utrygge eller som heilt tydeleg seier at dei ikkje vil vera på gard. Dette bør vurderast av kjøpar på førehand, eller i ein evalueringssamtale etter at deltakarane har fått prøve tilbodet tilstrekkeleg lenge til å kunne vurdere det (truleg frå 1 veke til 3 månader, avhengig av person og tilbod). Her er det rom for å utvikle ulike løysingar i dei ulike kommunane for å finne ut kven IPT-tilbodet passar godt eller mindre godt for.

Informasjonen frå kommunane. Tilbydarane ynskjer direkte kontakt med kjøpar om kva for tilbod dei har på gardane, slik at sakshandsamarane får meir konkret kunnskap om kva eit IPT-tilbod kan innehalde. Personar som treng kommunale tenester, må få vite om kva kommunen har av ulike tilbod, t.d. har Bergen kommune 12 ulike dagtilbod til eldre og personar med kognitiv svikt, der Inn på tunet er 2 av dei. Vi har fått opplyst at det ikkje vert ført venteliste på IPT-plassane i Bergen, og at det heller ikkje alltid vert informert om IPT-alternativet av di det ikkje er ledige plassar. På denne måten kan verken deltakarar eller tilbydarar utgjera noka pressgruppe for å auke kapasiteten i IPT. Alle som treng ei velferdsteneste, har rett til å bli orientert om kva tilbod som finst i deira kommune. Om kommunen ikkje informerer om IPT-tilbodet av di det ikkje er ledige plassar, kan vi stille spørsmål ved om dei held informasjonsplikta. Ei venteliste eller ein oversikt over kor mange som ynskjer ein IPT-plass, kunne medført at det vart oppretta fleire plassar i Bergen kommune. Dersom det aldri vert ført venteliste, kan ein heller ikkje så lett vurdere om det er overkapasitet.

Tankar rundt potensiale for å utvide ordninga. Gardbrukarane ynskjer å vidareutvikle sine tilbod, og nye gardar ynskjer å kome inn på marknaden. Kommunen har fleire "må"-oppgåver

der IPT-gardar kan vera aktuelle leverandører og samarbeidspartar, t.d. kvalifiseringsprogrammet, aktivitetsplikt for mottakarar av sosialhjelp, intergreringsprogram, avlastingstiltak (døgn, helg, veke, månad), beredskaps plassar for eldre, korttids plassar på dag- eller døgnbasis, kvardagsrehabilitering, korttids rehabiliteringsopphald, sommarleir for eldre (jf. sommarleiar til born), utbygging av dagtilbod til heimebuande personar med kognitiv svikt (jf. komande lovpålegg), dag- og aktivitetstilbod til personar med utviklingshemming eller andre kognitive funksjonsnedsettingar, osb.

Dialog som stikkord. Ei gjennomgåande erfaring frå møte med gardane og deltakarane, er at alle partar kan ha nytte av ei vidare utvikling av dialogen seg i mellom. Dette kan vere dialog på fleire nivå; om alt i frå praktisk informasjon til meir prinsipielle forhold. Sjølv om nokre rutinar er på plass, er det også rom for vidareutvikling. Ei utfordring for å få til dette, kan vere å etablere arenaer for slik erfaringsveksling som er tilpassa tilbydar og dei som representerer deltakarar eller pårørande. Tilbydarane representerer til dømes små driftseiningar, der tidsressursane gjerne er knappe. Såleis er det viktig at slike rutinar blir gitt ei form som er tilpassa dei aktuelle partane.

KONKLUDERANDE VURDERINGAR

Mykje av utfordringa knytt til kommunal organisering av Inn på tunet-tenester ligg i korleis kommunane organiserer seg for å ivareta spenninga mellom den doble rolla som velferdsleverandør og næringsutviklar. Det kjem særleg til syne i kor stor innverknad samansetninga av prosjektgruppa i dei tre kommunane har hatt å seie for utviklinga av tilboda.

I innleiinga til denne rapporten argumenterte me for at offentleg innovasjon ofte er inkrementell; som vil seie små endringar i eksisterande praksis, og at i slike stegvise endringar er det ofte eit stort innovasjonspotensiale, fordi små steg gir stor innovasjonsgevinst med tanke på korleis tenestene fungerer.

Internt i kommunane ligg det eit enormt innovasjonspotensial på kjøparsida ved bevisst organisering av ansvar og rolleavklaring. I kommunane ser ein eit klart behov for nokon som koordinerer IPT aktiviteten uavhengig av dei ulike faglege etatane. Dette for å sikre informasjonsflyt om Inn på tunet både internt i kommunane og eksternt til potensielle deltakarar, men også for å sikre at mogelege tilbydarar av Inn på tunet kan navigere i det kommunale landskapet. Samstundes som det er behov for nokon i dei utøvande einingane som har et særleg ansvar. Dette for å sikre at det er god informasjon om Inn på tunet, som gjer fageiningane i stand til å velje eit slikt tilbod i dei tilfella det er det beste alternativet for den aktuelle deltakaren. Me ser at å leggje til rette for dette kan vere så enkelt som å sørge for at Inn på tunet er eit av vala i styringssystemet som einingane har som arbeidsverktøy, jamfør erfaringane frå Voss om at det hadde gjort det lettare å velje Inn på tunet at det var mogeleg å krysse det av i systemet.

Eksternt for kommunane som kjøpar, synast det å vere behov for ein interkommunal erfaringsarena for kjøparar. Slike kommunale nettverk treng ikkje nødvendigvis å vere knytt til IPT i seg sjølv, men til kjøp av private tenester for velferdsordningar kor IPT inngår som ei av løysingane. Fokuset er då på korleis dei ulike kommunane har gjort sine vurderingar av kva type tilbod som passar til kven innanfor sine einingar. Vi ser jo i prosjektet at sjølv om dei tre kommunane er veldig ulike, så har dei stor nytte av å få innsikt i andre sine avgjerdsprosessar – til dømes barnevern eller tilbod for personar med kognitiv svikt, kor Bergen og Voss hadde lagt heilt ulike premiss til grunn for sine vurderingar. Begge kommunane ga tilbakemelding på at å få innsikt i den andre kommunen sine refleksjonar, var lærerikt og gav grobotn for å sjå nærmare på deira eigen måte å tenkje på. Me trur at det er viktig at nokre slike erfaringsarenaer eksisterer for kjøparar aleine, fordi det gir rom for å diskutere litt meir overordna problemstillingar knytt til kjøp og organisering av private velferdstenester. Ein sentral del vil vere at fageiningar vil kunne diskutere kva løysingar dei var valt for sine brukarar, kvifor og korleis dei er organiserte. Samstundes er det viktig å diskutere ulike løysingar for innkjøp, koordinering på tvers i kommunar etc. Eit slikt nettverk har primært fokus på kommunen som velferdsleverandør, kor hovudintensjonen er å utvikle best mogelege løysingar for forvaltning, organisering og innkjøp av private velferdstenester. Samstundes er det også relevant for kommunens rolle som

næringsutviklar fordi ei synleggjering av Inn på tunet som alternativ vil også vere eit viktig steg i å auke attraktiviteten til ordninga – både for potensielle nye tilbydarar og kjøparar.

Vi registrerer også at for tilbydarane fungerer tilbydarnettverka som eit gode som gir tilbydarane høve til å utveksle erfaringar seg imellom. Samstundes, for IPT meir spesifikt, er det verdifullt å etablere arenaer for erfaringsutveksling også mellom kommunen som kjøpar og tilbydar av IPT.

Det er også eit klart behov for rolleavklaring mellom partane, for å sikre gode prosesser mot tilbydarane. Dette gjeld ikkje berre internt i kommunane, men mellom dei ulike offentlege aktørane som jobbar med Inn på tunet.

LITTERATUR

Agenda Kaupang (2015). Evaluering av inn på tunet løftet. Rapport.

Amdam, R. (2005). Planlegging som handling. Oslo, Universitetsforlaget.

Aneesh, A. (2009). "Global Labor: Algoratic Modes of Organization." Social Theory **27**(4): 347-370.

Aspers, P. (2011). Markets. Malden, Polity Press.

Bergem, R., et al. (2010). Partnerskap for folkehelse og Helse i plan. Sluttrapport, Møreforskning: 85.

Berget, B. (2013). Kunnskap og kompetanse for Inn på tunet Status og behov, Universitetet for miljø- og biovitenskap: 31.

Berget, B. and B. O. Braastad (2008). Kunnskapsstatus og forskningsbehov for Inn på tunet, Universitetet for miljø- og biovitenskap, Institutt for husdyr- og akvakulturvitenskap: 68.

Berman, M. G., et al. (2008). "The cognitive benefits of interacting with nature." Psychological Science **19**(12): 1207-1212.

Berman, M. G., et al. (2012). "Interacting with nature improves cognition and affect for individuals with depression." Journal of affective disorders.

Capaldi, C. A., et al. (2014). "The relationship between nature connectedness and happiness: a meta-analysis." Frontiers in Psychology **5**.

Dvergsdal, G., et al. (2012). Inn på tunet i kommunal tenesteproduksjon. Når standardiserte tilbud ikkje strekk til?, Møreforskning Volda: 95.

Egset, A.-S., et al. (2015). Inn på tunet. Innovative dagaktivitetstilbud til personar med demens? Rapport nr. 70/2015, Møreforskning og Høgskulen i Volda: 46.

Ellingsen, G., et al. (2007). "Standardization of work: Co-constructed practice." The Information Society **23**(5): 309-326.

Fadnes, B., et al. (2010). Læringsnøkkelen : om samspillet mellom bevegelser, balanse og læring. Oslo, Universitetsforl.

Farstad, M. and J. Vik (2009). Trondheimsmodellen for Inn på tunet, Norsk senter for bygdeforskning: 23.

Fligstein, N. (2001). The Architecture of Markets – an Economic Sociology of Twenty-First- Century Capitalist Societies. New Jersey, Princeton University Press.

Folkestad, H. (1997). Ramme inn og gi handlingsrom. En studie av vernepleiere som arbeider i bofellesskap for mennesker med psykisk utviklingshemming, om deres arbeidsmåter for å yte tilpasset hjelp til beboere. Bergen, Det medisinske fakultet og Det psykologiske fakultet, Senter for etter- og videreutdanning, Universitetet i Bergen.

Gelter, H. (2000). "Friluftsliv: The Scandinavian philosophy of outdoor life." Canadian Journal of Environmental Education (CJEE) **5**(1): 77-92.

Giskeødegård, M. F. (2012). "The Right Kind of Feedback: Working through Standardized Tools." Culture Unbound. Journal of Current Cultural Research: 699-720.

Gjerstad, K. (2010). Inn på Tunet. Uavklart møte mellom gårdbruker og kommune. Et kvalitativt studie av Inn på tunet samarbeidet., Bygdeforsk.

Gladwell, V. F., et al. (2013). "The great outdoors: how a green exercise environment can benefit all." Extreme Physiology & Medicine **2**(1): 1-7.

Granovetter, M. (1985). "Economic Action, Social Structure, and Embeddedness." American Journal of Sociology **91**: 481-510.

Gustavsen, K. and L. U. Kobro (2012). Sosialt entreprenørskap som ledd i innsatsen mot fattigdom. , Telemarksforskning.

Handlingsplan Inn på tunet 2013-2017 (2013). Oslo, Kommunal- og regionaldepartementet, Landbruks- og matdepartementet.

Hartig, T., et al. (2014). "Nature and health." Annual review of public health **35**: 207-228.

Helgøy, I., et al. (2010). "Mot en ny yrkesrolle i Nav?".

Helgøy, I., et al. (2011). "Mot en spesialisert veiledersrolle i Nav? En dokumentasjonsrapport."

Hitch, D., et al. (2014). "In the footsteps of Wilcock, part one: The evolution of doing, being, becoming, and belonging." Occupational therapy in health care **28**(3): 231-246.

Hitch, D., et al. (2014). "In the footsteps of Wilcock, part two: The interdependent nature of doing, being, becoming, and belonging." Occupational therapy in health care **28**(3): 247-263.

Hopfenbeck, M. S., et al. (2016). "Discursive Tensions in Green Care - Communication, Collaboration and Policy Formation." Journal of Social Science Studies **3**(2): 133-148.

Kaplan, S. and M. G. Berman (2010). "Directed attention as a common resource for executive functioning and self-regulation." Perspectives on Psychological Science **5**(1): 43-57.

Kaplan, S. and R. Kaplan (2003). "Health, supportive environments, and the reasonable person model." American Journal of Public Health **93**(9): 1484-1489.

Kaplan, S. R. (1995). "The restorative benefits of nature: Toward an integrative framework." Journal of environmental psychology **15**(3): 169-182.

Kellert, S. R. and E. O. Wilson (1993). The biophilia hypothesis, Island Press.

Kogstad, R. E., et al. (2014). "Narratives of Natural Recovery: Youth Experience of Social Inclusion through Green Care." International Journal of Environmental Research and Public Health **11**(6): 6052-6068.

Kogstad, R. E., et al. (2011). Politiske intensjoner bak satsingen på Grønn omsorg, Høgskolen i Hedmark, www.hihm.no/ROGCS: 18.

Kogstad, R. E., et al. (2012). Håndbok for kjøpere av grønne tjenester; Inn på tunet, naturbaserte tjenester, Grønn omsorg, Grønt arbeid, Høgskolen i Hedmark: 60.

Leamy, M., et al. (2011). "Conceptual framework for personal recovery in mental health: systematic review and narrative synthesis." The British Journal of Psychiatry **199**(6): 445-452.

Levin, M. and R. Klev (2002). Forandring som praksis Læring og utvikling i organisasjoner, Fagbokforlaget.

Lund, I. E., et al. (2015). "Green Care From the Provider's Perspective: An Insecure Position Facing Different Social Worlds." Sage Open: 1-10.

Lundberg, K. G. (2012). "Uforutsigbare relasjoner. Brukererfaringer, Nav-reformen og levd liv."

Maas, J., et al. (2009). "Social contacts as a possible mechanism behind the relation between green space and health." Health & Place **15**(2): 586-595.

Maas, J., et al. (2008). "Physical activity as a possible mechanism behind the relationship between green space and health: a multilevel analysis." BMC Public Health **8**(1): 206.

Meld. st. nr. 34 (2012 -2013) (2012). Folkehelsemeldingen: god helse - felles ansvar. Oslo, Norge Helse- og, omsorgsdepartementet: 198 s. : ill. ; 130 cm.

Meld.st.nr. 29 (2012- 2013) (2012). Morgendagens omsorg. H.-o. omsorgsdepartementet. Oslo, Helse- og omsorgsdepartementet. **Meld.st.nr. 29 (2012-2013)**.

Nasjonale veileder. Inn på tunet - gården som læringsarena for barn og unge (2015). Oslo, Kunnskapsdepartementet, Landbruks- og matdepartementet,.

NOU 2011:11 Innovasjon i omsorg. Oslo, Helse- og omsorgsdepartementet.

Ottosson, J. (2007). The importance of nature in coping.

Ottosson, J. and P. Grahn (2005). "A comparison of leisure time spent in a garden with leisure time spent indoors: on measures of restoration in residents in geriatric care." Landscape research **30**(1): 23-55.

Ottosson, J. and P. Grahn (2006). "Measures of restoration in geriatric care residences: The influence of nature on elderly people's power of concentration, blood pressure and pulse rate." Journal of Housing for the Elderly **19**(3-4): 227-256.

Ottosson, J. and P. Grahn (2008). "The role of natural settings in crisis rehabilitation: how does the level of crisis influence the response to experiences of nature with regard to measures of rehabilitation?" Landscape research **33**(1): 51-70.

Schumpeter, J. (1934). The theory of economic development. Cambridge Mass, Harvard University press.

Searles, H. F. (1960). The nonhuman environment in normal development and in schizofrenia. New York, International Universities Press.

Slade, M., et al. (2012). "Recovery grows up." Journal of Mental Health **21**(2): 99-103.

Stene, M. (2013). Bestillingskompetanse inn på tunet - Steinkjer kommune, Trøndelag Forskning og Utvikling AS: 55.

Stene, M. (2016). Kunnskapsoversikt – forretningsmodeller Inn på tunet-bedrifter, Trøndelag Forskning og Utvikling.

Sudmann, T. T. and R. Agdal (2016). Hesteaktiviteter på inn på tunet gårder for rusfeltet. Bergen, Høgskolen i Bergen, Innovasjon Norge.

Sudmann, T. T. and K. Henriksbø (2011). "Kollektiv handling skaper endring." Fontene(12): 50-56.

Thompson Coon, J., et al. (2011). "Does participating in physical activity in outdoor natural environments have a greater effect on physical and mental wellbeing than

physical activity indoors? A systematic review." Environmental science & technology **45**(5): 1761-1772.

Ulrich, R. S. (1979). "Visual landscapes and psychological well-being." Landscape research **4**(1): 17-23.

Ulrich, R. S. (1986). "Human responses to vegetation and landscapes." Landscape and urban planning **13**: 29-44.

Ulrich, R. S. (1993). "Biophilia, biophobia, and natural landscapes." The biophilia hypothesis **7**.

Ulrich, R. S. (2002). Health benefits of gardens in hospitals. Paper for conference, Plants for People International Exhibition Floriade, Citeseer.

Ulrich, R. S., et al. (1991). "Stress recovery during exposure to natural and urban environments." Journal of environmental psychology **11**(3): 201-230.

Uzzi, B. (2001). Social Structure and Competition in Interfirm Networks: The Paradox of Embeddedness. The Sociology of Economic Life G. M. and S. R. Oxford, Westview Press.

Valkonen, J., et al. (2013). "Looking for the right kind of person: recruitment in nature tourism guiding." Scandinavian Journal of Hospitality and Tourism **13**(3): 228-241.

Williamson, O. E. (1985). The Economic Institutions of Capitalism. New York, The free press.

Williamson, O. E. (1996). The Mechanisms of Governance. . New York, Oxford University Press.



MØREFORSKING

MØREFORSKING AS
Postboks 5075
NO-6021 Ålesund
TEL +47 70 11 16 00
epost@mfaa.no
www.moreforsk.no
NO 991 436 502



Høgskolen i Molde
Vitenskapelig høgskole i logistikk



HØGSKULEN I VOLDA



HØGSKOLEN
I ÅLESUND
